

bokselskap.no, 2016

Olav Duun: *Løglege skruvar og anna folk*

Teksten i bokselskap.no følger 1. utgave, 1907 (Kristiania, Olaf Norlis forlag).

Digitaliseringen er basert på fil fra Nasjonalbiblioteket (nb.no)

ISBN: 978-82-8319-276-6 (digital, bokselskap.no), 978-82-8319-277-3 (epub),
978-82-8319-278-0 (mobi)

Teksten er lastet ned fra bokselskap.no

Olav Duun

Løglege skruvar og anna folk

Sogor

bokselskap.no

2016

[Um morgonen slik](#)

[Berre fiendar](#)

[Gamall kjærleik](#)

[Naar det vert nok](#)

[Inni fjorden](#)

[Hjaa bror sin](#)

[Fjellkragg](#)

[Guten i røyken](#)

[Han Lauris](#)

[Berre «verden»](#)

[Fyrste skuledagen](#)

[Midt i folkvegen](#)

Um morgonen slik

7] Det var det med han Jørgen, – han kunde vera retteleg ein hest til aa arbeida naar han vart til det sett –, det var det med han, at han *kom ikkje paa* nokon ting. Bannsett, um han saag det minste grand aa gjera, sjølv. Aa nei, det var *ei* som laut koma paa det og ha umsut for det, slik.

Ho hadde ikkje faatt stakken paa enno, ho Martine, – endaa klokka var sju no, og væl det, etter deira solmerke. Det var denne ungen, som ikkje var aa koma ifraa um morgonen slik; og so maatte ho ha ein kaffidroppe det fyrste som var, – han kunde rett koka bra kaffi no, han Jørgen, naar han berre vart til det sett; og so var det aa laga til aat ku og kalv og gris. – Og so var det aat fjøset med det same, hovudstups aat fjøset! Daa var han god nok, snart, den gamle raudstakken, aa kasta yver seg; og den blaa bunditrøya aat kallen var god og varm, um ho var liti sund.

– Sjaa no berre, no! Slik helgameess tosk, det Der stod han aa blaasveitta med den 8] der veita att, beint paa tvers gjenom dei andre veitorne, liksom dei aldri fanst der, – i turre ækra slik. Ja, no laut ho aat fjøset, *ho*, so han fekk halda paa som han gjorde, ho hadde mest ikkje tid til aa taka den dropen med kaffi som ho trong so inderleg væl, – ungen, han saug holdet av ho, reint og beint. – Og so den der fyrkja og, som ikkje var aa faa upp um morgonen» fyrr det vart kvelden mest! – Men um kvelden ja, daa ha ho ikkje bleikfeber daa, teksa. Men no *skulde* ho – – –

«Lassine!» Ho treiv eldtonga og kakka i loftet. «Lassine – di pork' der du ligg! No e' de' treddi gongen æ vækki dæ idag.»

Det snudde seg trøytt i ei seng paa loftet, og det hørdest eit svevnugt «ja.» Voggebarnet vakna med det same og tok til aa skrika. Ho rende burtaat og vogga hardt, so klokka skolv paa veggen. Noko var det stødt, stødt!

«Hysj, hysj! einn slekt da, ongi!»

Der kom det hund' ta, nokon! Kven var det rett som for og rak i gardarne slik, so tidleg? Det var visst nokon framandfolk, etter som dei vart der standande og fomla med døra; for ho var lett nok aa faa upp, naar ein var kjend med ho, – klinka var burte, men det var berre aa lyfta litegrand paa ho, slik. Ho laut sleppa vogga, – han fekk skrika, trollungen –, ho maatte ha upp døra. «Aa nei, e' de'

slike langfaranes folk ut aa fer? – Aa slik som her sjer ut!»

^[9]Det var han Johan Kælvhagan, ein gardmann utanifraa Strandbygda. Han steig inn, og vart standande. Han kom visst litegrand tidleg, var han rædd

– Han maatte daa setja seg! Det var no lite uflitt, slik, men det – – ja kor skal ein fara aat, naar ein har desse ungarne stedt, stødt!

– Sitja skulde han no ikkje. Han sette seg likevel, og vart sitjande. – Det var det og, sa han, – at det ikkje var flitt bra nok! Det var no morgonen, ikkje rettare enn han visste. Det var fire vindaugo paa stova, tvo i vest ut imot sjøen, og tvo i aust upp imot berget. Likevel var det myrkt inne. Ho saag det nok, naar ho hadde vore annan-stads. Det regnde og la seg dogg paa glaset utanfraa, og so dumba innanfraa; det nytta ikkje anna; og kongroa var grov til aa spinna yver rutorne. Golvet var maala, gudskjelov, men det hadde ikkje vore sopa i det siste, for ho hadde halde paa og lappa gamle klæde, og det heldt ho i golvet med, – det var greidast det, naar ho fekk leggja deim utyver der. Det laag ei brok der enno, med naal i, saag han.

– Var det underbrok, so var ho – ikkje av dei ljosaste. Bøter og fillor av alle liter laag det tjukt av burtetter.

– Det var det: um han var heime, han Jørgen?

– Jau, daa, han var daa heime, han.

Ho var uti kjøkenet, ho Martine, men døra stod uppe. Det kom nokon nedgjenom loftstroppa ^[10]og inn i kjøkenet. Straks etter kikka det eit trøytt og svevnbleikt gjenteandlit inn i stova. Han saag ein floke av raudt haar ikring andlitet og fram i det, og ei opi linning av ei gulgraa-kvit natt-trøya.

«Staa ikkj' der aa glaam paa folk slik, hi du hord! For dæ te aa faa i dæ kaffe'en, so du kainn gjæra nokko!»

Andlitet geispa og drog seg attende. Ho Martine kom med kaffi. Kaffikoppen i eine handa, fullskjenkt baade kopp og skaal og med fløyten i, sukkerkoppen i den andre, og han var ikkje heil lenger, – det var ho Lassine, teksa Katten kraup fram unda omnen og skulde strjuka seg litegrand, tykte vel det tok til aa lida noko; men han. vart trødd paa og sette i eit illskrik. – Helgameess katten og rett som laag under føterne stødt, stødt! Veslen i vogga skreik ikkje meir; han hadde vorte var naglen paa eine tumefingeren sin.

– Det var det, ja: um han kunde faa raaka han Jørgen?

– Jøss jau, det skulde det daa bli ei raad for; han Jørgen skulde han daa faa raaka. Men no skulde han ha ein sup kaffi *fyrst*, var meininga.

– Kaffi? – nei, det skulde han rett slettes ikkje ha, den her gongen ikkje!

– Men det var so leidt med det, at ho hadde ikkje brød attaat, – det var so langt aat handlaren slik.

– Pø, brød? Ho skulde no ikkje snakka lell.

[11] Ho kom inn med ein tri, fire paasmurte vaffelkakor og la paa bordet attmed, – ho hadde lagt duk paa framandbordet; tok so ein tallerk og la dei paa.

«Sjaa her no – sætt dæ hit! Værsaagod, no! De' bli' no paa vise' aa ja»

Han drakk kaffien, men rørde ikkje maten.

Ho bad han, – det maatte han endeleg gjera. Men han skulde ikkje, slett ikkje, den her gongen. – So var det det ja, um han kunde faa raaka han Jørgen daa; – han hadde so annsamt idag.

«Krytt skail' det varra!» bles ho, daa han væl var ute. – Men ho visste no det, at kaka var rein, var det det han gjorde snut for. Ja, sanneleg – var det ikkje eit haar i smøret paa den eine, eit langt raudt eit! Den fordærvelege Lassine! Ho skulde no elles undrast paa, um det aldri hende noko slikt i Kælvhagan ... Og korleis ho saag ut, det skilde ikkje han, – ho hadde anna for seg enn aa pynta seg for kvar ein trave. Men her vart ho gangande og sumla, kom seg sanneleg ikkje aat fjøset. – Men det var *hans* skuld at dei ikkje hadde kaffibrød. Aldri kom han paa nokon verdsens ting han, sjølv. Og no – no stod han der og prata no og la ut um dei der veitorne og alt det tullet der, med' ho maatte riva som ein bjørn baade tidleg og seint. Men no skulde han *ha det*, – dykede skulde han det ja, paa tverre flekken!

[12] Ho fór ut. Haartafsarne og bunditrøya flaksa ikring ho; stubbstakken naadde ikkje til knes lenger, slik fart ho fór med.

«Jørgen – kom heim straks, høyri du!»

«Ka de' e' no da?»

«Kom heim, høyri du! din – – –.» Og ho las upp aat han, so det var mun i det. – Kva fanken var det han tenkte paa, han som gav seg til aa standa der, – visste han ikkje at klinka var vækk utor kjøkendøra so folk kom ikkje korkje ut

eller inn? Eller skulde ho gjera det *og*? Og ved! – det fanst ikkje, mest, utan raa older ja, so vatnet rann av ho, – kanskje *han* vilde koma heim og koka med det han? Men slik var det alltid.

Daa ho kom inn att, stod Lassine – purka og klødde seg rundt ikring og gjorde ingenting. Det var skoreima, – det vart berre knutarne, den gamle, no snart. Trur du ho hadde det vitet at ho tok ein hyssingstubb Aa nei, ho var dotter aat far sin. Ja, kor skulde det bli med den gjenta. No var ho 17 aar, so nær, feila berre eit halvt fjerdingaar snart, og enno var det ikkje anna enn geispen og bleiksotta all dagen, og so aa renna ute um kveldarne – det var ho frisk nok til. Ho kunde ikke anna enn segja som det var; ho sa det visst dagstødt og, og fleire gonger um dag slik; men sjaa um det hjelpte. Berre bakvendt og besett, alt ihop!

Men no fekk det vera det same med alt anna; ^[13]no *maatte* ho aat fjøset; kyrne, dei rauta no, og grisen – grisen! han svalt visst beint ihel! Klokka gjekk til 9, men ho var no kanskje væl fløt. Ho kasta gamle raudstakken yver seg og batt han skikkeleg upp, snara eit svart bunditurklæde nokre gonger ikring hovud og hals, – det trengde ho so væl; og so bar det hovudstups aat fjøset.

Berre fiendar

^[14]Beinvegen oppyver bakkarne fraa kyrkjeledet til skulestova gjekk det ein gamallvoren mann med stav. Eit langt, gulgraatt og rukkutt andlit, med vatsblaa augo og store sure munnvikar; ein krans av gulgraa haar ikring det fraa hattebremen og ned under hoka. Paa ryggen var det ein liten arg kryl, men henderne hekk modlause nedmed sida.

Han tok beinast oppetter bakkarne idag, klokkaren, – «Ola-skulin» dei kalla. Aa ja, han var visst leid i seg sjølv idag, naar han hadde kome av i fadervaaret. Du kann vita – han, som var so smaasaar. Han skulde vera grøn innvortes, du, – aa jau, san! Dei kjende han sagt. Dei stod paa aalmannvegen nedfor bakken og smaatt saag etter han. Dei visste korleis han tok det, skruven. Aa, kar! han skulde vera grøn

Han var det.

Det var so altfor *godt* aat deim, det var det iser. Han hugsa enno kor smørblid han sat, han Lorns Jerming, nedi stolen framfor han; han sat greidleg og kraup

ihop og vart tjukk av gleda. ^[15] Som det var no ikkje rart daa. For no hadde han sete der i 14 lange aar og venta paa det, so aa segja. Stakars mann – han hadde rett gaatt faanyttes til kyrkja mangein gong og! Men den mannen som ikkje *kom* av ein gong paa 14 aar, under deslige omstændigheder, det maatte vera meir enn eit menneskje. Men det skyna dei ikkje noko av, mugen. Dei gotta seg berre, dei heldt fest paa at ein gamall – at ein mann kom av eingong i kyrkja paa 14 aar. Han saag, paa ein viss maate, kor ho Olme Reppe skumpa burti ho Anna Granem. Dei hadde vore skuleborni hans, baade tvo. Men det var mennerne deira; det var dei som egla deim upp. Alle «midler» maatte brukast i striden. Her galdt det aa slaa ned ein mann som hadde vorte deim for stor, ein som dei ikkje skyna, – som vaaga aa standa aaleine, praktisk talt.

Han stana uppaa bakken og saag utyver dalen, – hadde gaatt so fort. Han rette seg upp, studde seg med sida mot staven og stakk høgrehanda innpaa bringa.

Dernede budde dei. Dernede aat dei og drakk dei, dernede sov dei. Stakars smaa sjæler, san! Dei hadde ein glad kveld ikveld. Men, men, san: det *kunde* henda det kom ein annan dag! Det kunde snart henda ja. No i haust var det sju aar sidan. Varamann vart han verkeleg, og tingmann – det kunde han ha vorte so lett, san Han la seg ikkje frami det, paa ein viss maate; ^[16] det var det. Enno kunde det bli tale um det. Det fanst eit element i folkelyndet, iser i andre bygder, so aa segja, som drog meir til høgre, um han so maatte segja, eit element som saag at det var derinne, – han stakk handa lenger innpaa barmen –, djupast derinne at fridomen hørde til. Dei saag, praktisk talt, at parti var trældom, at program var ord. – Det *kunde* henda, eingong fram i tida Han var van til aa venta, han. For det var kleine vaapn dei bruka; dei dugde ikkje, beit ikkje!

Han fekk ei taara i høgre auga.

Deira vaapn kunde saara ja, men fella – –? Han gjekk med faste steg vegstubben burtetter moen til skulestova. Krylen var arg; men armarne hekk ikkje so modlause lenger.

Det lukta mat ifraa kjøkenet. Han gjekk gjennom hagen og inn stovevegen. Det lukta so godt ifraa kjøkenet, noko slag steikt. Burti armstolen slepte han seg ned. – So mang ein gong han hadde kasta seg ned her, naar han kom ifraa kyrkja, i 14 lange aar. Men idag, san, var det ikkje som fyrr. Fyrr var han so glad, alltid. Aa

ja, det hadde no elles vore mang ein strid daa. Men no hadde det hendt, so aa segja; no hadde dei faatt sin vilje fram. Han skyna daa det, at det gjekk den vegen. Kor kunde det anna nytta? Ein einsleg mann imot deim alle, ein kyrkjelyd som berre sat der heile aaret – og aar etter aar – og venta paa at han skulde misfara seg, at dei ^[17]skulde faa hogg paa han. No hadde dei det.

Var det anna aa venta? – Det var ikkje som fyrr nei. Ingen hugnad naar tausaa kom med maten, ingen hugnad i noko. Den store sylvlokipipa med perlesnora der burtpaa veggen, og alle dei andre heidersgaavorne ... det var det same kva han saag paa idag. Presten meinte det visst væl nok med ho. «Du trofaste kirkens tjener,» stod det paa ho. Men no? – Presten vilde trøysta idag og han; men han møtte ein som var for stolt, san

Huff! Han hugsa enno han Lorns Jerming, ordføraren, der han sat og saug paa skraa'a av berre gleda; – han saag det nok, saag det nok. Han saag meir enn det. Det var fraa han det kom, heile fanteriet. Guten hans – farkungen! det var *han* som kunde til det, praktisk talt. Det var slik ein eitel, at. Og ikkje som han hadde soget det av seg sjølv: nei, han var innbarka heimanfraa! Han sat der all dagen i skulen og kneip att eine auga og smaablunka; – skulde vera aalvorleg, jøss! Men, men, san: det var ein han ikkje skulde lura! Det var fint vaapn, det, det laut han segja: faa gutungen til aa sitja og gjera seg til i skulen dagandes dag, berre for aa erta ein gamall – – berre for aa erta ein mann som dei hadde imot. Fødd slik, guten? Aa nei, han var no ikkje sau, han heller. Der sat han og smaarørde lipporne; saag ein væl etter, so saag ein smilen i munnvika. Og var det daa rart at han ^[18]snaava litegrand i fadervaaret her ein morgonen? Naar den gutfarken stod der og smaamumla og blunka og las med

Det skulde nervar til, og mod, so aa segja, baade fysisk og moralsk, naar ein skulde bu millom berre fiendar livsdagen lang.

Han snaava litegrand, det var sant det. Men storparten merka det ikkje. Men dei som merka det – og det var akkurat dei argaste – dei gjorde seg godt av det, det saag han. Dei vilde ikkje læ, aa nei daa; men innvertes – Det var det der han kom til aa tenkja paa idag. Han saag Jermingen sat og tenkte paa det. Han saag og det, at han hadde fortalt han Karlsen det; han sat der attmed, han, og saag nedi hatten sin. Og so – – ja, var det anna aa venta?

– Pokkeren til folk! det sa han beint, – og nok var det av deim og.

Tausa spurde korleis det var i kyrkja. Han saag upp.

So Hadde ho ei teft av det, kanskje? Hadde Myrmo-kjerringa vore innum tru. Tausa var vel millom motmennerne ho og no, helst; det var likt til det. Ja ja, san Han vaska seg og bytte klæde fyre maten.

No, som det var, at det ikkje var anna hell bakteriar og smitte kor ein snudde seg, so trong ein vera reinsleg. So kom han paa det: hadde ho vaska pengarne han bad ho um? Gløymt av ^[19]det Aa ja, gløyma det kunde nok alle, so aa segja. Men ho *hadde* ikkje gløymt av det: det hørde hennar daglege gjerning til. Aa, no! – ho gjekk og smilte i skjegget Soleis ja! Det var sanneleg ikkje verst, ha fienden i sitt eige hus, um han so maatte segja. Det var det han kjende paa seg, han, at han hadde det. Han skulde elles berre tegja.

Men, men, san: han skulde halda storvask ein dag! Han skulde gjera reint i huset, so aa segja.

Han aat fort og sinna. Det var mest liksom han hadde ein av motmennerne paa tallerken; han stirde gloarg paa kjøtstykket og sette kniv og gaffel i det med stor hemnhug. Og han togg med dei utslitne, sylkvasse tonnstubbarne det han var god for; det var ikkje naade meir; dagen var komen. – Men so hugsa han det lortne stellet deira – berre subb heile greida, «bunnen blank binnen krank,» som dei segjer i utlandet – og bakteriane og tuberklane og alt. Daa sagtna han paa; togg ikkje so hardt lenger, det vaks i munnen. Og det var *der* slaget skulde standa. Det var det han vilde kasta seg yver, naar timen kom. Det skulde bli svipa i hans hand, som skulde læra deim kva dei var og meir til. Han timdest nok segja deim det, paa ein viss maate.

Han fekk taaror i baae dei vatsblaa augo.

I morgon den dag, praktisk talt!

^[20]Endeleg kom morgondagen. Han las fadervaaret høgt og stødt, – dei maatte endeleg ikkje tru --!

Og so fekk dei det alt i kristendomstimen. Det høvde so inderleg godt. Dei fekk det litegrand i reknetimen og skrivetimen og. Men det var no i sogetimen dei skulde ha det so det sveid. Han la ut um Halvdan Svarte. Han var einmennet, som dei ikkje skyna, han var den einslege store, som dei ikkje naadde jamhøgt med, smaafolket ikring. Han var stormannen som var framfyre si tid. Og difor – difor hata dei han. Men han foragta mugen; han spurde ikkje etter kva dei sa,

herket, tok seg ikkje nær av kva dei gjorde han, paa ein viss maate.

Men sjaa – pakket var innsett heimanfraa. Dei skulde ikkje lata seg paaverka. So lest dei som dei ikkje skyna. Jerming-guten sat og pirka med neglerne sine, han, litegrand berre, so det ikkje var aa tala paa, men so mykje, at ein skulde sjaa han brydde seg fanken. Dei andre sat og stirde tomt burti lufta, dei lest ikkje ha hug paa det der. Han saag blinken i augo Ein var det som kremta so stort og vakse – so smaagjentorne spratt i aa læ. Men han skulde ikkje koma av idag, det kunde dei --! Det hende av og til at han snaava yver eit ord, det hadde *hendt*, det hadde det, iser naar han stod og tenkte paa noko anna, liksom no. Tankarne sveiv so vide dei. Tenkte alltid paa ein tvo-tri andre ting ^[21] medan han tala, liksom no. Han saag seg harm paa so mangt. No var det ikkje langt att. Ordi rann so lett. Han kjende nok det var leidd – forargelegt ... tankarne sveiv, det var so bannsett aa sjaa paa den der guten. Men for det so --!

So lik far sin som han var

Han tok seg paa tak. Han kom til enden no, lagnaden retta ut si hand – og feide den store mannen, lagnaden sjølv. Det bar so til, so aa segja, at han kørde heim yver ein islagd fjord fraa eit gilde. Daa hende det, daa var stunda komi, paa ein viss maate. Isen for nedgjenom hesten, og –

Skraldande laatt yver heile klassa. Det for ein styng igjenom han: no att! No hadde dei, no Dei hadde nok fylgt med, var det likt til. Dei hadde sete og venta paa det. Ein kunde gjerne segja dei hadde drive han til det, beintfram.

So las han og teksten aat deim. Han hadde deim i si hand, enno daa, kunde han merka; ordi fall som hagl ifraa himmelen yver deim. Dei sat som dengde mus. Han sa sanninga aat deim, beint fram, baade um deim og foreldri deira. – Og med det same dei gjekk, sa han til Jon Jerming, at far hans kunde koma oppyver ikveld, han hadde nokre sanningsord aat han. Og Ivar-guten paa Andset bad han med inni kjøkenet som snarast – endaa det var han ikkje svært glad i, fulle som dei var av allslags sjukdomar. Det var ein geitost han hadde havt med idag, til gaava. Den ^[22] kunde han bera med heimatt; – han hadde sett gutfarken sat og log. Dei maatte ikkje tru dei kjøpte han med ein geitost, ikkje; det skulde dei ikkje meina paa. Det var berre han tok han med attende.

Guten sette halvgraatende burtyver moen med osten under armen, datt og spratt upp att i sinne. Borni fraa Støen sa han fraa til, at dei fekk halda seg ifraa

skulen for det fyrste. Dei visste daa vel det var barselheber mor deira hadde, gjorde dei ikkje det? – Jau --. Og det visste dei daa vel og, at barselheberen var den mest smittesame sjukdomen som fanst? – Ja – a. Ja, so var dei so bra dei heldt seg heime daa!

Og dei pilta av heimetter med bøkerne sine. Han sat ved vindauga og saag ut. Han tenkte mest paa aa senda attende pipa fraa prestefolket og; det var sanneleg ikkje langt ifraa det. Men det – kunde no kanskje vera det same – enno. Presten var ein bra mann og, han, paa ein viss maate. Det kunde vera, til so lenge. Daa vart han var det kom nokon hitetter vegen. Aalmannvegen gjekk nedanfor bakken, det var berre vegen upp til skulen og ein tvo-tri plassar; so det maatte vera nokon som vilde *han* noko, det der. Sanneleg, verkeleg: var det ikkje Jermingen sjølv, ordføraren, som var ute og for. Aa ja, det veit du ja, – han hadde bodsendt han! Det gjekk ein attum han og saag ned ... Andseten, ^[23]han Ola Andset. Han gjekk og bar noko under armen, – geitosten skulde du sjaa! Ja ja, daa. Naar dei kom, so kom dei. Hadde han endaa vore budd paa det Og so hadde han visst vorte gamall no

Han sat ihopsokken i armstolen, daa dei steig inn. – Ordføraren fyrst, breidvaksen og stø som han alltid var, og smaaøygd og klok. Det var desse augo, ja. – Andseten etter med geitosten bak seg og vorta paa nasen, – det var berre raudt skjegg, heile karen.

– Var det – framandfolk – ute og for?

– Ja, det var det ja; dei var daa ute og slong.

Det var Jermingen som svara, og so sa Andseten det same, – dei var daa ute og slong ja

Han skolv litegrand, – berre litegrand paa henderne. Den store stunda var der no, visst; det galdt aa standa som ein klippe. Han stod og studde seg med henderne paa ein stolerygg, stod og saag paa deim. Der hadde han deim for seg, so aa segja. Og han rette seg upp; han vart vis med at dei sat heller brydde.

«Naar jeg har ladet eder kalde, saa havde jeg, om jeg saa maa sige, min grund for det.»

Augo vart som blaasur mjølk, tykte Jermingen; dei rymde fraa den eine til den andre og so langt ut, upp til Wergeland i den gylte raama.

[24] – Han hadde sin grunn ja, og han drog iver med alt som brann derinne. Det vart langt, men det laut til. Stunda var der. Tilsist var han mest uviss paa kor han var og kven han var, – tykte halvt det var ein stor sal framfor han, andlit ved andlit, som vilde han til livs, men laut tegja. Hans ord fall som tunge svipeslag yver hopen; dei kjende sanninga og tagde. – Men so hadde han berre Jermingen framfor seg, som sat og drog augnebrunerne til vers, og Andseten, som sat og gruvla yver nasevorta si. Det var det same!

Krylen paa ryggen vaks seg større og so inderleg arg.

Han gjekk beint paa. I 14 lange aar hadde Lorns Jerming, ordføraren i bygda, vore hans beiske uven! Han hadde forfylgt han i stort og smaatt. Det var han som hadde – hm! som hadde – faatt han til aa koma av i kyrkja og, her igaar!

Jermingen kvakk upp.

«Nei, men kjære dæg, ka segj' du no læll! Nu hi æg da ikkj' haurd so gæli

– Trudde han ikkje han *saag*, kanskje, og skyna? Trudde han at han var ein *sau*? Han sat og der og gliste og smaablunka og venta paa det, gjorde han.

«Nei, men kjære søte! kor du te feil, mainn!» Han trudde no vel aldri det der? Og han maatte daa for alt ikkje til aa skapa seg gælen for slikt [25] smaatteri, han som var slik ein bra mann. Dei maatte ikkje bli uvener, dei!

– Det kunde dei so hjartans gjerne bli, for han kvitta det eitt. «Reis paa løkka!» sette han i og slog ut med handa, men kolna med det same og tagde. Snaava han no att Rart at dei ikkje log no. Men Lorns Jerming hadde reist seg og la handa paa oksla hans. Han lest ikkje som han gaadde; tala berre varmt og bedande ura, at det var ei ulukka um dei skulde verta uvener. – Han visste so væl at klokka hadde vorte sett attum, sumtid. Men det var ikkje hans skuld. Og var det berre det um aa gjera, so skulde nok han syna det i gjerning. Kor kunde han tru han var hans uven? Det laut han spyrja um.

– Han hadde verkeleg – tykt det Det hadde sett ut slik, for han.

Enden vart at dei tok kvarandre i hand Naar dei *vilde ha* fred, og bad um det ... so var ikkje han den som klødde etter hemn. Og litegrand rett kunde dei ha i det, at dei vyrde han alle saman, likevæl. Og det kunde sagte vera noko i det, at guten var slik, at han sat slik og smaablunka stødt, – ja, og so det, at han elska læraren sin og hadde hug til skulen –, kven veit? Det var no mest rart um han

ikkje gjorde det og, daa. Ola Andset var brydd der han sat; mest synd i han.

– Det var no den der osten, ja. Han flutte seg paa stolen og kremta. – Det var ei ringe ^[26]gaava; men han tok daa vel imot han, veit eg? Det var endaa borni som hadde funne paa det her i sumar; Ivar-guten og ho Ragna; dei tykte daa det skulde vera slik moro, det.

Andseten sat og flutte seg og la paa hovudet medan han tala. Det var vondt, verkeleg vondt.

– Jau, soleis, so – kunde han sagte taka imot han. Borni skulde ha takk, dei, paa ein viss maate. – Han hadde berre meint, at vilde dei ha *han* til fiende, so skulde dei faa det; han bøygde seg ikkje. Det var *det*, berre.

Det tykte Lorns Jerming var ein rimeleg ting; og Ola Andset tykte just det same: det var ein rimeleg ting.

Han fylgde deim ut i hagen. Stod og saag etter deim burtyver vegen. Han la armarne i kross, og krylen minka.

Oktoberkvelden anda fred yver alt. Halvmyrkret breidde seg yver dalen og innetter skogen, og stjernor kveiktest og glødde. Burti skogranda stod ei ung osp og skalv.

Han brydde seg ikkje um aa tenkja; han brydde seg ikkje um aa vera glad eingong. Livet var so forunderlegt. Det vart ingen klok paa det, san. Mot han hadde lagnaden vore hard; tornar og bakkar vegen lang. Dei hadde ikkje skyna han, – gjorde det ikkje enno heller, ikkje meir enn dei skyna stjerneheren deruppe, klotarne som sveiv i romet. Men han stod ikkje etter det heller. Yver deim, yver deim

^[27]Maanen stakk fram yver austfjelli. Han lyste yver skogen, la glans i rutorne paa skulestova; det var slik ein fager kveld.

– Aa ja, aa ja! Det var ikkje godt for eit menneskje aa vera aaleine.

Han gjekk inn att, glytte paa kjøkendøra og bad ho Nella, tausaa, koma inn. Ho turka av fingrarne paa forklædet, ein gresjeleg vane! og kom stiltande inn. Mest som ho var rædd, jaala. Han fann fram ein buttel or skjenken, risste paa han, med eit eige lag: jau, det fanst, det fanst! Tvo dramme glas kom fram, men dei laut vaskast væl, – ho hadde vel reint handklæde, hadde vel hangande i kjøkenskaapet, veit eg? – Jøss ja daa, det hadde ho! Han smilte: han skjenkte

ikkje framandkarane, maatte ho tru. Det gjorde han no *ikkje*, daa!

Det var sanneleg halvannan til kvar! Uff, no kom *dei* tankarne! Det var so altfor sant, so; det er ikkje greidt for menneskje aa vera aaleine. Ho sat visst nett med dei tankarne, ho Nella og, – ho hadde tent hjaa han i 8 aar no til jol. Men han gjorde som elles, – dei skulde ikkje faa det paa han –: han gjekk ut kjøkenvegen og læste døra millom stova og kjøkenet der tausa laag, og so gjekk han inn stovevegen att. So var han fulltrygg. Det var so rart med eit menneskje; det var no berre eit menneskje det. – Og ein lyt vera var um seg, naar ein bur millom berre fiendar.

Gamall kjærleik

[28] Han Johannes Vika, den slampen, for der ikring veggjerne og og smatt um kvelden, hørde dei. Kva han for etter, maatte han sjølv vita. Han var rettno so gamall og hjulbeint, at –; yver 40 aar visst. Det er so rart med det. Det maatte vera ei av tauserne han sigta etter. Skulde ein verkeleg tru det nytta, det daa? Tulltyet var gjerne so vande paa det. Han var ein bra kar, retteleg og, han aatte baade gard og grunn; ikkje saag han verre ut, heller, enn at det maatte ganga an. Dei var no berre fatige tausarne, baae tvo. Men sjaa, tulltyet

Han Johannes Vika meinte onnorleis, han. Hovstadmannen hadde ei dotter, Anne heitte ho, – det var dit han sigta. Han Per Hovstad og den kloke kona hans kom ikkje paa det. Men ikkje rettare enn *han* visste, so var gardarne like store, – naar Vika-jorda vart oppdyrka –, og pengar i banken var det ikkje paa nokon, men elles alt dei skulde hjelpa seg med. So nokon «taus-maag» tenkte han ikkje han skulde bli. – – Det hadde teke til eingong dei var yver fjorden paa ein fest.

[29] Han var aaleine til kar paa baaten. Ho sat i atterskotten, beint imot han; og heile tida med' dei rodde burtyver, sat ho og saag paa henderne hans. Ho hadde med mat i ein pose, og den bytte ho ut imillom deim, men det var visst, at storparten det fekk han. Dermed var syra seld. Det for retteleg som eld gjennom all hans krop. No skal du sjaa tenkte han; – no skal du tydeleg sjaa, lell! Dei hadde baat fraa Vika, det var endaa storfæringen hans, han som vart sund slege aaret etter stor-lemendaaret; ausande regn um kvelden, so liderleg, at; men han vart med deim paa veggen – det var ho og ei av tauserne – heilt fram til Hovstad;

det var fritt han var god for aa snu. Um kvelden heime –, ja det var sanneleg nettupp han ikkje la seg med styvlarne paa, so fortulla var han. Hadde aldri tenkt paa slikt fyrr, so

Sidan hadde det vorte verre og verre. Det nytta ikkje med nokon ting, fyrr han fekk det der ifraa seg. Han saag so mangt aa taka til med, mangt som trongst so overlag væl og; men det nytta ikkje, solenge han gjekk slik i uvissa. Det var difor han tok det liksom litegrand kvasst. Ein maatte ganga paa med mod. Ja, og so var det det og, det laut han vedgaa, at han kunde ikkje skikkeleg lata vera.

Det saag smaatt ut for han, mangein gong. Ho var for ung enno. Vitet plar koma med alderen. Og elsken kom vel og. Hadde han ^[30] ikkje visst *det*, so sanneleg hadde han gjeve upp, reint, for lenge sidan. Det var visst tauserne. Det maatte vera deim, geiterne. Kanskje han skulde ha gaatt etter deim? Han laut læ og. Det skulde han ha gjort, ja Difor var dei arge paa han. Berre bra det. Halda seg til vens med deim? Ja, det sa du ja! Han var no ikkje fødd finn og kasta hit i verda heller. Dei kunde gjera alt det fanteskap dei vilde. Dei kom no visst til aa tapa, var han rædd.

Det var ein steingard han heldt paa med. Kallen, far hans, brydde seg ikkje um anna enn steingard. Dei rotna ikkje, dei. Det skulde vel vera grummare med den der skigarden no. Skyna det paa Hovstad-kallen, eller det var no vel ungdomen, sønerne, som stod for det. Den eine skigarden lengre enn den andre. Men dei skulde faa sjaa. Beiskede, dei skulde faa sjaa! – Han vart smaatt arg og, – dei vart lette aa lyfta, steinarne. Han var no ikkje mergstolen enno, kjende han. Han var arg paa alt det nymotens som skulde vera so svært. Og paa Hovstad var dei ikkje minste kvisterne paa gor-tella. Kanskje fanken dei trudde at Hovstadgarden var *større* enn Vika-garden! Akkurat like store var dei. Men det var *det*, var det, at Hovstadgarden var so overlag oppdyrka. Det var so liderleg kor dei hadde klemt paa. Det var noko krytt, det og; skulde vera karar. Naar han fekk dyrka upp myrarne, han og, so skulde dei faa sjaa. Men det hadde ^[31] ingi hast. Fyrst laut han ha i eit kvinnfolk, som det var grein med. Elles: kallen – han var no ein arbeidsmaur, han og daa, og ein kar som forstod seg –, han let myra liggja, han. Han hadde vel si mening med det. Men var det um aa gjera, so dei maatte berre ikkje tru han gruva for det, nokon.

Han hadde slept spettet og stod og høvde upp steinen med henderne. Det

blauta han ikkje for, for han var smaatt arg no. Krytt skulde det vera

Det *var* tauserne. Dei la seg burti det, dei, sette vondt iho for han. Han hugsa i fyrstninga. Ho kunde ganga aa prata med han lange stykkje, naar dei gjekk ifraa kyrkja eller dei var ute og dreiv um sundagskveldane. So tok han seg mod for, og gjekk paa loftet. Han kunde ikkje merka det daa heller, at ho var so kry, just. Ja, han for daa fint fram òg daa. Men tauserne burti andre senga ... Han skulde vel ha sett seg paa sengegavlen aat *deim!* Han maatte segja som sant: han la seg ikkje i lorten, liksom uksen. Dei kviskra og log, sa dei saag maanen, og meir slikt. Dei var no lygn daa', for han hadde hatten paa. Men sidan, serleg i det siste, hadde det – vorte liten hugnad. Det hadde det. Som no den gongen han Iver Adalen var med. *Han* fekk sanneleg smetta seg ned og, han; laag so væl i armkrika hennar. Og tauserne dei log. Eingong jaga ho han beintfram ned. Ja, og so den gongen ho ^[32] hadde lagt eit kalvskinn i senga si – og laag burti hjaa tauserne og log.

Det var verst aa ganga heim, slike næter. Det var so fortærande tungt.

Han sat paa steingarden og mintest og tenkte. Andlitet var stort og tungt, med rukkor i panna. Han hadde svart krulla skjegg, men det hadde alt kvitna her og kvar, og det var so tunt, at ein saag kor kjakarne stod ut og lipporne brette seg. Men han hadde væne brune augo, godslege oftast, og tankefulle. Henderne hadde han knept ihop, mest som til bøn, – det gjorde han alltid naar han tenkte. Han hadde tjukke ljosegraa vadmelsklæde. No skulde dei faa skyts. Han hadde gaatt med deim i 5 aar no snart, og dei hadde gjort han baade til laatt og løjje mangein gong. Han heldt paa det som var etter kallen» far hans; men alt med maate.

Det vart daa endeleg ein vêrdag og, so det var uteverande. Det hadde rett vore berre rusk og svinver heile hausten. Men no, naar dei hadde rota i hus det som skulde inn, no vart det gjerne bra, skulde du sjaa. Det var gjernast slik.

Vika laag noko for seg sjølv utmed sjøen, opi imot vest, med bratte nakne fjellet yver seg i aust og berghamrar som armar heilt ut til sjøen i nord og sud. Utanfor laag det ei rad med holmar av same blaafrosne nakne fjellet som ikring garden, og livde for storsjøen i vestanver. Steingarden gjekk i ein halvkrins fraa strand til strand ^[33] rundt garden, som laag flat og vid innanfor, og brungul og vatssjuk, med ein krull av graa hus i midten – som eit kraakereid aa sjaa til ifraa sjøen. Utanum steingarden var det svart myr med store kvite steinar i, og so ein

brungraa lyngmo upp imot bergveggen. –

Han sat og saag ikring seg. Det var vakkert i Vika; anna kunde vel ingen segja. Himmelen var so blank utyver i vest, og sjøen med. Og so var jorda so flat og berget so fint ikring. Fjøra dernede var og so vakker, tykte han, so kvit og triveleg. Men det kunde koma so rart yver ein sumtid, ei eiga tyngsla. I styggvêr var det so si sak. Det var ikkje anna aa venta daa. Men i godvêret so vakkert som det daa var Ja, helst daa. Det var noko rart.

Det laga seg til kvelds. Nokre ljose blaa skyer vov seg yver himmelen derute, tunne, tunne. Sola gleid attum deim, og lyste like blankt mest. Og det vart so stilt. Det var denne stilla som var verst. Han kunde mest ikkje kjenna han var god for nokon ting.

Han sukka mismodig.

Det var so mangt aa minnast. Det kom att no. Det var ikkje fred aa faa. Han kjende det so væl paa seg, at han laut ut ikveld. Berre det skikkeleg vart myrkt. Det var betre likevel det, aa ganga ut ein tur, det visste han. – Og no kunde han gjerne ganga heim; for no vart det ikkje meir idag med han. Men kva var det ³⁴¹igrunnen aa ganga aa verkja for? Det maatte han undrast paa. Kva var det han ottast? Men det var slik. Inga raad med det.

Den kvelden ivaar, siste kvelden Enno sveid det. – Kven kunde det vera, tru, som kom setjande etter han? Han laut ut i myra, det var ikkje anna aa gjera med det. So vart eine laagskoen att, – den lorten! Laagsko skulde ein aldri bruka; det visste han no elles fyrr og daa, – kallen, far hans, sa det ofte, han. Men snu heim att for det, nei, so mergende, det gjorde han ikkje! Det hevde so svingodt den kvelden, for tauserne var i byen. Men *den* kvelden hadde dei stengt yterdera paa Hovstad, den einaste kvelden i heile aaret at dei stengde. Det var ikkje anna enn ein treff; men det var meinslegt nok for han. Att og fram var like langt, daa som elles. Men det var ergelegt. Det sat i han enno. Men korleis hadde det kome upp, lell, at han gjekk skolaus heimyver? Det skyna han ikkje.

– Nei, kva fanken var det no daa! Der kom ho Pælros, heimekua, setjande i firsprang hitetter vollarne, og ho Johanna, systera hans, slengjande etter i enden av tjoret, raud som kua i baade klæde og andlit. Der fauk eine treskoen av, – ho var greid slik, ho Johanna, ho bruka tresko med vika –; men ho slepte ikkje for det. Det bar yver ei opiveit; gjenta dreiv aat, men spratt upp att. «Paakers kua!»

skreik ho. «Dett svin der du e'. Dett naut!» Yver endaa ei opiveit bar ^[35]det. Der vart ho liggjande att. Ho hadde visst gjort vondt med seg nokorleis. Kua stana og bles i nasen som ein skræmd hest, – som ein hest var ho no og i all si ferd, denne kua. So bøygde ho hovudet mot jorda, slog det til vers att, risste paa det og sette avstad med eit tverkast; mulen beint fram, rumpa beint att. Toskhovudet. Tjoret stod ho Johanna att med. Ho var av det gamle Vika-slaget: ho slapp ikkje det ho heldt i. Det var elles skit han ikkje hjelpte ho aa halda kua, var det.

Aa nei, men kua var vill, du! Beiskede, kar! ho var reint ifraa seg. Høi der, sjaa rumpa! Han laut sanneleg læ. Den gamle bingsa der

Aa ja, slik kunde no ei ku taka det.

– – – Daa det var skikkeleg avdaga, smatt han ut.

Det verste som var, det var aa sitja inne soleis og venta. Det kunde ingen tru korleis det var. Dei skyna det visst heime og, kor forgjord han var; det nytta ikkje aa dylja det. Dei skyna visst kor han skulde og. Lukka paa reisa! Han gjekk oppyver laavebrua, hoppa ned i stallporten og for ut gjennom ei bakdør. Dei skyna det nok endaa; men det saag liksom litegrand likare ut.

So vakkert som i Vika var det visst ingenstad. Enn myrkret var blaagraatt daa! Og sjøen utyver, han var som det klaaraste sylv. Det var slik ein rar fred her, yver allting. – Skulde ikkje ^[36]eit menneskje trivast her, um det so var eit kvinnfolk, so visste ikkje han det.

Endeleg var han der. Han tok snart til aa kjenna dette tunet no, og dette huset der. Han sveitta. Rart og, det var det visst og sant: det var ikkje fred aa faa fyrr han stod her, – men her var det gale tilgagns. Der var døra. Der var vindauga. Det sov alt paa garden. – – Han stod ei stund attum ein kvistdunge. Saag paa klokka alt i eit: ho gjekk ikkje, pikka berre, – for no hadde han staatt ei lang stund. Det fekk visst vera, enno ei tid. Men det var sanneleg ikkje so beint det heller.

Desse husi Kvifor stakk dei han so for kvar gong? Det var daa vel inga sak aa setja upp store hus, naar ein vilde laana? Og naar dei var nye, laut ein maala deim, det var greidt. Men det var verkeleg sant: for kvar gong han saag deim, so stakk det. Aa, det skulde vel bli hus i Vika og. Var det husi det skulde ganga etter, so. Men han hadde rett trutt ho hadde meir vit enn som so. Men det var likso snart det, at ho trudde han var slik ein rivihel til aa arbeida og slik ein hardhaus

at han ikkje var verande ilag med. Men tilslut maatte ho daa vel tydeleg sjaa, korleis han var. Ho skulde faa slike dagar, at. Han skulde bera ho paa henderne.

Det skulde han syna ho!

Dermed steig han fram og gjekk yver tunet.

[37] Han fekk mod, naar han tenkte seg um. Han kjende det paa seg, at han skulde vinna. Kanskje det alt kunde bli ein vending denne natta. Um ho berre visste, san ... Han var varm all igjenom; var ikkje det minste utrygg.

Døra stengd!

Jau, ho var stengd. Kor det søkk i han. Han kom ikkje der!

Daa han hadde sete ei stund, voks det fram ei lita von. Han steig upp og gjekk kringum nova. Deruppe var glaset. Han fann ein neve sand og kasta upp, og endaa ein. Sanneleg var det nokon uppe. Han kasta ein gong til, og venta. Du skulde sjaa ho kom og let upp likvel. Der var det nokon ved glaset, visst, og so burt. Ho kjende han vel. Det vart so rart, so rart skulde han verkeleg tru Du snilde Anne.

Ei stund etter var han paa heimveg.

Noko slikt hadde han aldri i sitt liv vore ute for. Det hadde han ikkje. Ikkje som han hadde tenkt det kunde skje heller. No visste han daa endeleg kva ho meinte. Han trong ikkje ganga der lenger og illsykjast. Det laut vera slut rett no. Kunde so gjerne ha gaatt paa sjøen for den saks skuld, paa svarte sjøen og. Det vart eingong nok.

Han var vel helst berre ein tusseladd, som ho ikkje saag seg syn for. Men var dei so mykje likare, dei andre daa? Ja, kanskje. Det var det vondt aa tenkja paa, men. Det kunde elles vera [38] det same, sa han arg, og det seig som ein saar styng for bringa. Dei kunde vera kva dei vikle. Han gjekk heim siste gongen no. Skulde ikkje ha slikt traktment oftare. – Fyrst, med det same han fekk svineriet utyver seg, so tenkte han daa berre det var eit mistak. Men so hørde han dei log, og ho ikkje minst. Daa forstod han. Ho skulde ha takk, anten det so var vaskarvatn eller noko verre. Ho skulde ha takk! Heretter skulde han spara seg mykje renn; det skulde bli godt aa sova um næterne.

Alle desse næterne Han vart saar og mjuk att, kjende seg so hjelpelaust liten og aaleine. Her hadde han fare

Han la ein krok paa vegen, yver Skarlægda. Fjøra var so stygg, nattestid. Mullinga av baara høyrde han lell, og det grøssa i han; men han slapp aa sjaa storsteinarne utpaa bukta. Dei var verst. Retteleg som store, svarte trollhovud. Det lyste grønt av deim. Stakk upp utor sjøen og leira og saag ikring seg. Saag ein paa deim, so kom dei symjande til lands. – Eingong laag det eit sjølik utpaa der. Det flotna naar sjøen flødde, men vart liggjande att naar han fall um morgonen. Den natta var han ikkje ute og for; men han minstest det kvar gong han saag fjøra um nattens tid.

Med husi heime stana han. Det var liksom han anda ut.

No var han væl og vakkert heime. Og no ^[39]skulde dei faa lov aa turkast, klædi hans, fyrr han la iveg att. Han hadde fare og kaldsveitta mange næter nok for denne – – – førkja.

Det var sundagskveld, sumaren etter. Ungdomslaget heldt utlodding paa Dalset, og han tykte det kunde vera rart aa sjaa dit, – kva det var dei hadde for seg. Han hadde faatt nye klæde. Dei kosta utrueleg; men so kunde det snart vera nokon som hadde godt av aa sjaa han i slik bunad og, eingong. Ho Beret-Anna, tausa, sa han vart spilder flunkande ny. Ungdomslaget – slik lort, det brydde han seg ikkje tæren um; det var greidt aa skyna at det kom ikkje noko ut av det. Men det skulde ha vore moro og sett dit.

Han kjende seg litegrand stiv og brydd i den nye fine klædnaden og kragen. Og so var det noko anna og – det var sanneleg forgjort og du: *idag* hadde Hovstadgutarne berre vadmelsklæde paa! Og han saag so tydeleg kva dei tenkte.

Ja, ho og, sjølvsagt. Men so kom ho og helsa og var so reint blid, vilde ha nummer av han. Det kunde ikkje vera skøy, dette, som ho saag paa han, det fekk han seg ikkje til aa tru. Ho tok vel til aa sjaa, no, at ho hadde fare gale. Daa Hovstad-folket gjekk, passa han paa og fylgde, han skulde no same vegen. Og han heldt seg frammed, so godt raad var. Det var sanneleg ikkje uvonslegt i kveld, ikkje. So nær paa aa sleppa trua som han var her. Tosk hadde han ^[40]vore. – Tauserne gjekk og gjorde seg til og var leide. Det akta han slett ikkje paa. Katteskrig, det Daa var det heller verre, at han Ivar Aadalen fylgde med. Kva var det *han* fór og gjorde seg kry etter; som ikkje aatte skjorta paa baken? Det laut han sanneleg undrast paa.

Nett fyrr dei skildest paa Hovstad-tunet, fekk han høve til det, – spurde um

han fekk koma uppaa loftet aat ho ikveld, det var noko han skulde ha sagt ho. Ho drog augnebrunerne høgt upp og stirde forundra paa han. So sa ho:

«Veit dokk, ka 'n Johannes segj', dokk? Han vil komma oppaa lofte, aat mæ ikveld, segj' 'n. Men vi hi da vesst inga traktereng aat 'n?»

Ho log ikkje, drog berre augnebrunerne høgt upp og saag klumsa paa dei andre. – Han vart so veik i knei, mest liksom føterne ikkje vilde bera han. – Men log ikkje ho, so var det dei som gjorde det, høyrdest det for. Dei hadde nok høyrte heile greida; han Iver og. Daa rette han seg upp og la henderne paa ryggen.

Dei skjenkte visst av det dei var sterkast paa, sa han. Dei heldt seg visst for noko til karar her paa garden, kunde han skyna, noko stort. Men han vilde berre fortelja deim det, at han bytte ikkje gardar med deim. Det kunde dei eta lort paa. For kva sak var det aa faa garden stor, naar ein vilde dyrka upp myra? Og kva kunst var det aa maala paa husi litegrand? Han maatte mest læ og!

[41] So gjekk han. For det var ikkje høyrande, kor som var, det dei kom med.

Men no skulde det bli ei raad med husi heime og ja, og med myra. Fanken han rett inderleg! no skulde ho upp, der ho laag. No hadde dei faatt han sinna.

Og so vart det vel ei greida med det meire og, etterkvart. Det trudde han verkeleg. For det *var* tauserne – og brørne. Ho var ikkje skuld i det.

Han sagtna paa, daa han kom yver Høgbrekka og saag heim. Han stana og kveikte paa pipa. Det var harmelegt – og det gjorde vondt; men sinna var han slett ikkje. Det var berre tull. Ho fekk vel vitet snart ho. For Vika-garden var akkurat like stor som Hovstad-garden. Berre det, at Hovstad-garden var so groveleg oppdyrka og oppbygt. Ho gav seg vel.

Og det var av det gamle Vika-slaget i han: han slepte ikkje det han heldt i.

Naar det vert nok

[42] Dagen laag og myglast og skynde derute, ein skoddesur ettermiddag utpaa seinhausten. Vollen burtetter fraa skulestova laag kvitgul og vatsfull, yverstrøydd med gulbrunt bjørkelauv. Lenger burte stod skogen, svart, naken bjørkeskog med ein raudbrun, frosen rogn her og kvar.

Ho hadde slept borni og sat og sturde. Enno dunde det i hausen hennar av 30

par trampande føter, og enno sat lukta fraa skulestova for bringa. Ho fraus, hutra og hiksta og var vali paa henderne. So hadde ho lagt i omnen, men fekk vondt i hovudet av det og laut upp med glaset. So strøymde den raa lufta inn, kald liksom skodda og snøslapset som laag i fjellom.

Aa javisst var det so lell; ho kjende det no. Ho var blodfatig. – Dokteren sa ho skulde ikkje halda skule. Det kunde han ha rett i; ho hadde tenkt paa ein lang tur. Men han blunka og saag paa ringen hennar; det var det han tenkte paa. Uff, kor leid han var, som muselort, beint fram. Gifta seg no – jau, det saag ut. Her sat ho med 400 krunor i skuld enno, og ei klein helsa, – og ^[43]so det, at det baud so inderleg imot elles og, sumtid, – ho var ikkje skapt for ektestandet; det fanst ikkje hug skapt i ho til slikt. Og der gjekk han i meieriet der sørpaa og fekk ikkje ein skilling tilgode mest, so dyrt som alt var der. Ja, stakars gut, han var for god av seg; foreldri kunde ha hjelpt han. Berre han bad um det, so fekk han klæde; men det skulde du aldri meina han gjorde, fyrr so –; foreldri skulde sparast. Ja ja. Dei greidde seg nok, kvar for seg, solenge dei stræva paa kvar si vis.

Ho heldt paa og gjorde upp varme i omnen att. Glaset hadde ho stengt. So sette ho seg i ruggestolen og lydte etter um det vart so det brann. Jau, sant for dyden! Det bura og brann, so det var hugnad i det, spraka og log. Smaatt um senn tok det til aa verma; og det gjorde so godt no. –

Dei greidde seg fint, kvar for seg. Ho fekk ein fjorten dagar skule attaa iaar, – handarbeid med dei større gjentome; det gjorde snart sin mun. Ho skulde kjøpa han ein ny regnfrakke, trudde ho, for dei pengarne. Nokon helsetur var det ikkje sagt det vart med ho. Daa skulde han bli glad.

Ho la seg attyver i stolen og stakk henderne under hovudet. Det drog seg ein smil yver andlitet. Det var ikkje so kaldbleikt lenger, og munnen var ikkje so fast. Men panna var bratt og tung.

^[44]Han var so snar til aa verta glad. Det skulde ingenting til. Iser naar det var ho. – Kararne var jamt slik. Det skulde mindre til aat deim baade paa den eine og den andre maaten. Ho hugsar ein gong dei var ute og gjekk, ho tok og kysste han. Stakar, han fekk augo fulle av taaror, takka so mjukt Det var slike smaating som gjorde at ho kunde elska han. Ein kunde verta varm all-igjenom, naar ein mintest det. So fekk han vera som han vilde elles –.

Det banka paa yterdøra. Ja, det var sant: postmannen.

Det var so søyla rann av han, daa han trødde inn i gangen, og han slo hatten imot kneet, so snøslapset skvatt av han. Blaafrosen var han baade i andlitet og paa henderne. Det grøssa i ho: slik var heile livet

Han hadde eit brev idag og, rektig eit kjærastbrev, berre han var god for aa faa det fram. Der var det! Han fomla i det med dei valne fingrarne.

«Det maa vær' rekti ein gullgut Di har, frøken; han skriv med kvar einaste post.»

Ho svara ikkje.

Det var fraa Aage ja. Det kunde mest ha vore det same, um han ikkje hadde skrive med kvar einaste post. Det tykte ho. Og so var det det-der evindelige att: at dei skulde gifte seg snart. Han trudde han kom og tok ho, sa han. Tull! Tilsist kom det eit stykke. Ho las det uppatt. Jaso. Han trudde han skulde faa tvo ^[45]hundrad kronor i paalegg paa løna. Dei visste han skulde gifta seg snart. Og husromet skulde dei til aa gjera noko med, so snart vaaren kom. Som rimelegt var, – ein meieristyrar kunde daa ikkje ha kona si burti gardarne, paa legd. Jaso. Han hadde sagt dei skulde gifta seg snart. Han gjekk og trudde so bergvisst, endaa ho hadde sagt nei. Det var ikkje fyrste gongen.

Det hadde slokna i omnen. Laag berre og saud og peip i ei raa skida som var att.

Og so skreiv han seg reint heit um kor koselegt og godt dei skulde faa det i alle maatar, og kor vondt han hadde det no. Han sleit og lengta, sparde og lengta. Men sidan skulde det verta sumar.

Ho orka ikkje kveikja i omnen meir, og ikkje brydde ho seg um aa kveikja lampen. Ho sat ei stund og hadde det vondt, og daa det vart for hustert, kraup ho i seng.

No kjende ho det betre enn nokon gong, at ho ikkje var frisk. Blodfatig baade paa sjæl og likam. Det var so vondt aa vera til; ho hadde ikkje kraft til nokon ting. Og so kunde han skriva slik. Som han ikkje visste korleis ho var.

Men ho fekk ikkje sova. Um ei stund sat ho ved bordet og skreiv so det hagla burtyver papiret. Ho hakka tennerne, og det sat som ein kuldestyng gjennom ryggen; men ho var igrunnen so varm no. Det gjorde godt aa faa skriva. Ho var so klaar yver allting no, og hadde mod ^[46]og kraft til alt. Livet var daa aalvor, det fekk ein minnast; og kvar fekk ganga vegen sin sjølv, slik som det var meint. – Og

kva skulde han med ho? Ho visste ikkje um ho kunde vera snild mot han eingong. Bilætet hans stod framfor ho paa bordet. Han saag aalvorleg paa ho.

I grunnen hadde ho aldri likt han, slik som han var der. Det var noko – sjølv godt ved han; det var berre han aaleine, stor og sterk og god alligjenom. *Ho* var ikkje skapt til aa fylgja han.

Og ho skreiv. Det letna, daa ho hadde faatt sagt det. Ordi kom strøymande med slik underleg magt og laga seg so viljugt til; og kvart eit var ein stein velt ifraa hennar hjarta. Ho kjende paa seg, at han vilde tykkja vondt um ho. Aaleine og sjuk heile livsdagen lang og tung ... Kvinnesjæl, kvinnesjæl. Kanskje det vilde ganga som ei baara av medkjensla gjennom han, naar han skyna kva for ein løyndeheim av allslags liding det var. Det blødde og brann; alt som ungdom og livsens von heitte, so græt det sin saare graat. Men det gjorde ingen ting. Ho skulde lida sitt liv til endes. Klagen skulde ho gøyma hjaa seg sjølv. Fraa ho var barn og vart brend med skammi av ein far, som rømde for brotsmannsverk, so hadde det runne mang ei taara. Ho var fødd til aa lida. Ein tung lagnad hadde vore hennar voggegaava; ein saar hug hadde vore hennar fylgjesvein. Det skyna han kanskje no. Ho skreiv att. Vilde berre spaa, at den dag ^[47]kom nok, daa han takka ho i si inste sjæl, fordi ho drog seg burt. Ikkje skulde den ramnevengen naa han, som ho kjende veiftinga av. Og kor som var: ho vann ikkje meir, kunde ikkje lenger! Daa brevet var ferdigt, forseгла ho det og la seg att. Ei stund laag ho vaki og drøymde. Av og til kom det ei taara.

Livet var so vand ein leik, det. Men ho skulde ikkje klaga. Han vart kanskje tunglynd, han og, naar han fekk dette; men det laut so vera. Ho skulde ikkje ha noko av denne lukka han skreiv um, laag ho og sa med seg sjølv. Daa ho sovna, drøymde ho so vænt um at ho var daud og lagd i kista. Blomar var det fullt av, og folk som gret. Orga tona, og klokkorne dei klang.

– Ho gjekk og undrast um dagarne. Korleis, tru, tok han det? Stakar, det vart no vel helst tungt, dette her. Aa ja. Men han tok igrunnen ingenting tungt, han. Han Aage. Han hadde ein lett hug. Berre han ikkje kom setjande og tok ho? – Ja ja, so fekk det vel verta slik daa, i Guds namn, at han tok ho. Eller han skreiv og bad. Jaja; ho fekk no sjaa. Men han skulde ikkje ha vore so braa paa det; og so viss. Det vart so lenge fyrr han skreiv. Den fyrste vika gjekk, og den andre. Det gjekk langt paa den tridje. Var han furten, tru, – fornærma? Kanskje det var

berre han det var vondt for? Men stundom, imot kveld, naar dagen folna derute, [48] og stormen sukka yver huset, tenkte ho paa han med saar hug. Aage, Aage ... var det tungt for han no? Han Aage

Laurdagskvelden endeleg, yver tri vikor etter ho skreiv, kom det brev fraa han. Postmannen ropaa paa langan leid: «Brev fraa 'n, brev fraa 'n! No gjer'n de' forbi!» Kor lutleid han var, denne postmannen! Slik var dei, alle ihop. Det var *dei*, sjølvsagt, som gjorde det «forbi». Berre skraal. Slik var ikkje *han*, igrunnen; det maatte ho segja. Han hadde berre litegrand av det, litegrand. Alle desse andre: dei kunde reint taka livet av ho. –

Men det sat so' underleg ein styng for bringa. Brevet

Det var postlagt i byen. Det var visst ikkje mange ordi, kjendest det for. Ho hørde, kor hjarta hamra, daa ho braut det. Det var so tunt, brevet «Sjukestova» stod det yver. Ho tok seg paa tak og las. Ho skulde nok

«Gyda!

Det bar hit med meg; eg laag her daa brevet ditt kom. Eg skulde upp i fjellet ein tur. Men det er best aa byrja framanifraa. Det er mest som med Job.

Det kom brev fraa deim heime, at det stod gale til. Far og Hans hadde kome burt paa sjøen. So var det eitt aa gjera for meg. Mor var sjuk, og ho Anna har aldri vore noko tess: eg laut [49] fara heim straks. Fekk mann i staden min ein maanads tid eller tvo og skulde avstad. Men det vart stopp. Det var nokre pengar, ikkje so lite heller, som var burte; og eg var den som hadde andsvaret. Dei er burte, det ser eg og, – kasseraren har ikkje faatt dei –; men kvar dei er, det maa Gud vita. Det ser ut som dei skal vera stolne. Og eg vart skulda for tjuv – det hevde so bannsett med denne braae burtferda og, daa. Det var ein fæl sjau; det stilna fyrst daa dei fekk dei kronorne eg hadde spart ihop, det var ikring iooo. So var det eg gjekk upp i fjellet ein kvelden, laut lufta av meg noko «hu-illt»; vêret var so godt, og eg trong det so væl. For so og vasa, til eg rulla nedyver ilag med ein stein, det er so hengjande bratt her; so braut eg av eine foten min, – eine handa fekk og noko. So førde dei meg hit. Det var ikkje so faarlegt endaa. Javisst var det vondt; eg torer ikkje

segja, at eg heldt modet uppe alltid; eg gret visst sumtid ura næterne, – gret for deg – og trøysta meg med deg.

So har eg ikkje stort meir aa fortelja deg. Eg tolde so langt mindre enn eg tenkte. Det vart nok aat meg, daa brevet ditt kom. Eg tenkte fyrst paa aa fara til Amerika. Men det vert no ikkje for det fyrste. Det er foten; det er ikkje sagt han *vert* heller; og ein krypling gjer ikkje der noko.

[50] No maa du gjera meg den tenesta, at du ikkje tykkjer vondt um meg, og so maa du ikkje skriva meir. Eg orkar ikkje meir. Eg er ingen Job. Du fær berre ha det so bra. Aage.»

Sundagsmorgonen var det blankt ver. Ho klædde paa seg og gjekk upp i høgda. Det var so rart med morgonen; ein kunde tenkja meir rolegt daa, og alt letna. Det hadde det laget. – Ho skulde upp i aasarne, langt inn-i skogen, aaleine; ho skulde setja seg der ein stad, millom lyng og mosegrodd stein. So kunde det verkja som det vilde.

Ho vart forundra yver kor roleg ho var no. Natta, og alt som hørde ho til, var so langt burte. Ho skulde slett ikkje til han og tigga um tilgjeving, skulde slett ikkje liggja ved barmen hans og graata ut. Det gjorde so godt aa lata vera. For det var just det tyngste, det; det var difor det gjorde godt.

Haustsola lyste lint yver aasarne. Det steig fram ein stor, blaa dag. Klar, rein luft i det endelause. Det log av solgull millom trei og yver lyngen; det giddra i fjernblaa draum yver snøfjelli og sjøen. Lengsel og ljøs kvar auga vanka; vænleiksdraumar. Og fred yver alt som døydde.

Det var ein liten dal med unge tre langt inn i liderne. Der sette ho seg i lynget. Ho [51] skulde heilt upp paa høgda, men fyrstundes vart ho sitjande der. Ho skulde nok lida seg igjenom det med tol; maatte berre graata litegrand no fyrst. Ho sat og gret i henderne, orka ikkje upp med lummeduken.

Inni Fjorden

[52] Fyrst ber det inn imillom svarte fjelli ein fjordungs veg. Det er baade krokut og smalt, ein skulde ikkje tru nokon fann vegen inn her; men det er no ikkje so gale daa, – silda finn no iminsto vegen um haustarne. Og det ser ut lite grand

nifst, kanskje, for den som fyrste gongen fer der, for det er styggeleg bratt paa baae sidorne. Men det er ingen faare, gudskjelov; – det maa dei vita som har havt vegen sin der aar ut og aar inn, slik som han Erik Lyder. Lenger inn er det breidare vatn og laagare land paa sidorne, med skog av all slag. Der staar timberfuruua heilt ned til fjøra so kvistrein og diger, at, og grana so bein og fin som talgljos. Retteleg fin skog.

Derinne ligg Fjorden, tvo bra gardar. Slette gjordet gaar upp fraa sjøen, med skigarden midt etter og sjøveg paa baae sidorne fraa nausti og heilt upp til gards.

Husi paa eine parten var nye, – dei hadde halde paa so fælt med husi der dei siste tjuge aari; paa andre parten var dei meir gamallvorne. ^[53] Det var der han budde, han Erik Lyder, og *han* vørte ikkje husi noko; la seg meir etter fortienesta, han.

Han Erik Lyder kjende dei gjernast, folk utantil ifraa bygda. Ikkje so, at han var so vidfarande, just; – det kunde einast vera um det var sild paa ferd, for daa var han allstads, daa var han liksom maasen, daa. Men dei mintest han, naar dei hadde set han; han var slik. Laug gjorde dei sjølv sagt, naar dei fortalde um han; bygda var so fatig paa slike; men ein skruv var han, i mangt, det maatte dei segja. Ja, som no med husi. «Rør – rør dæm ikkj'!» sa han. «Læt dæm stand', stand'. Fer e' du so oløkkeli, æt du byinni med dæm, so rotna dæm ne' over dæ fer du veit orde' taa. So du te aa bygg' igjen,' te aa bygg' igjen. Arme saal, dæm syg bloc, bloc taa dæ!» Daa var han øvst upp i tonarne med det sprukne maalet sitt; yverlippa var langt framum den andre, og augo stod som spikarhovud i hausen. Og likeins med jorda. Steinen, steinen, sa han. Lat han liggja. Han et ingen mat der 'n ligg. Men er du so ulukkeleg du bryt upp *ein*, so har du ti i staden, ti i staden. Og det svor han grønt paa, fortalde han Litle-Nils burti andre garden, at graset treivst ikkje, naar steinen kom burt. «Og potetes'n, einn potetes'n! Hainn – hainn e' akkorat søskjenba'n me' smaastein.» Difor var det og stein ved stein yver all hans jord, ifraa fjøra og heilt upp til skogen. – Men det var no ^[54] so med han Erik Lyder: han laag meir etter fortienesta, han

«Burti garden» var det so si sak: dei laag heime stødt og grov. Slikt kunde han ikkje forstaa. Aaret rundt, aaret rundt. Og endaa klara dei seg. Det var no visst paa ein stakars maate; det er fult naar ein skal pina pengar ut av jorda. *Han* hadde havt pengar millom henderne, han. Enn i femogsytti og seksogsytti og dei

tri aari! Men daa var han tosk, tosk: han la deim i notbruk. Han maatte daa ha skyna at Vaarherre var imot slikt som berre vilde øydeleggja silda. So det vart berre tapet av heile fortienesta. Men han hugsa enno kor brydd han var for aa klara seg dei tri aari, dei tri storaari paa sjøen, kallen burti garden. Enn han maatte til byen med baade smør og ost, baade smør og ost, for at han kunde klara utgifta! Daa maatte han jamen flir'. – Men det var inga sak aa faa til *hus*, naar ein laag heime heile aaret rundt; det var sant. Han vilde ikkje taka seg bak for den kunsten. Og jorda trong ho var slett og fin, naar ho skulde svara utgifta for deim. Det trong ho riktig, riktig!

«B-be'redæm, vesst silda kom! Da skoill æ fesk auan utju hue paa dæm.»

Eine vindskida paa stova hans hadde falle ned paa ytre kanten, so ho hekk etter ein spikar og slong frammed glaset. *Det* skulde han snart kurrera ho for. Han skulde smetta burti garden og laana seg hamar og spikar. For det var so [55] stilt paa sjøen i haust, enno daa, so reint stilt, og i skogen var det svart, fanst ikkje fugl. Det skulde elles vera rart, tok han byrsa ein dag, um han ikkje skulde syna deim burti garden noko. Dei laag og klønte og hogg, dei, fór og leita ut gamalltrei, som skulde vera til frau aat skogen. Skaut han *ein* tiur ura ikkje meir ... Han hadde og selt av skogen, men det var teigar, det, rettskafne skogteigar; han fór ikkje og plundra ut vedfamnen i byen.

«De' – de' – de' skoill-ha-kommi storfauggel, storfauggel, liksom non aar før ...»

Men daa han kom ut, – det var denne vind skida som skulde rettererast –, so saag han kararne burti garden stod paaklædde, liksom dei skulde paa tur. Det var daa rart, det, tykte han, paa denne tida. Det var noko dei stod og raadla um, og so for dei nedaat sjøen so eldande fort. Han gjekk framum nova; det der laut han sjaa.

Jau, so besk – – det var silda, kar! Han Litle-Nils kom rennande utor naustet med ei heil byrd med garn, og til aa hurva og greida inn i færingen.

Erik Lyder gjorde eit hopp, og so var han inne. Ho Beret-Marja saag det straks, at no var det noko.

«Si – sijlla, sijlla!» stama han.

«No? Sijlla? Kor hen?»

«Paa Oksvikan, Oksvikan, kainn-du skjønna! Ein matbit, Beret-Marja!»

^[56] Straks etter strauk han nedover sjøvegen so det snerde. Kona stod i glaset og saag etter han, lita og rukkut og graa. Eine handa gjekk rundt og rundt paa ein flekk paa magen; det var vanen hennar, naar det *var* noko.

Berre det, san, at det ikkje var fark ... Der for han nedover med slik fart, at; og dei burti garden stod ute og saag og saag. Berre dei ikkje stod og gotta seg over noko, so var det bra. Det var sant, han var gamall, han Erik, no, og gjekk litegrand meir paa skeiven enn fyrr. Det var gikta. Han fekk mest ikkje vinstrefoten framum den andre, iser naar det var noko. Men det var visst ikkje det berre dei glaamte etter. Ho tvila, ho. Ho hadde sett so mangt.

Men sjølv tvila han ikkje. Han sende høgrefoten kvast iveg og slengde den andre etter. «Hainn fer liksom krabbin,» sa tausi burti garden. Sudvestingen sat væl so mykje framover; men han skaut hovudet bakyver istaden, so han saag. Yver vesten hadde han ei vid, raud undertrøya, – det var det ledigaste, det, tykte han –, og slirreima der utyver, men ho hekk so sid, at kniven midt bak laag og daska han i enden for kvart steg. «Hainn hi romp!» sa tause burti garden; «sjaa romptroille!» Elles var han stinn av klæde fraa øvst til nest. «Hælsa, hælsa!» sa han og stirde paa dei som nemnde det. – Sveiten rann, daa han kom ned til sjøen, og øvre-lippa var langt fram.

^[57] No kunde det henda! For det var paa Uks vikarne, det skulde han sverja paa, og daa spurdest det um, um dei hadde *taug* daa. Han hadde taug ja – «bevare dæ, kar!» Og garn, garn! Fem og tjuge rendingar paa alna, denne aarsens tid, det laut det til. Han hadde heile helvitet fullt av den sorten. Men dei burti garden? No maatte han jamen flir'! Kva var det dei fór med? Du store, store ... berre fillor og mose!

Dei hurva og greidde inn dei garnfillorne dei hadde, og so la dei i veg og rodde. Dei heldt seg med austlandet ja, det var greidt nok ... han trong ikkje spyrja daa. Dei skulde snart faa kammerat, han var straks ferdig, han og. Han hadde greidt eit sildgarn fyrr, skulde dei hugsa. –

Daa dei hadde kome ut fjorden og svinga um Myrkhamaren, saag dei han kom sendande. Han hadde seksteringen, – kva var ein færing aa fara med paa sildvaag? Dei hadde ein lettrodd færing og var tvo karar i sine beste aar; men det saag ikkje ut til at dei rodde *ifraa* han, just. Av og til vende han seg og saag fram undan sudvestingen.

Det var det han vilde sjaa, um dei verkeleg vilde kappro. Han visste dei var karar naar dei laag heime, – naar dei heldt paa og prikla med veiter og smaastein og – lort. Han ynskte heitt, at det hadde vore 3 gamle mil aa ro – og so litegrand motbør. – Der svinga dei inn paa Uksvikarne ^[58]ja. Ja væl! Han skulde straks vera der. So kunde han alltid gjeva deim som ei lita greida paa, kvar dei skulde setja so det vart som likast. Det spurdest um taug ja; men dei skulde meir enn gjerne faa laana ei lina eller tvo. Jøss! No var han tett innpaa deim. Han saag fram. Kva hunden! Rodde dei ikkje yver valen innpaa vika. No hadde han aldri i sitt liv – og ikkje daa heller Ja ja, so var det væl paa Fossvika daa; dei rodde berre beinvegen. Han som hadde sekstringen fekk vel fara utom, han, flaut ikkje yver, flaut ikkje yver. Men kjende han 'n Erik Lyder rett, so skulde han vera paa Fossvika i same tida han og. – Og han var det. Den mila hadde han sprengrodd ein gong fyrr. Med det same dei skaut fram um Smaaskjeri og inn paa vika, laag han der og kvilde paa aararne og glytte fram undan sudvesten, nett som det var han som hadde fare beinvegen.

«Kor dokk – hi 'a?» sette han i. Maalet sprakk i hegda. Han reiste seg i baaten.

«Ka-fer nokko, det?»

«Sijlla, sijlla.»

Silda? Dei visste ikkje um noko sild, dei. Var her sild daa – hadde *han* høyrtdet, kanskje? Dei saag stort paa han og venta svar.

«Nei, æ meint', æ mæint bærre, æ, æt dokk, dokk – – –»

Dei skulde til byen ein tur, dei. Ja, og so tok dei med nokre garn-lervor, paa ei von. Det ^[59]kunde daa snart spyryast um ei koksild, no paa haustsida soleis.

«Kyssmæ, kyssmæ bak!» sa han. «Da hi-æ-rett rodd bra i maa-faa og ja. Æ truidd so sekkert det va' sijll paa vikan' nokkonsta'n, æ.»

Aa ja, meinte han Litle-Nils, rundleitt og blid som alltid; – men att og fram var no like langt daa.

«De' ferstaar-sæ, de' ferstaar-sæ.» Han tok aararne. – «Dy – dyrede, kor æ ska' ro!»

Og so vende han den tunge sekstringen og rodde dei tvo gamle milerne heim til Fjorden i motstraum og myrkr. Dei andre turka sveiten og log. Det der var no

mest synd og det, sa han Store-Nils. Det kunde ikkje han Litle-Nils skyna. Naar folk var so toskutte, so

– – – Ho Beret-Marja hadde vondt i seg heile tida. Dei var grove, burtigardskararne, til aa fara med fark. Berre det ikkje var noko no og. Ho hadde fylgt han Erik i 40 aar; ho hadde sett so mangt. Daa han so kom trampande inn, skyna ho det med ein gong. – Enn at kristne folk skulde vera so ubergeleg fæle daa!

«Maafaa, maafaa!» gneldra han med det same han opna døra. – «Va' de' ikkj' de' æ tænkt' æ! Styggheita der! Nokk or gong hi dæm narra dæ ...» – «Nei, dæm skoill-da te by'n, skoill da te ^[60]by'n, kjærreng! Osso, osso tok dæra – garna me'. Som rett va' .»

Ho sa ikkje meir. Herregud, rett, kor godtrugen han var! Ho laut fram med det beste ho visste aat han til kvelds. For det var so syrgjeleg synd i han, saala, som dei for slik med. – «Nokkor gong ...» Men han var like slug paa det. So fór han der daa, burti garden, og snakka og fortalde ... og so deim daa, styggheita, til aa gjera seg godt av det. Aa, ho vart so pin-arg, sumtid. Ho hadde rett sagt det med han og, so mang ein gong: «No hi dæm havt dæ godt te nar igjen.» Men han vart berre forundra, han. «Æ kainn' ikkj' mærk' nokko te *di*, nei,» sa han. Men det var rart, skulde dei ikkje bli ute for noko, fyrr dei slapp herifraa. Han ser alt, han som sit yver oss.

– – – Det skulde vera skule burti garden no; skule for framvekstringar. Læraren kom ein dagen med tvo mann i skyts; og andre dagen tok dei til aa koma, baade fraa Yttergardarne og austanfraa. Han Erik Lyder strauk til skogs. Det var fanken til folk og. – Men oppmed ledet, der møtte han sanneleg mannen sjølv. Skulemeisteren. Det forstod seg.

«De' e' rett mangt og, no for tida ...»

So Læraren visste ikkje det just. Jau, med ungdomen, ungdomen. Berre skulen og fatiglusa. Nei, daa var det onnor greida, fyrr daa. Sjaa um morgonen: dei sev, søv. Fyrr, i ^[61]hans tid, daa var det aa standa paa laaven klokka 4. Og so var det sjøen og skogen, sjøen og skogen. Det var herdsla det. No kunde dei ikkje greida seg med ein heimegjord lærar heller, som i *hans* tid. «Men – men – men so – bidenoⁿ¹ – berre fatti lus aa fykop aa!»

Han log ein sprukken sigerslaatt upp i andlitet paa læraren og saag tindrande

paa han.

Men daa han ein halvtime etter var paa farten, var han ikkje arg lenger. Skulemeisteren hadde ikkje svara noko, han tok berre byrsa av oksla paa han og saag paa ho. «Ho drep visst, den her,» hadde han sagt. Daa vart Erik Lyder upp i under. Yverlippa kom langt fram. «Dy – dy – dyredekar!» sa han og fekk taaror i augo. Han var berre ein ungdom, denne karen; men lell so Han var ein spekulasi til kar.

Han skyna seg paa byrsa. Og so – ja, han hadde skote paa skiva, det tok han seg ikkje bak for –; men han var visst forherda etter fuglen og. Det var moro i han, retteleg, retteleg. – Og han tala med han heile dagen i skogen liksom, synte han, sa han fyre

Ein kveld kom han sanneleg heim aat han. Det hadde han ikkje venta, av ein ungdom. Det var ikkje som det skulde, inne, ho kunde ha rett i det, kjerringa. Det greidde seg fint til kvardags, men annarleis, annarleis naar det *kom* nokon! Men ho skulde ikkje smetta ut for det, tykte han.

[62] Han fekk setja seg, slik det saag ut. Det saag daa snart ut so det greidde seg.

«Ja, akkorat som æ segj': de' grei'sæ, grei' sæ snart, segj' æ! Men ho Beret-Marja, ho smaatt ut ho. Ho e' raidd saa'n kara, ho.»

Og han heldt seg burttil læraren og log han upp i andlitet, so det skar.

Læraren sette seg yverskrevs paa ein stol med stoleryggen framfor seg. Han var so lang og aalvorsam i andlitet, tykte ho Beret-Marja. Ho stod ute i kjøkenet og kika inn gjennom klinkeholet. Ho saag han, og han saag ho. Dess meir ho saag paa dette andlitet, dess meir vart ho uviss. Var munnen so breid – eller sat han og drogs med fliren? Det var det ho ikkje retteleg fekk til. Dei burti garden, dei var slike, mest; dei smilte litegrand, stedd, berre so vidt ein kunde sjaa det. Kanskje – han berre hadde moro av kallen, han der og? Ho kjende som ein styng, – det var retteleg so illt aa tenkja paa. For han var slik, han Erik Lyder, det var sant det, – han var gamall no, og so var det gikta –, at dei kunde alltid faa til eitkvart. Ho tok seg for bringa, der ho stod: Berre det ikkje – *var* noko no att! Han sat og la henderne yverkross framfor seg paa stoleryggen. Haaret det stod til vers som ein hanekamb. Pipa kaldreykte han. Golvmatta sputta han paa. Ho sukka og tenkte paa hvifor han ikkje kveikte paa pipa – han som var kar? Og at han sputta paa golvet, *han*

[63] Han sat og gruvla yver, korleis det hadde seg at han Erik Lyder hadde skift
maal berre halvvegjes. Det var fælt aa høyra paa, sumtid. Og so yverlippa!

Det var daa vel ein bra gard han hadde? sa han.

Ja, bevars! garden han var bra nok, han. Han var visst ikkje so liten heller,
trudde han.

«Liten, nei! – D – de' hælve ha verri *evig* nok!»

Men elles so var det daa vel sjøen han dreiv mest med?

«Ja sjøen, sjøen. De' ferstaar sæ!» Elles hadde det vorte berre – idelig fark.
Jorda her i Norig, ho svelta berre folk ut. Daa var det – onnor greida i Amereka,
daa. – Dei las vel um Amereka i skularne, no for tida?

Aa ja, litegrand.

«De' e' – stor – storveigjes te lainn. Der maa du tru de' væks koinn, der! –
Dy–dyrede, kar!» Han Erik, sonen hans, einaste sonen hans, var der han. Han
hadde skrive heim og fortalt um det. Og no hadde han – ja, her – her skulde han
sjaa – –

Han svinta ikring og leita etter noko. Fyrst burti den gamle rosemaala
bokhylla, millom gamle mottetne bøker med spende i, so burtpaa eit nytt
mahognimaala rullebord, der sudvestingen og hatten og eit sildgarn heldt til; so
burti eit lite blaamaala kraaskaap, der det var fullstappa av [64] onglar og forsyner
og andre fiskegreidor i eine romet, men sylvsaker og krustyg i det andre. Kartet!
Han hadde raatt seg til eit, der Amereka stod. Han fann det ikkje no, men han
hadde det. Det skulde han ha sett.

Læraren vende praten paa sjøen att. Um han ikkje hadde vore ute paa
haakjerringfiske nokon gong.

Ho Beret-Marja visste ikkje – kunde ikkje skyna –, kvifor alle som kom
spurde um det. Det maatte vera noko.

«Jøsses, jøsses – all den haakjerring æ hi feska!»

Han stirde paa læraren med sraaa, runde augo, og smilte med store, skeive
tenner. Han skaut ein stol burttil og sette seg, men for upp att, gjorde ein sleng
yver golvet og kom att, heile tida med augo paa læraren, runde og stirande,
glade.

– Han hadde – fiska haakjerring i – haugevis. Det var anna liv, det, enn aa

liggja inne og grava i jorda.

Hadde han ikkje vore ute i sumar og?

Ikkje i sumar. *Men* ifjorsumar, i fjorsumar! Var det daa han fekk slikt eit avrakka stort beist?

«Ja ja, eitt – avrakka stort beist ja. To, *to* store beist! Stor', stor', stor', 1– lik' stor beggji to, akkorat lik' stor aa, kar. For– næmmeli' den eina!»

[65] Ho visste ikkje si arme raad, kjerringa. For no log han, beintfram. Og han Erik, tullingen, no for han der med vinstrefoten sin og leita etter brennevinsflaska. At han skulde ha det der kistesvinet inne – ho kunde ikkje snakka um det; so stygg og so full av skrot og skrap, at. Der hadde han sjøvottar nedi, og der hadde han drammeglas, og traadnysto og smørøskjor og andre utferdsgreidor. Og han, skulemeisteren, tøygde seg og saag nedi. Aa jau, det skulde bli, naar han kom burti garden att. Det var inga raad med kallen; nytta ikkje. Han gjorde som han vilde i alt. Difor vart det no og eit hus same kva dei kjøpte. Handa gnugga rundt paa magen. Visste ikkje si arme raad. Det datt ei byrd av ho, daa han var ute or stova.

«Tosk e' du da stødt, du!» sa ho, daa ho kom inn. «Og dæm gjer sæ godt taa de'»

«Æ e' ikkj' – go'fer aa tru de', æ ikkj',» svara han mildt.

Og ho sa ikkje meir; ho visste det gagna ikkje. Naar ho ikkje fekk han til, med han var ung, so. Men daa – var ho for god av seg.

– Det vart mang ei ottefull stund for ho Beret-Marja no. For rett som det var kom denne karen dit, eller so var kallen burti garden. So sat han der daa, tosken, og fortalde; og so deim daa, styggmagta, til aa gjera seg godt av det. Men ho hadde si trøyst og sin løynlege tanke: Vaarherre sit høgt, han. Og han er ikkje [66]so lang aa tøygja. Visst han tok etter deim paa den maaten, so be're deim Ho vilde ikkje segja meir.

Det var denne bakladdingsbyrsa skulemeisteren hadde faatt i. Det var daa verkeleg ei rar ei, tykte han. Fyrst so trudde han det var berre idelege lorten. Saag væl det var lettvent aa ladda, det var som ein – tvo – tri, det; men eit anna maal var det, um ho gjekk. Han tenkte paa det heile dagen, han var ute og drog ein linestubb. Fanken ta! var han ikkje so i sauget for den byrsa, at han tok med lina paa land, gav seg ikkje tid til aa egna og setja att. Det skulde ha vore moro og sett

um ho verkeleg gjekk noko. Han kunde ikkje tru anna, enn at ho spreidde hagli heile avgrunnen utyver. Gamla hans, ho samla, ho; og dreiv og. Han kom Ullands i god tid, og gjekk burti garden. Kararne der laag heime alltid. No var det ei veit att, beint gjenom finaste gjordet. Han maatte flira, var ikkje god for anna. Og dei hadde det so travelt, at dei saag mest ikkje upp. Det var einast daa han sette upp vandhusdøra til skiva aat skulemeisteren – det glaamte dei paa, litegrand. Det var so likt seg, likt seg.

Du svarte tid, kor det small!

«Berre smell'n, berre smell'n,» sette han i. Han sprang so lett og glad byrtyver vollen, var so viss paa, at det gjekk upp i smell, heile skotet. Men sanneleg hadde ho ikkje – samla som eit naut. Og ho hadde drive godt og. Han freista ^[67] ho, han med, og han laut segja ho var bra. Reint utruleg. Sant skulde vera sant.

Ho skynda det *var* noko, ho Beret-Marja, for han smaka mest ikkje nonsmaten. Heile kvelden var han ikkje lik seg. Sparka etter hunden og katten – han var elles som eit lamm, so snild med deim. Det var sikkerleg denne framandfarken som kunde til det. Sidan gav det seg noko. Han var i skogen ein dagen og skaut ein tiur – medan burtigards-kararne stod i veita Ho greidde seg fint, gamla hans. Det var sant han sa, den gongen, skulemeisteren: ho drap, den tytta. Det var det ikkje sagt ho gjorde, den nye; det visste dei slett ikkje enno. Men annankvar dag laut han burtyver og sjaa ho og handsama ho. Det var storvegjes til fint vaapn. Det var synd, um ho ikkje drap.

– Det var ein solblank oktoberdag. Læraren stod burti glaset og saag ut. Tett burtanfor gjordet stod skogen bargrøn og frisk, og ettermiddagssola skein yver han, og lufta blaana. Til høgre var det berre solglans og grøn skog, so langt syni naadde. Til vinstre steig fjellet upp med koselege smaadalar og krokut furu og bøygde sin brungraa rygg langt innerter. Han gapte, av skulestova og læresveinar og lengsel etter skog og mark. Det var ei osp han stod og saag paa; ho stod so gulklædd og vakker der i naaleskogen og lyste.

Der kom han Erik Lyder nedetter skogvegen. ^[68] Han gjorde fart i treskorne idag, berre so smaasteinen fauk undan. Beint nedyve gjordet kom han, og inn. Der stod han i døra, skinande blank i andlitet av sveite og høgtid.

«No gaar'de' – gaar'de' – fervedt!»

So daa? Læraren stod kald og aalvorleg og saag paa han. Skulesveinarne snytte seg baade lenge og væl og hosta. – Kva var det no daa? Krig?

«To –to – todorn!ⁿ² No e'n grop. Hainn rekkasæ ikkj'!»

«So fær'n sitja daa, væl.»

«Du –du – skolmeister du! Dokk vilvelikkj' – – laanmæ – laanmæ – børsa Dokkes, Dokk?»

Det kunde han alltid faa. Han gjekk roleg ut, men tok troppa upp i ein tvo-tri byks. Nedi kufferten var han i ein augneblink, reiv hagli utor tri patronar og gjekk so nedatt med deim og byrsa og flidde kallen. Han Erik Lyder vart aalvorleg, daa han tok ho, sa ikkje noko, men strauk tilskogs. Yverlippa langt fram; høgrefoten hoggande kvasst frami, so hovudet nikka for kvar gong.

Straks etter slutta dei skulen, og læraren og han Litle-Nils la iveg etter. Dei rende alt dei var god for; men det vart lenge fyrr dei kom so langt dei saag i kallen. Inn yver moen, upp yver aasen, og so burt yver blaute myra so søyla skvatt og sveiten silla. Skorne sine trødde dei fule, ^[69]klædi reiv dei sund, endaa var det snaudt dei fylgde. Læraren stupte yver ei rot og vrikla foten sin og sette henderne djupt nedi gormyra.

«Han Gamall-Erik sjølv skulde –»

«Ham fer førri oss, ham ...» sa han Litle-Nils.

Langt ura lenge stana han. Det laag ei stor mosemyr framfor han med gamall furukragg ikring. Dei lura seg nærmare innpaa. Han stod og turka sveiten med luva, saag etter patronen i løpet og tok tobakk-skraaa utor munnen liksom naar han fekk skjenk. So smette han treskorne av seg og gjekk paa sokkeleisten frammed myrkanten. Paa ein diger kvit furukvist eit stykke fram sat ein stor tiur og sola seg. Han merka det var nokon i nærleiken; han vende paa hovudet litegrand, tøygde hals, og seig ihop att. Sola vermdde, og alt var stilt.

Daa small det. Fuglen skvatt litegrand, det kom so braatt paa; men han flaug ikkje.

– Han er lat i sol-breda slik, fuglen, sa han Litle-Nils.

Krutt-røyken sveiv undan, og der stod han Erik Lyder burtunder eit tre og stirde. So krøkte han seg ihop att og stilte nærmare innpaa; la so luva si paa ei grein, sikta lenge og klembde til. Denne gongen skvatt ikkje fuglen, – han gjer

ikkje det naar han er spak, sa han Litle-Nils. Daa steig han beint fram og gjekk nærmare. Fuglen strekte hals og visste ikkje rett. – Kallen lyfte byrsa, men tenkte seg um. Han la seg flat ^[70]ned paa myra og la byrsa paa ei tuva. Det small tridje gongen. Fuglen vart uroleg no, tenkte paa aa fljuga. Daa sprang han Erik Lyder upp, lyfte byrsa i veret og truga imot han.

«Dr – dradæ – utju foro'n¹³ din – – farkji!» skreik han.

Fuglen lydde. Han slepte seg ned av kvisten og strauk burtyver myra.

Dei laut skunda seg mest dei vann, skulde dei naa heim fyre han. Daa dei væl var innkomne, hadde dei han etter, han kom nedetter skogvegen rennande. Læraren stod og kjende paa noko. Ein gamall giktbroten krok, som trudde alle

Men han Erik Lyder lyste av sveite og smil som fyrr. Augo var runde og vælnøygde, og yverlippa gjekk att og fram.

– Ja – korleis lika han byrsa daa?

«Hjau – børssa – børssa, ho e' rætteli bra. M– men ho – – drep ikkj!» Han tykte vondt um skulemeisteren, daa han gjekk heim. Det var daa ein gasta kar. At han skulde ha faatt i eit slikt fynster til byrsa lell! Nei, *han* hadde ei, han, som drap.

– Det var kanskje gale ... sa læraren; han stod og log innvertes.

– Nei, so sant! sa han Litle-Nils. – Naar folk bli so toskutt, so.

Hjaa bror sin

^[71]Storbækliia heitte *garden*. Difor heitte *plassen* Storbæklihagen. Naar det skulde skrivast ja; elles kalla dei han berre Hagan. Derifraa og ned til garden var det ikkje lang stubben, ein liten halvtime nedyver – og ikkje fullt det heller; oppyver var det alltid lite drygare. So var det bakkarne nedetter daa, ned til Eggangrenda, ein skikkeleg time eller kanskje væl so det, og so hadde du breide flate køyrevegen ned til storbygda. So han laag ikkje *avsidet*, plassen hans Jørn. Men sjaa, det trudde dei no, dei som budde ein times veg lenger ned.

Ifraa denne plassen var det han var, han Krestaffer Petter, klokkaren nedi storbygda, so rart det kunde høyrast. Bror *min* ... sa han Jørn og spila augo upp i stor undring. Det trudde dei vel ikkje, nei? Men so var det. Slik kann folk koma

seg fram, naar det er *hovud* paa deim, sa han. Ja

Naar han Jørn raaka nokon, og det *hende* det og, for han var treskomakar, so kom han støtt inn paa denne praten. Han rette seg upp ^[72] og saag stivt yver nasetippen burtpaa deim han tala med. Alle vart forundra yver, kor lang han var i ryggen, naar han vilde; men sjølv vart han alltid forundra yver, kor folk kann koma seg fram naar det er *hovud* paa deim. Slik som no han Krestaffer Petter. – Og so høvde det slik, oftast, at han laut fortelja um den gongen han var hjaa bror sin i jolevitjing. Andlitet la seg i ymse foldar, etter som han fortalde, og augo kneip han att eller opna dei paa vid vegg.

– Ja, den gongen ja, san! Det var no vel elles ikkje so rart, at han baud meg heim? For – som sagt er – me er no brør. Det kann ein godt sjaa og, naar ein veit litegrand um det. Det er berre det, at bror min er so mykje mindre, han, i kroppen, og so langt annarleis i andlitet. – For han er ikkje noko aa sjaa til. Han sjølv er for liten, og nasen er for stor. Det er leidt nok med baade dei tingarne. Aa vera for liten er leidt, for daa er det ingen som ser paa ein. Aa ha for stor nase er leidt, for daa ser alle paa ein.

«Ja!» sa han og saag stort paa den han tala med.

Men det er hovudet som har hjelpt han fram. For slug som ein likningsmann har han vore all sin dag, han Krestaffer Petter, og ein aal til aa tala for seg; og so slik kunnskap um all ting, – du kann ikkje tru det!

Det er ikkje det slag rart at han baud meg til seg. Men, men, san, det er no so rart med ^[73] det lell. Det er so rart med det, naar ein har kome seg slik fram som han.

Eg maa segja som sant er: eg hadde ikkje ro paa meg, den dagen eg skulde avstad.

«Sjer dokk: de' e' so rart me' di!» sa han og spila augo upp.

Eg fann fram vakker-klædi mine i god tid. Eg visste nok det var ikkje fint aa koma for tidleg; men det var ikkje godt med det; eg var ikkje istand til aa drygja heller. Eg stod just med broka i handa. Ja, tek du no den der! sa ho Daaret, kjerringa. – I det-her vêret, sa ho. Ho meinte ho var god-nok, kvardags-graabroka eg hadde paa. So gav eg meg paa det; ja, for ho Daaret, ho gjev seg aldri, *ho*. Men kyrkjeskorne maatte eg ha. – Ja, tek du no dei der! sa ho. – I det-her føret, sa ho. Nei, eg fekk vel ganga i treskorne. Naar eg flidde væl av deim, so,

og hadde litegrand halm i deim. Men, men, san ... Ja, so gjekk eg. Men eg kom so *reint* fortidleg! Eg kjende det paa meg, straks eg var utanfor døra deira. «Kom fer ti'li, kom fer ti'li!» sa det i meg.

Naar han fortalde det, sette han upp eit aalvorlegt, raadlaust andlit.

Eg stod lenge og kosta av meg snøen ute, og pusla med ymse smaatt: ikkje eit einaste andlit i glaset! Det hjelpte ikkje, kva eg fann paa. Det var fortidleg. Eg har vore ute ein verdag fyrr. Eg har sett bjønn; eg har gaatt meg ned i isen. ^[74] Du saag meg aldri rædd. Men denne gongen – Eg skal segja deg *ein* ting:

«De' e' so rart med di, naar 'n ska' in aat storfolk!»

Treskorne smette eg av meg uti gangan; eg kjende det paa meg, at dei høvde ikkje der. Opna so døra og var halvvegjes inn – daa med det same hugsa eg, at ein skal pikka paa fyrst, naar det skal vera fint. Ja! – Eg ut att, og pikka paa; fyrst med naglarne, det gaadde dei ikkje, so med knokarne – aa nei. Dæken ruske, so tok eg knytneven! Det gjorde mun ja. Kom in! sa det. Ja, eg – kjem! sa eg, og so stod eg der. Og der stod han Krestaffer Petter livs livande framfor meg. Ja!

Go'dag; bror min! sa *eg*.

Nei go'dag, go'dag! sa han. – Og takk for at du kom! sa *han*.

Akkurat slik sa han. Og so kom han med handa! So kom han med handa
Ja!

Det stod eit trollstort kvinnfolk burtmed eit skaap og stelte med nokon ting. Ho var høg, stygghøg, og væl det – og før attaat. Ho snudde paa seg og saag paa meg, og eg var eldande snar til aa krøkja ryggen og helsa. Og væl var det, san. For han bror min sa det var kona si. – Du er ikkje kjerringlaus, naar du har ho der attmed deg, sa eg. Det skulde eg visst ikkje ha sagt. Ho saag so kvast paa meg med det same, – du kann aldri tru det, kar –, eg svelgde ned ^[75] tobakk-skraaa mi, beint fram. Ja, det forstaar seg. Og so snudde ho seg aat skaapet att.

«Sjer dokk: de' e' so rart me' di, sjer dokk!»

Dette er min broder etter kjødet, sa han Krestaffer Petter.

Men det svara ho ikkje paa, ho stod berre og snudde bakenden til. So synte han fram borni sine. Det var no fyrst og fremst han Petter Johan, som var eldst, og so var det ho Petra, som var i midten, og som var forlova; og so var det endelig han PetterJørgen, – han var toskutt, han, og sat alltid burtmed ommen. Eg skal

segja dykk *ein ting*, eg: det var huskrossen deira, det. Ja! Det vart daa noko til fint ver! sa eg Ja, riktig fint, sa bror min. Aparte, sa han. Bo – bo bonaparte! sa han Petter Jørgen, han som sat burtmed omnen og var toskutt. Han er gal, han, sa han Krestaffer Petter. Er han gal? maatte eg spyrja. Splittergal, sa han. Kronisk gal. Po – po – portu– gal! sa han sjølv Ho Petrina, kona, gav paa med sitt: ho snudde tverenden til.

Han fann paa noko anna aa tala um – han staar ikkje fast, den karen. Han byrja aa tala um gamlepresten, han som hadde konfirmera oss brørne. So slapp han daa leggja seg frami, han burtmed omnen, skulde ein tru.

Han bror min kom inn paa det, at no var gamle-presten daud. Han er ein meister til aa ^[76]tala um slikt, maa du tru. Kom saa til aa nemna det og, at ettermannen hans var daud.

Ja so? sa eg. Er han og daud.

«St – steindaud!» sa han Petter Jørgen.

Me læst ikkje som me gaadde det.

Og enkja hadde gifta seg att, sa han Krestaffer Petter.

Hadde ho virkelig gifta seg att ... sa eg.

Fer –fergifta seg! kom det fraa omskraaa. Slik var det stødt. Same kva ein sa; same kva ein sa. Eg skal segja dykk ein ting, eg: «Dæm hi sainneli' sett aa trækkast me', dæm som hi komme seig fram aa ...»

Ja! Det var no slett ikkje berre det der. Det maa ingen tru. Enn kona – kva synest de um ho? Trur de, det er sukkerbrød aa ha ei slik ei, he –e? Ho Daaret er som ho er, ho og daa; men ho er no eit gullbarn imot den tytta han bror min maa trekkjast med. Han gjekk burtaat ho, han Krestaffer Petter, og spurde so vakkert han var god for, um ho vilde setja fram litegrand mat aat framandkaren. Daa *snudde* ho seg, kann det henda.

Slik ein – ein – ein – fark! sa ho. Petrina! sa han. Dette er min broder! sa han. Men ho bad han berre brodera seg baade her og der. Ho spurde beint fram, um han hadde fleire slike brør. Daa tok han til aa leggja ut. Det skulde de ha høyr. Det var so ein kunde graata. Han for baade bibelen og testamentet. ^[77]Og so enda han med det, at denne gong var det kjød af hans kjød og ben ai hans ben, og difor skulde ho ikkje sjaa ned paa han. – Skulde ho ikkje sjaa ned paa han? spurde ho.

Ho meinte mest ho var nøydd til det. Og det hadde ho rett i. So mykje høgare som ho var, halve hovudet mest, so maatte ho det; det var greidt nok. Daa spurde han bror min, um ho ikkje visste han var herre i sitt hus. Men daa ja! Du store Nebukadnezar, kor ho saag paa han! Han gjekk baki endes unna. Ja!

Han Jørn spila augo upp og heldt stilt ei stund.

Han gjekk baklendes unna; det var som han hadde sett bjørnen. Det var tydeleg aa sjaa, kor han vart mindre og mindre; det var berre nasen som vart større. Det var verkeleg vondt.

Sa du herre? spurde ho. – Vil du eg skal smetta deg under stakken, kanskje?

Han Krestaffer Petter er ikkje den mannen som tek munnen for full; han er ikkje det. Men denne gongen vart det for drygt, han laut ut med det. Han tok bladet fraa munnen og sputta ut det han tykte, og daa sa han beintfram som det var til. – Det er noko til greida og! sa han. Daa var han ikkje blid.

Ho snudde berre bakenden til, og lyfte paa stakken bak

Denne gongen var du for heftig, far! sa ho Petra, ho som var forlova.

[78] So reint for heftig! sa han Petter Johan, han som var eldst.

Ve – ve--veder – heftig! sa han Petter Jørgen, han som var toskutt.

Eg nytta høvet til aa halda kjeften min. So gjekk eg til døra og sa farvæl og takk for meg – som brukelegt er; og so vilde eg ganga baklendes utgjenom døra, – det er no det som er fint daa. Men det er leidt og, det. Det fekk eg røyna.

Eg vart liggjande yver dørstokken.

Der – der – datt 'n! sette tullingen i, – han hadde no ikkje meir vit.

So fann eg treskorne mine og for heim.

Kva skal ein segja – hee? Det er sant som eg segjer: dei har noko aa dragast med, dei som har kome seg fram i verda og. Det har dei ja. Men at han Krestaffer Petter, ein slik ein mann, at han finn seg i det? Eg skal segja dykk *ein ting*, eg:

«De' e' so rart me' *di*, sjer dokk!»

– – Han sat i mange aar uppi Storbæklihaven, han Jørn, og grov tresko og undra seg yver alt det rare i verda. Som no det der med han Krestaffer Petter. Folk sa han Jørn var ein heimføding. Sjølv fann han ut, at det var so rart med det.

[79] Kantorist Monsen fraa byen stræva seg upp bakkarne til Nyvollen. Sola var varm og vegen bratt, og mannen hadde ferdaklæde og 100 kg. kjøt paa seg; og nisteskreppa tyngde, og sveiten silla. Endeleg var han uppe ved husi og saag mannen sjølv burtmed vedskjolet. Han gjekk burttil og helsa.

«Og velsign arbeidet!» la han til. Mannen saag upp og sputta brunt. Monsen sette fiskestong og skreppa fraa seg og stod blank og sveitt og 100 kg. tung og turka sitt runde andlit.

«Det blev fint vær,» sa han.

«So, gjor' de' de'?» sa Kallen og stirde paa ein vedkabbe. – «Men eig ska' – ler deig, eig, din – din – byfut!» murra han og sette øksa i til skaftet.

Kantorist Monsen tykte mest det var *han* kallen meinte paa. Men det laut no vera vedkabben.

«Di driver paa og hugger ved, Di,» sa han.

«Ve' ja, – ka skoill eig heillest haugg? – [80] Din grautsekk der du e'!» la han til aat ein annan kabbe.

«Maa man ikke ro over det vandet der for at komme til Tingstadsæteren?» spurde Monsen.

«Ro? Ferskjelli om de'.»

«Kan man gaa langsmed berget kanskje?»

«Nei, de' slæpp du fint. Om du so va' skaft som ei gjeit, far!»

«Hvordan kan man saa gaa?»

«Naar de' e' is, so»

Kantorist Monsen var raud fyrr, av god mat og varme; no vart han endaa raudare, av sinne. Han vart standande der raud og fleinskallutt, og turka sveiten. Kallen skjelte ut eit vranngt bjerke stykke, kalla det veglaupar og truga det med øksa. Det var ein liten breidvaksen mann, firkanta mest, med langt, svart haar og ein vid, raud skjeggkost. Augo stirde smaa og blanke fram under tjukke, kvite augnebruner. Han hadde saueskinshuva paa og ei stor vadmaalskufta, men var berrføtt.

«Vil De laane mig baaten Deres indover vandet en tur?» spurde Monsen spakt.

«Ja, de' vil eig.»

«Tak, tak, det var bra. Hvor ligger den henne?»

«Ligg? Paa vatne' veit eig.»

Kantorist Monsen fraa byen lyfte hatten høgt yver fleinskallen i takk og gleda, og stabba av nedtil vatnet attanfor garden; for honom var det hovudsaka aa faa laana baaten, eit vranngt ord fraa ^[81]eller til saka ikkje han. – Der var ingen baat. Fanst ikkje; berre ramarne av ein. Han laut oppyver att, han hadde vel gaatt for lite enno idag Lang i andlitet kunde han ikkje bli; elles hadde han vorte det.

«Det var ingen baat der-nere; uten en ubrukbar en?»

«Nei, de' va' de' fell ikkj'. – Men no ska' du te-hest, din, din... Vil du soinn? Vil du soinn?»

Det var bjørkekabben han baska med.

«Di har jo en ny baat, har jeg hørt.»

«De' hi eig hord aa, de'.»

«Vil Di ikke laane mig den da?»

«Jau, hi eig sagt! Eig vil, eig vil.»

«Men hvor har Di den da?»

«Laant 'n bort førr. – Din idiot (til ein ny kabbe). Din byfant!»

Kantorist Monsen sukka. Han hadde berre tvo dagar fri, og han skulde fiska. Han visste inga raad, og so gjekk han inn i stova, til kona, eit lite, skuldlaust ting i «velsignede omstændigheder». Det var alt anna enn greidt for ho òg.

«Ja, hain Per ...» sa ho. «De' e' ikkje for godt aa varra hainn. Hainn hi ikkj' værri slik aill-tia. Men de' e' so rart kor de' gaar.»

Ho sat og saag framum han med raadville augo. Av og til glytte ho snøgt til døra og det vesle gulbrune glaset. Naar han tok frami, og sa at det skyna han so godt, flutte ho seg nærare – og stirde paa han.

^[82]For naar ein vert jaga fraa farsheimen, so. Naar ein ikkje fær eit rødt øre av nokon ting, so. Um einkvar annan og hadde vore Per Beint fraa garden vart han jaga!

Jaso. Det var daa fælt, tykte han. Ja, fælt ja? – Ho kom nærare med krakken. Det var so mykje fælt, at No skulde han høyra. Dei var berre tvo syskend, tvo brør. Og han Per vart jaga ifraa det alt ihop. Men – kvifor det daa?

Ho saag nedyver seg, skamfull liksom, og smilte.

«Eig tjent der, eig,» sa ho laagt og seint.

Han skyna, og ho flutte nærare.

«De' va' no fell fer sempelt, de' da,» sa ho. Men – ho vart vel jaga fyrst, vart ho ikkje det? Ja, det ... Ho vart no det ja. – Ho kviskra. – Ho Gusta kom til der ho, – ho som er i Amerika. Ho vart no gift med ein farmar der, ho daa, kom det høgare. – So fekk dei seg i eit rom nedmed elva, daa dei var gift, og budde der. Slikt eit trivelegt rom Fagernesset.

Ja, Fagernesset visste han av. Der var det vakkert.

«Slekt eit triveli rom.»

Ho sukka og stirde paa han; men tok seg i det.

Men det var i den tida desse ulukkelege engelsmennerne tok til aa koma. So var det ein kontrakt. Det var bror hans som for med han, ^[83] – han skulde skrivast paa. «Hainn Per va' litigrainn arg, leksom, sjer du, aa so skreiv 'n ikkj' paa 'om.» Daa var syra seld. Banken – dei sat der og raadde desse storingarne, bror hans og dei der. So tok dei romet, gjorde dei. Og daa hadde dei fire smaa born!

«Det var fælt,» sa Monsen, og han tykte det.

«De' va' no værst fer 'n Per da; hainn tok de' so tongt.» Men no det siste her, det var ein bymann. Han Per kom til aa kalla han noko, – det for so tjukt av dei og rak um sumaren, ein fekk med nø'n ikkje pusta for dei. Det er so rart med det, naar ein har alle desse ungarne, det bli ikkje so paa prikken alt, alltida. «Men lort va' de' ikkj' i mjolkja,» sa ho laagt og tunglyndt. Han Per heldt med ho, han, – det gjorde han alltid, det. Han vart sinna og viste deim ut. Dei vart sinna, dei og, som ventande. So kom han Per til aa kalla ein av deim tosk. Det skreiv dei upp. Dei var tvo toskar alle tri, sa han Per. Han maatte til byen daa, pengar hadde han ikkje. Det var berre tvo døgr, men

Ho stirde upp i andlitet paa han, graagul og liksom glasøygd.

Og mykje, mykje meir enn det, sa ho. Alt hadde vore bakvendt aat han Per. Difor var han og – liksom ...

Ho hiksta til, vart so tjukk i maalet; reiste seg og tok eit barn som skreik.

^[84] Om nokkon annan aa ha vørri Per sa ho.

Kantorist Monsen sat og sveitta. So reiste han seg, og stod og sveitta ei stund.

Han skulde ha sagt noko, men visste ikkje kva det var.

Endeleg kom det for han noko. Han bøygde sin tjukke kropp og fann fram ein pose apelsinar or skreppa; det vart nett ein til kvar aat smaaan. Han reinska deim og kasta skalet paa gruva, medan borni stirde med store augo etter det og heldt anden.

Per kom inn med ved. Han saag paa kona ei stund, fyrr han slepte veden; so saag han snøgt burtpaa borni, og so burtpaa skorner aat framandkaren, – borni hadde slege ring um han.

«Sætt deig!» sa han.

Monsen var lydug.

«Du e' ut aa fer,» sa han.

Han saag heilt upp til knei paa han no. Ja, han var daa det, sa Monsen, – han heldt paa og hjelpte ei gjenta med apelsinen. Han undra seg yver kva det kunde vera no att.

Kona stod lita og gul i den stutte stakken, heldt anden og saag paa han. No saag ho paa framandkaren og smilte fjaag. Ho var so sæl, ho kunde ikkje standa still. Per sin make fanst ikkje ... Det hadde ho sagt til han og, so ofte; men sjaa han raringen, han sa berre at *ho* var maken hans. Han var so ordsterk, han.

[85] «Du skoill over vatne'?»

«Ja-a.»

«Dæm kjæm trast me' baaten no,» sa han og tok ein unge paa fanget.

Kantorist Monsen tykte han vilde segja noko, men tagde.

«Vil Di ha en dram?» spurde han ei stund etter.

«Næi, so Gu'! Du ska' faa laan baaten læll!»

Kona log med sprukke maal, ein høg, turr laatt. Ho var visst uvan med aa læ, hørdest det for. Ho log og heldt seg paa knei.

«Du Per aa rett læll!» sa ho hikstande. «Du e' da ein oinnerli fjellkragg du!»

«De' e' gluft te feskardon du hi,» sa han Per.

Guten i røyken

^[86] Han hadde faatt det namnet, og det h vde; det tykte dei alle, og han sj lv med. Han var rett nok. Men han var ikkje fullt so rett som dei andre, og so meinte dei han laut paa tullskulen, eller paa trollskulen. Dei freista med han paa baee dei romi; men han hadde ingenting ul ert der, og so kom han heim att. Og guten i r yken det var han, og heime paa Holmen hjaa mora vart han gangande. Det var det som var gale, sa dei alle. Guten skulde ha faatt kome burt nokonstad, burt aat *folk*. Men der gjekk han heime og slong og l erde berre det som gale var; han hadde medhald hjaa mora i alt. Ho var namngjeti, ho, – Stina Beist kalla dei ho, og eit beist var ho. Alle so var dei r edd ho. Berre ein saag ho ... Ho var bursk: h g som ein kar, og tjukk som ei tunna, og slikt eit andlit, – augnebrunene var ihopvaksne som eit breidt strik yver augo. Ho hadde ei hytta utpaa Holmen, og livde av aa forsyrgja guten, sa ho. – Ja, sjaa der: der hadde ho daa sitt livsens maal og med, ho og, sa presten til ho eingong. Tosk aat meg! meinte ho Stina; hennar livsens maal og med var aa spinna ^[87] aat folk, det. Det var ein gap som sa noko um at ho hadde eit anna kall og: aa hysa fark. ^[14] Ikkje hysa fark, raen *jaga fark* bruka ho, let ho, og rende etter storkjeften med ein gardstaur; det var berre so vidt han slapp heilskinna ifraa det.

Og guten voks og l erde. Han gjekk for presten no, og der gjekk det som det var smurt. Han kunde spursmaal og svar so det knaka, og las bibelsoga og bibelord so presten mest gret, fortalde han mora. Ikkje gjorde han noko fantestrik heller, som var aa nemna. So det slog ikkje inn, det skulemeisteren og dei andre hadde spaatt, at han ikkje slapp fram. Dei fekk nok terpa i seg, at kamelen smatt igjenom naaleauga. Men baade skulemeisteren og dei andre sa, at skulde *han* sleppa fram, so visste ikkje dei Guten fekk h yra det, og log. Det var det han hadde sagt, han, alltid: Dei visste ikkje alt, dei heller. Han var ein utange og ein heidning, han skyna det. Det kunde vera det same, – han var *guten i r yken* han, og han var som han vilde, det var so bra med det. Tvi flesk! sa han og hoppa i veret. – Han hadde berre ei sorg. Det var broka hans, som var b tt so syndig baktill. Graa brok med ei rund svart bot paa som eit grytelok! Skorne var store og sunde, det gjorde ingen ting; mangt anna var det og lort med, men det beit ikkje paa han. Det var broka. For det var ei gjenta – ja ei gjenta, ei gjenta!

^[88] Han sprang i veret med «samlet sats», naar han tenkte paa ho. – Ei gjenta,

ei gjenta – ei overlag ei! Det var dottera aat bakaren burtpaa Øyra beint imot, ho Bolla Larsen, ei lang, tunn fjortanaars ei med stort gult haar kring eit bleikt freknutt andlit. Ho var det vænaste han visste. Ho var himmelen for han, og ho var helvite; – aa hei, kor glad han var, og hu kor han hadde det vondt! Det skulde inga mors sjæl faa vita, at han gret for ho, sumtid. Ho var baade Rebekka og Rakel for han, ho var Urias' hustru som badede sig, ho var dronningen av Saba! Dei hadde leika ilag paa stranda, dei hadde fiska, og dei hadde bygt hus, dei hadde vore kall og kjerring. Sumtid slost dei. No hadde ho vorti so rar, vilde ikkje leika meir. Men ho kunde ikkje lata han vera heller; ho drog han i haaret; ho kleip han i armen. So var det den dagen her. Tvi for den gongen! Han rende etter ho kring laaven, naadde att ho og blaaheldt. Ho var still ein augneblink, han kjende kor hjarta pikka i barmen hennar. Etterpaa var det so. Ho spende han bak, der bota sat, den bedærvelege bota. «Svartbak!» sa ho. Han vart so modlaus med ein gong.

Han stod ute og saag burtyver. Ho var ikkje aa sjaa. Men nedyver vollen, heilt til tangbeden nedmed sjøen, stod det kvitt av karve, – hundekjeks og karve so det blaana etter. Det for slik ein brennande hug i han, til aa slaa ned kvar ein karve paa vollen. Han treiv ^[89] ein staur og gjekk laus, – slog ein breid skaare heile vegen nedetter.

«Hoinn – kjæks, hoinn – kjæks!» song han og slog.

Mora kom ut og ropa. Han lest som ikkje noko.

«Bændek, Bændek! Du maa da ikkj' slaa ne' grase, di gut-søikkj'!»

Han berre slog og slog. Det var no at det liksom muna, san. Dei fall so rasande godt, dei kvite idiotarne, – so det loga etter! Der stod det merje-meg bjørnekjeks og! Du store Havana. Men han laut sjaa seg attende. Jau, der kom kjerringtunna nedyver rullande. Han kasta stauren, men treiv han att, og la paa sprang yver sandvalen; det var fjøra sjø, lukka det. Tvi flesk! Daa han var komen burtpaa, stana han og klappa seg paa gryteloket. Det hadde ho godt av, ho som hadde planta det der. So gjekk han nedyver paa landsida, og hainna oppmed bakaren.

Han skulde bli burte heile dagen, og natta med, forresten. Det var bra han fekk med staven, so kunde han daa dansa ein liten hoppvals kring hagen. Og han fór rundt hagen med allslags rare hopp og stavsprang, lett og kvik som ein

killing. Han var *guten i røyken han*, og han kunde dansa hoppvals som sa seks. Tvi flesk!

Der sat ho i loftsglaset og log. Han stogga. Fann ikkje paa nokon ting.

Med det same kom skulemeisteren gangande ^[90]hitetter vegen fraa kyrkja; det hadde vore likferd idag, var sant. Han saag han Bendek Holmen og tenkte paa eit aalvorsord. Guten kjende det paa seg, – han hadde visst ikkje høyrte det siste av den sorten enno –; men idag vilde han ikkje ha. Han gjekk beint imot skulemeisteren, stilt og skikkelegt som ein skal ganga. So let han dei lange skorner vanda seg innerter med tærne, so dei naadde ihop, og med det same han tok til luva og sa goddag, snaava han i dei, so han for ein tvo-tri hopp frametter med aalbogarne ut i veret, og vart liggjande langflat paa vegen. Ei stund laag han daudstill, men tok so til aa leda seg. Seint og aalvorsamt reiste han seg, bøygde seg og vridde dei vrangvorne tærne utetter, og gjekk. Ho Bolla slog glaset att og kvein som ein stukken gris, daa ho saag tilburden. Læraren gjekk att. Det vart aldri folk av den der krabaten, det var han viss paa.

Daa han var burte, kom glaset uppatt.

«Du e' no *guten i røykjen*, du da!» sa ho. Han vart blind av gleda. Han dansa hoppvals rundt hagen enno ein gong.

Men kva i sytten var det-der daa? Musikk, – positiv, – fantar, fantar! Han var burti stasjonstunet som ein vind. Fantar var det gildaste som fanst millom himmel og jord, – knivstikk og hundar og rare kvinnfolk – og so musikk, serafers musikk, hei, hvor det skal gaa!

Han stod der bleik og mager, men med brennande ^[91]kinn og oppbøygd nasetipp, og stirde paa herlegdomen med store myrkblanke augo og munnen open for dei store kvite tennerne. Brunerne gjekk liksom eit svart breidt strik yver augo, som paa mora. Kjakarne togg av undring og age; henderne hekk store og tunge nedmed sidorne, – han hadde gløymt deim. Haaret stod paa kne baki nakken. Ut-gjenom eine skoen stod ei raud sokketaa. Broka sat som pinna paa kroppen og naadde berre midt nedpaa leggen. Kring halsen hadde han eit kvitt ullskjerf med diger knute; det stakk fram under vesten nedantil.

Det var hunden til greidor! Aldeles Slik laat og leven, det. Der var hestar, og der var vogner, – vogner med kvinnfolk og fillor og ungar og allslags rart. Hundar òg. Hundar i vogn, og hundar i band, og lause hundar som for og

gneldra og gnall. Det var eit liv, san! Og slike kvinnfolk, slike rare vakre kvinnfolk som der for, med sylgjor og band og raude stakkar; og mest alle so bar dei eit barn paa ryggen. Dei hadde dei vel stole. Ein av kararne hadde vore inne paa stasjonen og høyrte um øl, men hadde ikkje faatt noko. No skjelte han paa egta reinhekla tatarmaal. Men slik ein underleg skruv hadde han daa aldri i si livetid sett. Hatten bak i nakken, vesten oppknappa og blodraud skjorta derunder, henderne paa ryggen sumtid, i broklumma sumtid, men sumtid i vestelumma og; lang og ledug, og turr og tunn, – det skulde visst vera ^[92]ein oter til aa slaast, vilde han tru. – Men den gjenta der Han vart so rar, berre ho saag paa han. Han drogst nærmare, han var komen heilt burttil eine vogna utan at han gaadde det. *Slik* ja, var ho, dronningen av Saba, som fristede kong Salamon med mørk tale! Best det var, snudde ho seg imot han og sette eit par kolsvarte augo i han, so det gneista etter. Han skvatt attende.

Munnen opna seg enno meir.

«Har Di inte sett folk før, Di?» kvæste ho.

«Jaa ...» stota han og stod handfallen.

«E' du svulten, hva? E' – du – svu-ulten?»

Det var han som hadde vore inne og spurt paa el, som kom burtaat. Han vende sida til og ledde med eine handa, vilde visst slaast.

Han fór sin veg. Det var helst vaalegt folk, det-der. Men det var daa noko anna enn desse grytfot-fantarne, som for og slong innum paa Holmen sumtid.

Han sansa seg ikkje, fyrr han var komen ned til stranda og saag at sjøen hadde fløtt upp. Det var sant: heim skulde han ikkje fyrr seint paa kvelden, paa neste fjøra ... han fekk tidsnok skjend. Men han var so liderleg svolten; det var *det*; fraus gjorde han og. Og so var det det-der farkpakket. Deim vilde han ikkje ha meir med aa gjera. Han vilde heim. Han fekk ropa etter baat; kjerringa kom vel, um ho ikkje var blid. Men daa han skulde sjaa seg attende, stod ho Bolla i glaset og saag hityver til han. Jamensant, ^[93]jamensant! Han reiv av seg luva og svinga med ho.

«Længe leve de døfødte!» ropa han.

Dermed sprang han beint i sjøen og vod yver til Holmen. For her saag ho *guten i røyken*, det kunde ho taka seg bak paa. Det gjekk han til midt paa laaret. Det kunde gjerne ha gaatt upptil slirreima ... det kunde gjerne ha gaatt heilt yver

han, for den saks skuld ... Naar ho saag paa! Mora skjemde ikkje. Det var det verste.

Daa skjemdest han, so han mest tapte mathugen. Ein under øyra var igrunnen det greidaste.

«Du skuill' arbe meir, so aat du meir,» sa ho. «So vart de' kar taa dæg.»

Han lova det. Han skulde – det svor han innvertes – arbeida so det lyste grønt etter! Det skulde dei faa sjaa. So skulde han dengja kvar ein fark som for, og gifta seg med den vænaste gjenta han saag. – Og han gjekk ut og hogg ved, slik at mora var reint upp i under. Han kjende det paa seg, at han var *guten i røyken*, same sytten kva han tok seg til. Bi berre, til karen er fullvaksen! murra han.

– Utpaa kvelden, klokka var ikring 8 visst, lende det ein baat i støda. Det var fantar, tvo karar og tvo kvinnfolk, det eine med barn paa ryggen.

«Fark!» sa ho Stina. «Men de' ska' bi løgn aat dæm, de'!»

«Dæm e' vesst si'¹⁵ te aa slaass»

^[94] «Dæm kjæm ikkj' her, ikkj'!»

«Kofer de' da mor?»

Ho saag paa han.

«Aa, 'n bi aillti' fark tis'nok.»

«Verri væll!»

Det var skilnad paa fant og folk, det skyna han. Og han skulde verta folk, han, var meininga. Det var ei gjenta og, som var folk, ja ei gjenta ...

Tvi vøre allslags fant!

Dei kom inn og bad um husrom for natta.

Nei, meinte ho Stina, det vart det ikkje noko av.

Den eine tatergjenta, den han hadde vore ute for, tok straks til aa bruka seg. Klokka var yver aatte, sa ho, og dei visste vel kva loven sa? Og dei var skikkelege ferdafolk – – kanskje ho heldt seg likare, ho Dei visste no kva ho var for ei.

Gamla svara kvasst, – det vart eit syndigt hus. Den eine av kararne tok til aa stella seg som han var heime alt. Magta raar! let han. Han Bendek hadde staatt forsagt og stirt paa tatargjenta. Det var gale, skulde ho liggja ute. No var det som vaska av han.

«De ska' bi stoppenbrink aat dæg, de'!» sette han i. «Her e' guten i røyken her!»

Fanten plistra og sette upp eit langt, løgjelegt andlit, medan han slog seg paa sliren.

«Æg e' ikkj' ræidd kalt staa nei, maa du ikkj' tru!» skreik guten og flaug paa døra.

[95] Kom so drivande inn med øksa i veret.

«Her e' guten i røykjen aa øksa hass!»

Han sprang midt frampaa golvet, hoppa til vers og dreiv øksehamaren i golvet med all si magt, blaaraud i andlitet og stiv i augo.

«Gud bevare kongen og fædrelandet!» skreik han.

Det bar paa dør med fantefylgjet. Det lyste vaalegt i augo paa den guten, og so var lensmannen so tett ved. Men ho som sist gjekk ut, – det var ho som hadde klumsa han so –, vende seg i døra og saag paa han med dei svartblanke augo.

«Vælkomen etter!» sa ho og smilte og blunka.

Ho Stina dreiv ho ut med ein grøteleg eid. Guten opna munnen halvt, daa ho saag paa han; enno stod han der og stirde, storøygd og bleik.

Kor – rart

«Ka du bi-lov, gut?» sa mora rædd.

«Fanken te førkje, du!» sa han og risste seg som ein vaat hund.

«De' bi vel so dæm te' dæg læll, heilst.»

Mora sukka og saag tungt framfor seg. Det rørde seg kring munnen paa ho.

«Te' mæg? Aildri i verden – og ikkj' da heill!»

– – – Ein dag seinare slong han innum paa buda hjaa bakaren.

Bakaren spurde, um han *ingenting* gjorde um dagarne.

[96] Nei. Ikkje tæren.

Livde han av det daa?

Livde av det ja? Det var just det han livde av!

So bi de' bærre fatti'lusa taa dæg, aill din dag. Du skuill' arbe, kar. Du maa da skjæmmast

Han gjekk. Arbeida? Ja, nytta det med det so. Han var ikkje god for aa tru

det, han. Han kjende seg so veik, so rar. Nytta ikkje. Hadde det vorte krig, det var eit anna maal; daa skulde han ha gjort ess-ar som sa seks; men aa ganga og fila og arbeida, det nytta ikkje; han vart klein av det.

Ho Bolla stod utanfor døra, daa han kom ut. Han ljosna upp med det same, – det var fanken til fint ver Men ho gjorde strutt og kalla han lathans.

Han sagga ned til stranda. Han var vaat paa feterne, og fjørasanden smaug inn i skorne, – det var so liderleg leidt. Det vart berre fatiglusa all hans dag, og paa Holmen skulde han ganga og eta sild heile livet. Sunde skor og lappa brok Han var fortærande leid i seg. Men tvi flesk, san! Det var ikkje for det: han var *guten i røyken*, han. Det skulde dei merje-meg bli var.

Fjortan dagar etter kneip dei han for stuld. Han hadde brote seg inn hjaa landhandlaren i Ramsvika og stole sylvpengar og kamferdrops.

[97] Dei spurde kvifor han stal. Det svara han ikkje paa. So slepte dei han den gongen; dei laut fara raadlegt fram –og sjaa, sa dei. Men konfirmera kunde han ikkje verta det aaret; det var so. Mora gret, og dagarne var vonde. Han braut seg inn paa banken og vilde stela heile pengeskaapet, – for var han *guten i røyken*, so skulde det spyrjast! Ho Bolla Larsen fekk ha det so bra; det var ikkje til ho han stal pengarne. Dei kom yver han, og so bar det i holet. Dei svelte han nokre døger og slepte han so ut att. Det var so keidsamt med det at mora gret. Det var det. Og denne taterteksa hadde fare der i grenda heila tida. Ho var der nok enno og. No kunde det plent vera det same Men han laut no heim og segja vælliva til mora. Det hadde kome snø, litegrand, so mykje jorda var kvit. Kvelden var fin, still og linn i vêret. Sjøen laag der utanfor, hørde han, laag og sulla so smaatt; der saag han ei stor, kvit stjerna. Det var fint. Han kom til skogen austum bygda heime. Der var det myrkt, mest. Det lukta skog, tykte han, gran. Og yver grantopparne stod det store blanke stjernor og lyste. Han gjekk og blistra.

Der kom det nokon. Tvo fantegjentor. Værri væll, san.

«E' de' guten i røyken?» sa ho. «Kjem du no?»

«No kjæm 'n ja.»

[98] «Bli du me'?» sa ho og smilte. «Vi tar en langtur.»

«Ja.»

«Vælkømmin da!» log ho.

«Takk!»

Og so hadde ho han. Og han var ho ikkje for god, sa dei.

Det same tykte han sjølv.

Han Lauris

[99] Dei visste ikkje kor godt dei hadde det i Dalen fyrr *han* kom. Daa sat han Paal i midten som ein fredsyrste, og so han Arn paa den eine sida og han Henrik paa den andre. Det skulde sjaa rart ut, um det kom noko vondt imillom deim daa. Det var no kvinnfolki, einast. Ho Olea hans Arn var ikkje fri at ho bar litegrand, naar sant skulde segjast, – og han Arn, slik ein fuling, han gløynde nok ikkje det han hørde, han. Slik sa dei vesti garden hjaan Henrik. Og ho Olea – det var ikkje so *ho* vilde segja det –, men ho visste no det, at det skulde ikkje so mykje til fyrr ho Johanna vesti garden rauk upp; det var krut der, skulde dei vita. Ho tykte berre ho laut nemna det. Men likevel gjekk det so eiende godt, den tid han Paal livde. Var det um hest a a gjera, so var han Paal ferdig, og var det eit tak nedmed sjøen, likeeins, eller same kva det var. Dei hjelpte kvarandra, og dei gjekk til kvarandra, – dei hadde det so koselegt, at. Aldri eit vondt ord imillom grannarne, noko som [100] var, daa. Det var reint rart aa tenkja attende til den tid, og koma ihug.

Det var ikkje han Paal som sat burti stova no. So mykje kunde ein skyna og sjaa. Det synte seg alt fyrste dagen, daa han kom med flytningsfarmen. Dei gjekk og venta paa at han skulde koma upp, – dei stod reiduge til aa hjelpa til med uppskipinga, som brukelegt var der. Men han gav berre paa aaleine, han og kjerringa, lest ikkje som han visste at det fanst folk i nærleiken. Og so daa han skulde setja inn sekstringen, ⁿ⁶ – han Henrik var sanneleg paa spranget og skulde iveg, han, som brukelegt var; men so sa ho Johanna at *det* let han vera, so mykje han visste det; dei skulde ikkje nøyda seg inn paa han; naar han var sjølvhjelpen, so var han sjølvhjelpen. Ja, det gjekk no med sekstringen, – naar han kommandera ut baade kjerring og ungar. Det var synd aa sjaa, retteleg; men ein laut no mest læ og. Ho Johanna var smaatt arg paa deim austi garden, – det var noko tull, kva det no var. Ho fekk iveg og høyra det lell, kva dei tykte, um dei ikkje tykte det teikna godt til med den nye grannen. – Men daa han skulde inn med

otringen, det var no det verste likevel. Der stod dei og blaa-sleit, heile huslyden, – sanneleg, tausa deira maatte vera god av seg, som gjekk med paa slikt. Dei rikka han ikkje, som ventande var det. Daa gjekk dei upp ifraa sjøen, dei andre; men han ^[101]Lauris vart att. Gutungarne hans Henrik var nedi fjøra, – slike karar fer no allstad, og alt høyrer dei –; dei høyrde han sa det, daa dei andre gjekk: «In ska'n no læll, so samt æ heiti Lauris!» So bar det til, inni naustet, med hogging og banking og allslags tilstand heile kvelden utyver og til langt paa natt. Der saag dei endeleg han Lauris kom ut og gjekk ned til baaten. Han kom med eit tog og gjorde fast; so inn i naustet att. Sanneleg – kom ikkje baaten sigande upp etter lunn-brua og gjekk inn. Hadde vel gjort til nokorslags spelgreida, venteleg. Berre for aa syna folk at han var sjølvhjelpen! – Han Arn kom vesti garden. Dei hadde sete uppe og set paa det der, dei og. Han hadde ikkje vore aa sjaa, no paa ei stund, – det var noko smaatt tull imillom kvinnfolki; men no kom han lell, endaa det leid langt. Det var so heile kulryggen dissa.

«Konsten stig,» sa han laagt.

Ho Johanna log. «Ka du tykkji du?» sa ho. «Hainn e' sjølhjølpin, dem der kar'n.»

Dei kjende det elles paa seg, den dagen han kjøpte garden; daa han la seg frami og baud yver deim. Det var greidt, kva slags granne det vart. Det var meininga, *dei* skulde ha kjøpt garden, og bytt han imillom seg, det hadde høvt so godt.

Det skyna dei òg, folk som vilde skyna det. Men han hadde pengarne, han, trudde dei no, daa, so det var ikkje aa tenkja paa. – Ja, berre det, at han kjøpte gard der, han, einaste sonen i Aune, ein ^[102]stor gard paa andre sida fjorden – berre det var nok. Han kunde ikkje forlikast med far sin; det var det. So kunde ein rekna seg til korleis det vilde verta. Der hadde han gaatt heime og gjort som han sjølv vilde, og so gifta han seg med tausa, endaa foreldri bad so vakkert. Det hadde gaatt ord um han, alt ifraa han var smaaguten, kor galensinna han var, og kva *kar* han vilde vera. Han Henrik hadde gaatt for presten i lag med han; han mintest det nok. Dei log seg mest forderva naar han fortalde. Slik som naar dei drog krok.

«Aa nei, hainn Lauris heild ti, hainn!» sa han gjernast. «No va' æ Lauris ein gong igjen ...»

Det var reint som det var utgjort, at dei skulde faa den der bakmeisa imillom seg. Men han Per Bukta sa at det hadde aldri gaatt so bra i Dalan som no. Fyrr var det eit av tvo: anten var dei so arge paa kvarandre, at dei sat berre og harma seg, eller so var dei so blide, at dei berre gjekk gardimillom og drakk kaffi. No var dei so ovundsjuke paa han Lauris, at dei arbeidde mest ihel seg; so sjuke var dei, at dei heldt ihop baade paa sjø og land; dei gløynde reint aa vera uvener, sa han.

Ho Olea hans Arn hadde faatt i det, kvar det no var, og so gjekk ho vesti garden med det; ho tykte berre ho maatte nemna det. Men ho Johanna sa, at det kunde vera slikt slag for ho, same kva han Per Bukta hadde utor seg; det var ^[103]ingen som trudde han, og slettes ikkje var det nokon som tok seg nær av det, det maatte han endeleg ikkje gleda seg paa, – ingenting vart ho aldri sinna for. Men *der* gjorde han ikkje aa koma oftare med tomspannet! Det same sa ho Olea; han gjorde ikkje aa koma der meir, um det var noko han vanta. – Ja, ho tykte no berre ho maatte nemna det. Og det tykte ho Johanna var rett.

Kona hans Lauris, ho Rebekka, var det vondt um, det laut dei segja. Ho var reint vitskræmd, ho, og so hadde ho tæring. Det var reint ille. Han Lauris saag ut slik, han og, som han baade var vitskræmd og hadde tæring; men han var ikkje plaga med nokon av dei ting. Og borni: so elendig blaableike og tunne, og so rædde som dei stirde paa folk! Og var det folkeleg aatferd aa jaga dei smaa gjentungarne upp klokka 5 vinters dag, og hava deim med seg paa sjøen – paa ein kopp separator-mjøl? Men det var same toet i deim og. Meiner du ikkje: her ein dagen ho Johanna bad deim inn og gav deim kaffi – dei kom fraa meieriet i slikt eit vêr og var so vaate og gjennomfrosne at – – ho hadde so hjartans vondt av dei smaa krokarne, ho var slik, ho –, ja, so skal du høyra: «Dokk e' blaut, mein æ,» sa ho, «og frössin,» sa ho. «Pytt san!» sa dei, – det gjorde ingen ting. Nei daa. Det var same slaget. Ja, ho kunde – Herren tilgjeva ho – ikkje berga seg: «De' e' vesst litigrainn Lauris ^[104]ti dokk aa, mein æ,» sa ho. Og det tykte dei var gildt, retteleg, stakars tulltyet.

No hadde han vore avstad og kjøpt hest i haust, langt inni bygderne. Gamle Rav'n etter han Paul var ikkje noko til, han, skyna du, – den skaut han straks. Stort fylgjer stort. Dei fekk no sjaa. Tru um ikkje pengarne hans Gabriel Aune traut eingong. Ho Olea hadde sagt det gale ordet, ho: det kunde verta auksjon i Dalan enno ein gong. Dei saag nok han var kar den dagen han kom med hesten.

Han pila elles beinvegen nedmed stranda, men den dagen drog han beint framum vindaugo vesti garden. Det h vde slik, at han Arn sat der daa han kom, – ho Johanna vilde slett ikkje segja at han sat der og lura paa «inntoget» –; men nok var det, han var der no. Han sat endaa burti benken framved glaset.

«Sjer dokk der, dokk!» sa han. «S les ska'n gj erra ja, naar 'n vil ha hesten litigrainn kvekk ... de' e' b erre aa klip'n inpoinn hokko.»

Alt ser han no, han Arn; sjaa, det er slik ein fuling at. Men det var visst sant han sa. Men det kom an paa, san, den dagen hesten skulde temjast, – for tamd var han ikkje. Det var ikkje sagt han kleip han under hoka den dagen, var dei r edd.

Kvifor kj pte han terning? spurde han Henrik ein dag.

«Vil t em'n sj l,  e!» murra han Lauris.

Men hadde han tamt hest fyrr daa?

[105] Han Henrik var so god av seg, han, han gav seg gjerne i prat med sin verste uven.

«Hainn faar vel snart kjeinn, at  e' Lauris!» let han.

At ikkje han Henrik *svara* paa det ... sa ho Johanna. Men sjaa, han Henrik, han var so god av seg han; berre godfjotten.

Det bar vel til aa temja, no snart, skyna dei: han hadde gjort istand nytt greide og ein liten ny slede. – Jaha, det forstod seg: no skulde han til. Ho Johanna gjekk austi garden, – ho var so sukkerlaus. Garden hans Lauris laag paa ein rygg millom tvo dalar, so dei saag dit baade ifraa han Arn og han Henrik.

Fyrst bar det ikring fj set nokre vendor med berre greidet paa. Sidan med skj kerne. Det hadde aldri gaatt, sa han Arn, hadde det ikkje vore det at sn en var so djup.

Det vart ikkje so han freista med sleden den dagen. Ho Johanna laut ganga heim med sukkeret. Dagen etter for han berre og masa med hesten burti djupsn en, dei kunde ikkje rettare skyna, enn at han drap dyret. Sistpaa gjekk han som ein gamallhest, terningen; daa kunde ein skyna. – Hadde det vore *hennar* mann, sa ho Johanna, so dykede! Og han Henrik sa det same med seg sj lv, – dykede, hadde det vore *hennar* mann! Men det skulde rett ha vore l gleg og sett

Han Henrik skulde ned til naustet ei vending. ^[106]Daa kom han Lauris oppyver sjøvegen med hesten. Han vekte hesten til sides og stana. Det var ikkje aa segja anna enn at det gjekk fint. Men han visste, at hadde det vore ho Johanna, so hadde ho gjeve han ei salving, – for det var no visst ein forgale kry kar. So sa han:

«Ska' du ikkj' te aa sæt'n fer slea'n snart?»

«N –h! Hainn maa no faa ler aa kjeinn 'n Lauris føst ...»

Det visste ikkje han Henrik noko aa segja til, og so gjekk han.

Men daa han Lauris væl var komen til gards med hesten, spende han for sleden. Maken til kar! No, naar hesten var so utplaga og klarⁿ⁷ at han nettuppⁿ⁸ gjekk Det bar iveg med ein rykk, so snøspruten stod til vers. Der tok han tvirennet for han, – høy der, no gjorde han laust! Men so var det den stora lukka, at det var so djup snø paa sidorne, – ja utan det hadde det aldri gaatt. No fekk han sett han burti snøhaugen. Daa stod det ikkje paa aa vera kar. For noko magt kunde det no ikkje vera i den-der morven, til aa halda ein hest daa.

Han Arn heldt paa aa rota i smidja; det var ei øks han skulde tynna ut. So brende han sanneleg upp staalet i ho. Det var denne nymodens heste-temjinga! Enn han øydela øksa berre ideleg for det der skarveriet! Han slengde ho attum belgen og gjekk beint vesti garden, ^[107]for slikt dyrplageri kunde ein verta harm av aa sjaa paa. Tvi vøre, rett!

Hadde *dei* set slikt noko? Han for sin part var baade mett og utyrst, han, av aa sjaa paa spetaklet.

Ein kopp kaffi gjekk no vel ned? trudde ho Johanna. – Men det var sant han sa. Men du skulde sjaa han bala det til, meinte han Henrik; og naar han aldri hadde havt hest i henderne fyrr, so var det verkeleg mykje. Ja, temjing var det *ikkje!* sa han Arn. Men ein kunde bala det til paa so mange slags vis, det kunde ein.

I det same kom han Lauris etter vegen vestanfraa, han hadde gjort seg ein tur paa den kanten no. Sjølv gjekk han etter og heldt i taumbukta, og hesten gjekk nok so bra, – han var vel so ut-kjaaka, han var ikkje anna god-for. Daa han er midt for laaven i Henriksgarden, kjem det drivande noko utgjenom laavdøra og trillar nedetter burtimot hesten. Det var gutarne, som heldt paa og hakka halm; dei hadde vel kome til aa kasta ut ein sekk, – du veit: naar ulukka er i det

Hesten tverkastar seg tilsides, so baae skjækerne brotnar, og so legg han i rennet heimetter so det staar etter. Han Lauris dreiv aat, men vart hangande med etter taumbukta, med føterne fyre. Burtved grinda tenkte dei det hadde gaatt reint gale, for han styrde beint paa eine grindstolpen og vilde stoppa. Maken til kar, so [108] vitlaus! Han tok med feterne imot, men stupte berre yver ende som ein ball og kom med hovudet fyre. Men uppi bakken nedanfor fjøset var det liksom hesten sagtna paa, litegrand, – daa sprett han Lauris upp og kastar seg ned paa bakenden. Fyrst tvingar han hesten etter vinstretaumen, so han har han heilt ut paa vegkanten, so kastar han seg med baae henderne i den hegre, og hesten ligg midt uppi djupe snøfonna. I same blinken er han uppe og held hesten etter beislet.

Dei andre tvo kararne sette etter, alt det dei var god for, daa dei saag kor det bar iveg. Det gaar aldri væl, det der! sa dei og sprang. Daa dei kom burttil, stod han Lauris og hydde hesten med svipa – den hadde han ikkje slept, sputta blod og dengde av all magt. Maken til kar! «Hi du ikkj' dreppi dæ, heill ... e' du værkeli i live?» auste dei og spurde. «Nokko so gæli, de' ... skoill du aildri ...»

Dei var baade rædde og andpustne. Ho Johanna kom etter, ho var mest graatferdig.

«Ja gjekk de' heildi de' der, so ... Æt du ikkj' slæft, læll! Æt du ikkj' drap dæ»

«Aa, hainn Lauris va' no *Lauris* deinder gongjen aa hainn,» sa han.

So tok han taumarne og kørde vestyver att. Dei andre gjekk etter og tagde og saag paa. – Skulde det ganga, det der og daa? Det undra dei seg paa. Han slog seg vrang daa dei kom [109] burt til Henrik-garden, stegla og vilde snu, – – det var noko dei hadde skyna, heile tida. Han Lauris tok i beislet, – paa den maaten baska han det til – naar han tok svipa til hjelp ja; han stod der og sputta blod og dengde, so det var stygt. Hesten laut fram til laavebrua. So hogg han Lauris neven i sleden, som laag att, og drog han med seg heim, – det gjekk for det same, sa han. «Men, utskjæmt e' no hæsten, lell!» sa han Arn og sukka.

«Ja, de' sier' ikkj' feil, ikkj'!» sa han Henrik, han sukka han òg, og ho Johanna med. Og dei gjekk kvar til seg og tykte vondt um mannen. Kanskje baade han sjølv og hesten var øydelagd. Det var storleg aa frygta.

Ho Johanna koka te til kvelds; det var han Henrik so glad i, te og turmat. For

naar ein har ein skikkeleg mann, og alt gaar bra, so lyt ein skyna paa det. Og gutungarne, det var mest synd um deim, dei kom so reint uforvarande til aa gjera det der. For det var visst, at med vilje hadde dei ikkje gjort det; sjaa, slik var dei ikkje. Dei var reint bleike.

Ho Olea sa til han Arn um kvelden, – ho hadde kome til aa tenkja yver det –, at det var kanskje ikkje trengsmaal til aa skilja senglage enno, med det var vinteren. Og so flutte han Arn ned i kammerset att. Stakar, han var reint glad, saag ho. Ho lova med seg sjølv, at ho skulde vera god imot han all sin dag.

[110] Det var fælt vondt um han Lauris. Same um det var hans eiga skuld. For det var det. Var hesten øydelagd, so – og kanskje han sjølv

– – – Men det skulde dei aldri tru. Hesten var like god, og han sjølv med.

«Æ e' no Lauris, som æ hi vørri, kjeinni æ,» sa han til ho Olea ein dag.

Ho skulde gjera so væl, ho, og spyrja kor det stod til. Jau, daa so Ho tykte ho maatte nemna det, daa ho kom burti garden til ho Johanna. So fann dei ut at det var sant som han sa: han var den same som han hadde vore; og det vart han visst og. Det var for mykje til *eit* menneskje – men lite til *two*.

Det bar til aa køyra timber til skulestova med kararne; dei tok det paa seg i lag, han Henrik og han Arn. Dei fekk gjera det dei som hadde vaksne hestar. Hadde han havt Rav'n no, han Lauris, so kunde han ha vore med, han og. No fekk han ganga og sjaa paa, no, og trøysta seg med at det kanskje vart hest av hans og med tida. Han Arn gjekk so han raaka han ein dag. Det var slik ein fuling, han Arn, – støtt skulde han vera framme. Dei maatte læ, mang ein gong.

«De' vart ikkj' so du tok paa dæ nokko tømmerkjøreng i vinter, du» sa han. Han spurde so truverdig.

«N –h! Hainn Lauris grei' sæ læll hainn,» fekk han til svar.

[111] «Ja –a. De' ferstaar sæ.» Han hosta berre, daa han kom vesti garden og fortalde det. Kulryggen dissa.

– Vinteren utetter var det greidt nok han klara seg utan hest; men kor han kunde faa gjort vaaronna, det visste han sjølv og ikkje dei. Han fekk no visst vera Lauris, ja.

Og han var det. Nokre dagar etter med poteten vart han daa; men so bakvendt som det høvde med veret den vaaren, so gjorde det nett det same. Han

Henrik sa beintfram ein dag, at dei hadde saatt *fortidleg*. Det vilde ikkje ho Johanna høyra, – det var ho som hadde skunda so paa –; at veret slog seg vrannt, kunde ingen nokor raad for. Det var so reint burti veggjerne, kor det vilde til aat denne Lauris'n. Der gjekk han og sagga baade liten og kalvbeint, so bleik og trøytt at det var vondt aa sjaa, og utan ei hands hjelp med gardsstellet; og attaat hadde han sjøen Fyrst var han ute med lina, heile vaaren, og tente store pengar; so tok han ein sildtopp med strand-varpa, han og husfolket berre, 60 maal. Det var forgale og ... liksom det skulde vera utgjort. Ja, og so laksen. Han dreiv med fire nøter aaleine. Her laag det stova full av karar, kunde ein gjerne segja, og dei fekk ikkje ut meir enn tvo; og ein kokfisk var det snaudt dei saag etter. Hadde dei endaa naatt framum han paa landet; men nei.

Ikkje so, at ho hadde vilja havt han Lauris ^[112] til mann, ho Johanna – daa hadde ho heller sprunge lukt paa sjøen. Men ho maatte segja som sant var: han Henrik – det var jamensant liten ihuge for arbeidet i han. Det var harmeleg aa sjaa, at ein annan – og det ein slik ein som han Lauris der –, skulde raada paa deim soleis. Stovetroppa hadde vore moldroti no i fleire aar; ho fekk visst til sjølv, skulde det bli ei ny ei nokon gong. Han Lauris – saalbota ¹⁹ – han hadde bordklætt den eine veggen berre i smaastunderne. Ein kunde verta modlaus og harm. Ho hadde tenkt paa ein vev i sumar, til klæde aat kallen; det skulde beint faa vera, skulde det. – Og han Arn, det var akkurat same tjørekosten det og, det sa ho beint, det vart ingenting med han heller.

Nei, det hadde ho retteleg rett i, sa ho Olea. Det vart ingen ting med han heller. Han gjekk berre imillom smidja og stova og trødde inn lort, all dagen. No skulde dei skilja senglag. – Men var det sant, tru, at ho Rebekka hans Lauris gjekk og sputta blod? Det vart det fortalt. Var det noko i det, so var det forgale at dei fekk senda mjølka paa meieriet. Det tykte ho. – Ho tykte berre ho maatte nemna det.

Snakk um det. Han Lauris – sjaa, um han so sende av det ho ikkje vilde nemna, so gjekk det. Det var eitkvart til *karar* ja, tykte ho Johanna; – let denne votten der gjera som han vilde. Og borni, gjentungarne ... slik som han fór ^[113] aat med deim. Ho Olea tykte, at hadde det vore *karar*, dei som gjekk og saag paa kor han svelte deim og arbeidde ihel deim, so hadde dei teke borni ifraa han. Det tykte ho.

Ho Johanna sa det same. Men ho tenkte paa, at slik kunde alltid den tala, som ikkje born hadde sjølv.–

Men ura han var Lauris aldri so mykje, og var slik ein makelaus kar, – kjerringarne hadde faatt det til slik no –, um han var det, so beit det no rett paa han likevel, trudde han Arn. Slik som han fór aat uppi torvmyra Det skulde dei no bli tvo um! Han vilde sjaa paa det der, lite, – han gjekk beint upp i myra. Dei skulde faa sjaa, baade han og kvinnfolki.

Der stod han Lauris paa kanten av torvholet og reiv upp lyngtorva, tvert yver der dei hadde vegen sin. Han stod ei lita stund og saag paa.

«Du heill paa aa gjer veig aat oss, du, sjer æ!»

«Veig aat dokk?»

«Du faar læt de' bli me' de' arbee. Vi ska' steill' me' de' sjøl!»

Han voks i mælet etterkvart, og det var ikkje fritt det skalv. Han Lauris saag paa han ei stund, liksom skræmd og handfallen; tok so til aa arbeida att. Men han togg kringt paa tobakken.

«Ska' æ' – tak ætte dæ, kainskji? – he?» Han var blodraud i andlitet no, han Arn, og gjekk beint paa med den krokutte ryggen og dei ^[114]store stive smedearmarne. – Enn han ikkje hadde vit til aa vera rædd heller, tosken

Den andre saag upp, og la spaden ifraa seg.

Han smilte seigt.

«No træffi du 'n Lauris, Arn,» sa han

«Æ ska' gjii dæ Lauris, æ!» sa han og flaug i halskluten hans.

«Pass dæ no, pass dæ no,» sa han Lauris og gjekk undan so smaatt. «Han Lauris koinn snart ha att liti tar magta si einno ...» Dermed gjorde han ein vrikk paa seg, og der laag han Arn paa kulryggen i myra. I det same var han Lauris paa bringa av han med kneet. Kallen sette i eit illskrik, so det ljoma, og freista baade aa bita og slaa, men fekk ikkje til. Han skreik att.

Heilt heim høyrdest det, og baae kjerringarne rende uppyver.

«Du store tid ...» jamra ho Olea. «Trøste aa be're!»

«Din smaadævel!» skreik ho Johanna og treiv ein fork.

Ho rende beint paa og slog. Den-der tassen skulde ho daa snart kramla. Men ho sansa seg ikkje, fyrr ho laag paa hovudet nedi gormyra. Han Lauris gjekk

lenger uti myra, han hadde styvlarne paa, og gav seg til aa reinska upp ei vatsrenna. Andlitet var bleikt og skrint; skjegget kolsvart og tavsutt.

[115] «Aa nei,» sa han med seg sjølv; «æ hi no ikkj' glømt taa aa varra Lauris einno ikkj.» Dei andre luska heimatt. Dei skulde vita ei *onnor* raad. Ein skulde aldri slaast med fark. Ho Olea tok kallen med seg inn og bytte paa han. Han fekk liggja i kammerset i natt, sa ho, so det ikkje vart kaldt aat han.

Ho Johanna gjekk og kjende paa kor beisteleg det sveid yver armarne. Det maatte vera ei ugudeleg magt i det der rumpetrollet likevel! Han Henrik, – ja det var skit ikkje han var heime, so skulde det ha vorte annan dans –, *han* hadde og teke etter ho, so bergsterk som han var; men so hardt hadde det slett ikkje vore. Men det var no vel helst det, trudde ho, at han heldt av ho lell, um han var aldri so sinna. Det var nok det, ja. – Han var ein underleg kar, den der Lauris'n, ho vart sitjande og tenkja paa det lenge, – ein meisterleg rar kar Enn han slengde ho som ei filla. Ja ja, dei fekk no sjaa, um han gjorde slikt noko for inkje. Hadde han Henrik vore heime, so betre kjøtet hans For han var no yvermannen hans daa. – Ikveld skulde han sanneleg faa te naar han kom, det var han so glad i.

– Dei trudde det skulde bita rett paa han. Jau, tak deg bak. Nei daa; han øydela torvmyra deira, han rodde med sildnot heile sundagen mest, og han svelte kjerring og born so det var grovelege ting; det var det same. Ikkje [116]saag det ut til at han gjekk ifraa garden heller. Han hadde vel pengar. Han Per Bukta slog frampaa det til han eingong i eit gravøl, gravølet etter han Benjamin Odden, – det er slik ein fulfant og kjeftaure, den-der Per'n. Naar du gaar ifraa garden din, du Lauris, sa han, so skal me kjøpa han imillom oss, me grannarne, sa han Dei skulde vel ha sitt der, dei og, visst, trudde ho Johanna.

«N – h! Hainn Lauris bli dokk fer dryg, e' æ raidd,» sa han og smilte.

Det hadde dei lenge skyna.

Og i grunnen, so hadde ingen tenkt paa det heller, aa faa han ifraa garden. Det skulde einast vera han Arn daa, sa ho Johanna, – det var slik ein fuling det. Men sjaa, han var slik ein forargeleg pligg, at ein kunde verta freista til mangt; ingen er no meir enn eit menneskje. Ho maatte læ, var ikkje god for anna, naar ungarne hermde etter han eller gjorde han eit puss, – det skulde ho tilstaa, so gale det var. Stygt var det gjerne, men kjære folk – slik ein kar

Han Arn lura paa, at det skulde verta slut med natt-arbeidet hans lell, iser

sundags-natta. Han tala med presten. Og presten la i veg so det spraka, – dei saag kor han Lauris sokk undan kvart ordet, der han sat og stirde framfor seg. Dei trudde rett ikkje han la i veg og køyrde høy, naar han kom heim; so mykje var det. Men det var vel nettupp det han hadde sete og grunda ^[117]paa, for daa preika var slut, pila han av fram med stranda og heim i eit renn, – liksom han hadde ein gloande potet i bakenden, sa ho Johanna. Og daa dei andre kom heim, dei gjekk vegen som brukelegt var naar dei kom ifraa kyrkja, so var han i fullt arbeid.

«Du driv dæ, du ...» sa han Arn.

«Nh! – 'n kainn no ikkf *rikti* lægg' sæ fer, ⁿ¹⁰ heiller.»

«Ne – i, de' ferstaar sæ.»

Etter kveldstid sette han i veg og køyrde fram gras uppi Gravdalen. Det vart liggjande att der i dungar um laurdagen, og .no laut det fram til maandagen. Han var aaleine, so godt som, hadde berre ho Litle-Beret med til aa trøda lasset. Det leid langt ut i august, og det stod digert med regnskyer, so det vart snart skomt. Han baska hardt, – der var meir enn han tenkte, og fram skulde det, um so den svarte sjølv var i det. Det var vondt um gjentungen; men inga raad med det. Skulde kjøpa ho eit skikkeleg fint hovudturklæde, naar han kom yver fjorden. Og so var ho no vel dotter til far sin.

Hesten skvatt, og vart standande uroleg. Han tala til han; men han skvatt paa nytt, stirde upp i fjellet og frøste. Det var hoggande stilt. Berre vatnet draup uppi Bratberget yver deim. So sette det i der uppunder hamaren med ein djup, iskald flir.

^[118]«Ha–ha–ha–ha, Lauris!» Han stod maallaus. So tok gjentungen til aa jamra papa, papa. Daa tok sinnet han, eit undarlegt vitlaust, skræmt sinne.

«Ha–ha–ha–*ha*, Lauris!» log det att. «Hail kjæften din, Svartpil!» skreik han. «Æ e' ikkj' raidd dæ!»

«Ha ha!» log det haast og laagt.

Han hiva gjenta upp i vogna, det var ein fange gras uppi, slengde seg sjølv etter og køyrde i tvirenn heim.

«Ha–ha–ha–*ha*, Lauris!» log det etter han fra bergveggen.

Det var so vidt han var god-for aa faa hesten ifraa, – han var so rar for bringa; – slepte hesten laus ute, med greidet paa, og for inn. Han tykte det kom

etter.

– – Dagen etter var ho Store-Beret og ho Litle-Beret burti dalen paa austsida og skulde flytja heimekua. Ho hadde tulla seg, faatt tjoret ikring ein busk, so det stod ikkje til for deim aa faa ho laus. Gav seg gjorde dei heller ikkje; det skulde bli!

Lauris skulde dei no vera, um dei so var berre reiveborn Ho Olea tykte ho maatte avstad og hjelpa deim, lell; kunde ikkje standa og sjaa paa det der. Dei saag baade rædde og forundra paa ho. Det kunde dei ikkje skyna, at ho kom og hjelpte deims at ho brydde seg um det.

[119] Dei fekk vel fram alt graset utor Gravdalen igaarkveld? spurde ho.

Næ – i. Ikkj' alt nei

So? Kvifor det daa?

Ho Litle-Beret saag ned, stod og sparka i jorda med treskoen og togg paa turklædesnippen. «Hainn far sa æ fekk ikkj' fertæl de', sa'n.» Det var so rart med det, sa ho Olea. Naar ein ikkje heldt helg, so. Det var mykje at ikkje styggen sjølv kom og tok deim.

Gjentorne hiksta til og vilde graata, men so klara dei seg.

Ho skunda seg heim. So gjekk ho vesti garden ei vending. Ei stund etter sende dei bod paa han Arn og; han Marius hadde fødedagen sin imorgo, men so tykte dei det var det same at dei gjorde det av idag, det vart ikkje noko høyvêr korso. Dei hadde elles klemt paa som karar med onna, dei vilde sjaa um dei ikkje skulde klara han Lauris. – Han Arn laut drikk tri koppar kaffi, det var ikkje bøn for anna, drakk det sanneleg sjølv og, ho Johanna, *i dag*. For han var ein makelaus kar, han Arn, naar han gjekk ut paa det

Sjølv log han ikkje; men kulryggen dissa so smaatt, og det var eit godvêrmerke, det visste ho. Han tykte det var verst for hesten, sa han. Fyrst rende han so ubeisteleg nedgjenom steinvegen, og so aat han mest ihel seg i havreaakeren um natta; han stod midt inni og sukka daa dei [120] kom upp. Men det var no vel fult aa vera han som sat uppi òg, slik steinutt veg.

Han Marius sa at dei hadde funne ei stor gul tonn uppi vegen daa dei for med kyrne, um det ikkje var ei han Lauris hadde køyrt utor seg, tru?

Dei maatte læ, kor gale det var; og so fekk dei endaa ein kopp kaffi. Sjaa, dei

skulde faa ein minder ein annan dag, sa ho Johanna.

– Det vart berre sjukdomen med ho Rebekka hans Lauris. *Noko* til hadde ho aldri vore, utan til aa faa born – det var ho grov til; det var 5 paa 5 aar det. Slikt svineri! sa ho Olea, – ho hadde ingen, ho –; det fekk daa verkeleg vera skilnad paa katt og folk. Men no leid det visst paa slutten med ho, stakar. Som ventande var. Og som væl var og. Dei var der og vaka yver ho dei siste næterne, kvar sin tur. Sjaa, det er so rart, naar *han* kjem, dauden ... ein fær leggja burt alt anna daa, sa ho Johanna. Og dei tykte han var liksom spakare, han Lauris og, no i det siste, sidan han saag kor det var med kona.

I likferda var dei med alle, som brukelegt var. Ho Johanna tok veslebarnet so lenge, endaa ho hadde nok fyrr, meir enn nok; dei austi garden tok aat seg ho Litle-Beret; ho skulde vera som deira eiga, sidan Vaarherre ikkje vilde dei skulde faa sjølveigande born. Straks etter flutte han sjølveigande, her: sjølveigne.

^[121]Lauris heim til Aune. Han Henrik og han Arn kjøpte garden av han. Han kom og baud deim garden. So fylgde dei han yver fjorden med storbaaten, so han kunde faa med seg alt i ei venda; baae kjerringarne vart og med.. Det var so rart, tykte dei. Ho Johanna var tjukk i mælet, naar ho tala, og ho Olea var likeeins.

«Du hi gaard godnok her, sjer de' ut fer,» sa ho Johanna.

«Gaarden e' aillti' bra nok.»

«Du tek 'n da, veit æ?»

«Nei.»

«Koffer ikkj' de' da?» undra dei. «Kjære ...»

«De' e' ikkj' nokko att taa 'n Lauris, no,» sa han.

Berre «verden»

^[122]Nei, det maatte ho segja, ho Marja òg, at slik som i kveld hadde ho ikke sunge fyrr. – Ja, og ingen skulde koma med det, sa ho Aletta, at det var noko meir verdslegt med songen hennar enn med dei andre sin. – Det! Nei, det var berre noko han Haagen for med, det, sa ho Marja, berre ideleg vondskap. Han hadde fritt aat ho, hadde han, det var saka. – Nei? meinte dei, ho Aletta og ho Jørgina, – det hadde han no vel ikkje, likvel? Jau, han hadde rett det ja! Ho hadde ikkje nemnt det, hadde ho ikkje visst det.

– Der hadde dei det! No skyna dei Dender gamle stivfoten der – ja slikt skulde ein no ikkje segja, men – –

Ho dei rødde um stod framved talarstolen med gitaren i raudt band yver oksla. Ho var høg og grannvaksi, svartklædd med eit breidt kvitt belte kring den smale midja. Hovudet med det store, myrkbrune haaret var oftast bøyggt fram, sumtid til eine sida; men av og til lyfte ho det, og daa lyste det kvitt av panna yver dei myrke, faste brunerne. Og av og til gjekk augo fraa ^[123]den eine til andre, liksom dei leita, tvo store brune, aalvorlege augo. Det var ikkje sorg i dei, det var ikkje gleda heller; det var noko sjeldsynt, rart, som dei ikkje skyna eller hadde noko namn paa. Dei hugsa dei berre, og tenkte paa dei. Ofte var det som dei saag langt burt og gløymde alt.

Nei, slik som i kveld hadde ho ikkje sunge fyrr. Dei sat stille og stide paa ho, alle. Nedmed døra vart det og stilt. Brukskararne – det var verkeleg rart med deim, naar ho song. Det var vel so, at Herren var i tonarne, at han liksom bruka deim som ein reidskap, naar han vilde folk skulde tagna for han, trudde dei. Det tenkte han Elias paa, og det same fann han Johannes ut; dei skyna det no. Men han Haagen og dei som sat ikring han, saag beint i golvet. Det var berre verden ho tala til, kjøtet. Han gjekk ut, han Haagen. Utpaa troppa møtte han ho Marja, ho stod-for med kaffien, ho, og hadde mangt aa sjaa etter.

«E' de' ikkj' store teng læll, synes du?» spurde ho.

«Ka' som e' store teng?»

«Kor ho søng – ho Hjørdis.»

«De'? Bærre værden.»

«Værden? Som faar dæra te aa –aa graat mest, aill ihop»

«Bærre kjøte' ho røri.»

«De' va' da bedrøveli te kjøtt du ha aa, som ikkj' toli so pass,» sa ho og smatt inn.

^[124]Han vilde svara, men vart forsein. Men ho skulde no ha det, daa. Han skyna kva slags kristen ho var. Og mange fleire og. Berre verden.

Han Haagen gjekk ut i kveld og, medan ho song. Ho skyna det ikkje; men det var ikkje fritt anna enn at det gjorde vondt. Likevel – ho var glad. Aa ja, ho var glad! Ho kjende daa Herren var med i songen hennar. Han fyllte hennar hug og

gav ho magt yver hjarto. Alle desse augo, som stirde so stygt paa ho der nedifraa – dei vart tame liksom, stille. Hans og – den verste av dei alle. Han stod ikkje der midt paa golvet lenger og togg og kaldlog, han sat burti ein stol, so liten og tankefull. Han saag paa ho, ender og daa, men mest som han var rædd. Ho tykte so grangjeveleg at dei bad, desse augo. Ho visste ikkje, men. Det gjekk ho so djupt til hjarta. Ho visste noko um han, mykje og ... det sveiv ho, for at ho skulde syngja han ut av det. Syngja han ut av det Det var det ja! – Han Haagen? Dett sokk i ho med det same, la seg som kald skodda i kring hjarta. Kanskje det var gale og, faarlege vegar? Og mælet veikna, og songen døydde av. Ho tykte daa Gud var i det ho song; men no vart det so tomt og kaldt.

Ho gjekk heim fraa festen.

Utanfor bedehuset stod han, aaleine. Maanen lyste beint i andlitet paa han, la glans yver det.

^[125] Han lyfte paa huva daa ho gjekk framum; og saag etter ho; men sa ikkje noko.

Det var snø og halvmaane. Fjelli stod svarte ikring med maaneskin paa topparne. Ho gjekk og saag paa det, og tykte det var so godt. Gud kom att. Og alt som gav ufred og gjorde vondt, det kom burt. Slike vakre fjell det var her. Dei lyfte topparne so høgt upp i maaneglansen. Det var liksom ei livstrygg tru i det. – *Han* ... Ho saag attende. Enno stod han der. Ja so. Ho skulde ha tala til han, kjende ho no. Naar det ikkje var for sin eigen part. Det var daa noko ho skulde og maatte. Var det aa berga han? – Maanen lyste, og det var stjernor, store og smaa, kviskring ifraa heile himmelromet. Paa det vilde ho tenkja; det var slik fred i det. Det maatte visst han og kjenna, der han stod, at det var fred derute. Og at det var ein Gud i det, – som let stjernorne tala. Hadde ho berre havt mod Sidan. – Deruppe laag bruksstyrar-garden. Maaneljos i alle vindaugo. Der var det ho budde ja. Lærde borni abc og tysk og pianospel. Og so hørde det med, at ho skulde vera «troende» ... det var det verste. Ho tente verkeleg pengar paa det, at ho var «troende». Men det var det inga raad med. – Aa nei, fjorden der utpaa! Noko so usegjeleg myrkeblaatt og djupt og rikt! Ho vart liggjande svevnlaus lenge utyver.

Det stridde so i ho. – Ho *maatte* .. det var greidt. Men kor skulde ho, skulde ho – fanga modet?

^[126]Nede i bedehuset var han Haagen upp og tala. Han aatvara imot verden og alt som høyrer han til, det som smyg seg ikring oss og inni oss og lokkar dei vonde lysterne fram.

Ein god mann kjenner seg sjølv, sa ho Aletta. Det same vilde ho Jørgina segja.

Han tala um dei fyrste kristne, og skjemde paa dei som no bar kristen-namnet, – som sat her med allslags jordiske tankar og trudde det var Herren dei var fyllte av. Han visste det nok; kva dei var rørde av. Og han deruppe ... visste ikkje han det, trudde dei? Men so var naaden so botnlaus, det var det. Han nemnde fleire bibelord som tala um det.

Dei bøygde seg under ordi hans, mange av deim, – han Kristian og han Peder og mange fleire ungdomar; dei saag ned og tilstod for seg sjølv. Men djupt derinne i hjarto – synda har so djupe røter i oss, diverre – song det eit varmt og vænt maal, og to brune augo lyste. Verden, verden. Utan Herren si hjelp gjekk det nok ikkje, det kjende dei; men dei lova med seg sjølv, at dei skulde sigra yver det vonde lell, ved hans hand, som det staar. – Mange av kvinnfolki saag og no, at det bar gale av sidan ho frøkena der tok til aa koma paa møti. Sjølv veit, san, –ei slik kunde ingen tru. Og kor som var: det var noko verdslegt med songen hennar, og spelet. Sjaa paa han Kristian – og mange fleire – det var *ikkje* noko godt i det. Men at han Haagen ^[127]stod der og brækta um det, det var no væl stridt. Han! Han var no visst so forgjord som nokon kunde bli. So mykje skyna dei og. – Aa ja, fullt av daarlege aks, san. – Men kunde det vera noko i det, at ho liksom saag etter han Beier, tru? Det var no visst berre lygn. Ho Hansina tykte ho kunde no spyrja um det; det var ikkje noko aa høyra etter lell, det han Haagen sa. – Um so var, sa ho Anne, so skulde det ikkje undra ho. For gudsfrygta hennar, det maatte ho segja som det var til: den trudde ho ikkje paa, fekk ikkje naade til det. – Nei ... det var gjerne so. Ho Hansine drog seg til minnes, at nett det same hadde ho Anne sagt um *hennar* gudsfrygt og. Det var slett ikkje sagt det var noko i det der med ho og han Beier, sa ho.

Det *var* noko i det. Det kom so rart yver ho, eingong ho stod der og song. Han var full, visst, og gjorde braak, – dei tala um aa kasta han ut. Ho gløymde reint at ho song, saag berre paa han; det var so meiningslaust at *han* kunde vera slik. Og han vart still og gjekk ut Vende verkeleg ryggen til, og gjekk ut med faste steg. Sidan um kvelden sat han langt burti stolarne og stirde paa ho, men slog augo

ned naar ho saag paa han. Ho nemnde han for ei av systemne, og ho fortalde kva kar det var. Han hadde vore trulova, men gjenta vart vakt, og han tok til aa drikka. Sidan hadde det vorte verre og verre med han, – som alltid det, naar ein ^[128]trassar Herren. Ein unge hadde han havt, og drakk gjorde han; og spotta; Herrens aand hadde veget ifraa han. Daa hende det rare, at dess meir gale ho hørde um han, des meir drogst ho til han, – det var so vidt ho ikkje gjekk burt til han og strauk han yver panna. Ikkje for si eigen part, det visste ho, var so trygg soleis; ho hadde stritt ifraa seg med det der, og no sat ho paa oskehaugen av si lukka her i livet og song. Det var noko anna. Ho skulde – maatte.

Og no var ho ikkje rædd. Ho hadde Gud med seg til det. Kanskje dei venta det av ho, venerne og. Dei hadde nemnt han, stundom Fjortan dagar etter var det utlodding i arbeidslaget. Ho gjekk ut um kvelden, hadde ikkje ro inne. Bygda laag i stillt halvmyrker, med blanke ljøs fraa gardarne nedyver og med fjelli og skogen i ein svart halvkrins ikring. Ho stod og saag nedetter vegen. So gjekk ho.

Deruppe stod stjernorne. Dei saag og saag. Langsmed vegen stod store tre og sprikte med dei nakne greinerne imot himmelen. Dei lydte og lydte, talde kvart føtt ho- tok. Det heldt anden liksom, alt saman. Fjorden med, som laag i myrkret der utpaa.

Paa vegen utanfor huset stana ho. Det var seint, klokka var alt ti, – det hadde ho ikkje tenkt Utloddinga var visst slut no, og so skulde dei til aa dansa. Hjarta hamra fort og ^[129]tungt. Ho gjekk inn. Nett med det same ho opna døra, sveiv det fyrste paret yver golvet; straks etter kom det fleire. Han og. Det hadde ho visst, hadde kjent det paa seg. Han for sterk og lett framum med ei læande gjenta innaat seg. Det og hadde ho visst; det hadde staatt slik for ho heile vegen nedetter.

Det var ein vill leik, tykte ho. Feletonarne var so sterke og harde, og dei mana so vitlaust. –At dette var han! Aa ja, ho hadde nok visst det og. Slik var han daa. Han dansa som ein galning. Andlitsdragi var stive, augo mest som glasne. Slik var dei, alle. Han var vel full Ho hadde daa visst um dette fyrr, – kvifor gjorde det daa saa vondt? Ho var so klemd for bringa, og so turr i halsen.

Ho vart standande nedmed døra, flutte seg ikkje, slepte han ikkje med augo. Dei saag paa ho, og kviskra og undra seg. Det var noko ved ho, noko yver panna og i augo, som baade tryllte dei og heldt dei ifraa. Ho gaadde ikkje noko. Dei

store augo fylgde han rundt og rundt. Med ein gong kom han ut or takten og stana, og dei som kom dansande, skubba han til sida. Han slapp gjenta, saag ho, – so vart han burte i fjølden. Der kom han fram att. Andlitet var raudt, og augo stive; han stirde paa ho og kom nærmare. Men etter som han arbeidde seg nærmare, vart han annarleis. Smilen vart so uviss, og han togg ikkje lenger; og han slog augo ned ^[130] og vart standande. Andlitet var myrkt no, og kvart draget var som rita i stein. Slik myrk ei sorg

Ho visste ikkje kva ho skulde gjera. Tala til han kunde ho umogleg. Nei, det kunde ho ikkje. Men ho kjende ho hadde magt yver han. Det var Guds vilje Han kom vel.

Fyrr ho skikkeleg sansa det, var ho ute i gangen att. Ho opna yterdøra, gjekk ut. Det kunde ikkje – kunde ikkje – henda anna enn at han kom etter. Han kunde ikkje faa fred derinne.

– Daa ho stod ute paa troppa og stræva med eine votten, kom det nokon ut. Vart standande attum ho. Ho kjende kven det var. – Det var det ho visste, at han kom.

Han helsa, daa ho snudde seg.

«De skulde – burt herifraa,» sa ho.

«Ja,» sa han laagt.

Og dei gjekk. Det var blaa høg himmel yver natta. Av og til gjekk det ein lett sukk yver fjell og skogli, men fjorden rørde seg ikkje.

– Det var so stilt og rart; det var tungt aa tala.

– Ho smaug iseng og sløkte ljuset straks.

Kor lita ho var, berre ein liten kryp. Men so var ho so rik og lukkeleg likevel, kunde mest ikkje tru det var paa jorda ho var. Ho fekk gjera det som ingen kunde. Enno visste ho ikkje korleis det vart, – ho undra seg, so det gjekk kulsingar og hiteflagor igjennom ho. Det ^[131] kunde godt henda det vart aa gjeva livet sitt, dette. Ho skulde so gladeleg ofra det. Det fekk ganga som det vilde.

Det rykte igjennom ho, graaten vilde koma. Men det var daa ingen ting aa graata for.

– Daa ho næste sundagskvelden møtte fram paa venemøtet, lyste det av ho. Det var som ein smil kring munnen, og augo laag og vakta paa ein løynd draum.

Helst vilde ho ha sunge straks, hjarta var so rikt paa song. Men det vart det ikkje høve til. Det steig ein upp og heldt bøn; og sidan var dei fram og vitna etter tur, som vanlegt. Dei bruka daa aa syngja imillom Ho var ikkje fram, – kunde ikkje det – no, fekk det ikkje til. Heller ikkje var det nokon som bad um det, som væl var.

Han var der ikkje; ho visste det, saag ikkje etter heller. Nei, det var det same. Ho visste han var ikkje ute i lag med dei andre. Kjende det paa seg.

Ho reiste seg og steig fram. Det skulde verta godt aa faa syngja no.

Men ho fekk ikkje syngja. Ein kar og tvo gjentor byrja med ein song, – dei sat framved talarstolen med kvar sin gitar. Ho vart standande. Ho hadde so gjerne vilja sunge no. Og det var rart at dei ikkje bad ho ... det gjorde dei daa fyrr. Det var noko ho vart standande og svelgja paa. – Dei song med harde sterke maal og slog tungt paa strengjerne – det gjorde vondt mest. ^[132] Vondt gjorde det og, det han sa etterpaa, han som song. Dei song for *Herren*, sa han, og for han kom det ikkje an paa mælet; all verdsens kunst baud han imot. Og Haagen reiste seg og tala um verden som daarar dei «ubefæstede». Ho sette seg, medan dei saag paa ho, alle mest. Det var noko i halsen, som vilde upp.

Daa det leid um ei stund gjekk ho.

«De'-der ha' 'a retтели godt taa,» sa ho Anne til han Kristian, som sat fortenkt i nærleiken og saag paa tumefingrarne sine.

«Ja–a,» sa han og sukka. – «De' e' greidt nok,» la han til, – «ingen kainn tjene to herrer.» Nei, de' e' just de' æ segj', æ: ingen kainn tjene to herrer. Og no syni de' sæ, kæm ho heill so mæst te. Hainn Beier e' vesst utom her

«– du kain varra sekker.»

Han Kristian svara ikkje noko paa det.

– Han Beier var ikkje utanfor. Fyrst langt uppi vegen møtte ho han; han stod der paa ein krossveg, liksom han venta.

Det krisla igjenom ho: kor vakker han var der han stod – kor einsleg han var Aldri skulde det vonde faa han. Men so for det ei kulsing yver ho: ho hadde eit val. Det la seg yver ho med eit aalvor som ho ikkje hadde visst um. Dernede laag bedehuset med alle deim som var Guds born og hadde himmelen imillom seg; her stod det ein av dei som hørde myrkret til. ^[133] Men det var nok berre tull: ho

gjorde Guds vilje, det var ho viss paa – mest; so vilde dei vel skyna det, dei andre og.

Kom ho no? spurde han

Ja.

Hadde dei kasta ho ut, kanskje?

Nei? – Kasta ho ut, det hadde dei daa slett ikkje.

Han smilte tunglynd, daa han saag kor forundra ho stirde paa han.

So gjekk dei ein lang tur.

Daa dei kom att, – det var seint paa kvelden –, møtte dei ein flokk som kom ifraa bedehuset.

Dagen etter vart ho kalla inn til bruksstyraren.

Han hadde høyrte noko um ho, sa han aalvor leg. Det var ikkje sant – han trudde ikkje det; men likevel: ho visste korleis det var med ein kristen, at han laut vandra varligen.

Ho spurde stilt, kva det var.

Det var det, sa han, at venerne ikkje – liksom – trudde so væl um ho meir.

Ho vart baade kald og bleik. Venerne?

Dei trudde – dei hadde visst høyrte, at ho var – kjend med denne Beier, paa ein maate.

Ja, men Ho saag stort og raadlaust paa han.

Dei sa ho hadde gaatt turar med han. Um natta og.

^[134] Turar Ja, men Men ho visste daa vel han var eit verdsens barn? Ein skøyar, til og med.

Ja? Det var daa derfor.

Han saag paa ho, lenge. Dei milde graa augo la seg som tunge hender paa ho. Trur De at De vinn i den striden daa? sa han endeleg.

Ho lyfte hovudet. Panna lyste kvit og høg imot han yver dei myrke brunerne.

Ja, det trur eg, sa ho fast. – Gud er med meg.

Han sukka. Ja ja. Han skulde tala med venerne um det, sa han tanketyngd.

– – Næste sundagskvelden gjekk ho paa venemøte att. Ho visste han hadde tala med deim, og kjende det paa seg at dei vilde skyna ho og halda av ho som

fyr. Og ho kjende daa ho steig inn, at det var godt aa vera der, i lag med deim.

Han Haagen var fram aa tala. Ho vart so kald ved ordi hans, slik som ho so tidt hadde vorte det i det siste. Ein annan var fram. Det var noko han skulde ha sagt; – men det var berre for dei *sanne* vener i Herren. – Um ikkje dei som i sitt hjarta hadde vendt Gud ryggen, vilde tona reint flagd og ganga ut den stunda? Dei skulde nok bli ihugkomne i bønernes lell; brorkjærleiken var rar soleis, han.

Mest alle vende seg og saag paa ho. Sume ^[135]smilande, sume i sorg. Ho kunde ikkje for det, – det tok til aa rykkja igjenom all hennar kropp, og andlitet drog seg til so rart. At dei ikkje skyna at dei ikkje skyna So kom graaten. – At dei ikkje skyna Dei var ikring ho i tett flokk, med maningsord og trøyst.

Enno var det naadens tid, enno var Gud aa finna. Berre ho vilde segja verda farvæl, og lata denna syndige elsken fara. Ho skulde nok faa sjaa at Herren var den same fra nu og til evig tid; ho skulde faa erfare, at han var i trængsler befunden saare stor. Berre ho vilde, so.

Ho hadde reist seg, stod og leita etter ord.

– Um dei var ei sjæl aa berga ... sa ho laagt.

Dei hørde ikkje og skyna ikkje. Dei visste ikkje kor vondt dei gjorde ho. Verden, verden, sa dei. Dei visste korleis *han* var, til aa forblinda dei vantroes sind.

«Skoill tru de' ja, at dæm kjeinni værden,» sa ho Marja. Ho stod attum dei andre; ho var ikkje sopass haldi som kristen, at ho vaaga seg framtil, endaa ho visste med seg sjølv «Skoill mest tru de', san, at dæm kjeinni værden ja, iser hainn Haagen – hainn som hi slekt leidt kjøtt aa dragast med' .»

Dei slog ring ikring ho, og la seg paa kne og bad. Dei gjekk inn-paa Herren, at han skulde berga ho som ein brand utor elden!

^[136] «Dæm skoill be no'n or' fer sæ sjøl aa,» sa ho Alette, ho sat burti benken sin.

«De' samma segj' æ,» sa ho Hansine, «dæm skoill be no'n or' fer sæ sjøl aa.»

Ho stod midt i krinsen og turka taarorne. Vilde helst ha kome seg burt, men det nytta ikkje. Etterkvart vart ho roleg. Det fekk ganga som det vilde.

«Men – de' tykkji æ no, at de' va te pass aat a' – læll,» sa ho Hansine.

«Ja-a, jøss. Ka' a' skoill koram' her aa gjærra sæ kry ætti?»

Endeleg kom ho seg ut. Ho gjekk og saag ut yver fjellranda. Kveldhimmelen laag so blaa og endelaus der attum, og so djup og rein, og langt, langt derinne stod store stjerner. Dei saag paa ho, slik som dei alltid gjorde, som augo fraa ein annan heim, og ho kjende at ho hadde fred med deim. Ho lydde etter vinddraget i skogen. Det var der. Langt og djupt. Fjorden og hørde ho. Det var ikkje noko som vilde ho vondt.

– – – Ho vart ikkje aa sjaa paa møtom meir, ho Hjørdis hjaa bruksstyraren. Aa nei, det var no visst berre verden med ho daa, som han sa, han Haagen. Ho fór og angla til ho fekk i denne Beier'n der; so var det gjort. Der kunde ein sjaa, sa ho Marja. Nei, tydeleg, ein skulde ikkje tru nokon, det hadde ho røynt. Men det var sant: desse der, som liksom skulde vera likare enn dei andre, – som tok paa ho og umringa ho ^[137]der um kvelden –, det var stygt av deim, tykte ho. Ho skulde umvende han Beier ja; ho hadde sagt det til styraren. Det skulde visst bli svære ting det, – han var den karen; ho kjende det paa det ho sat paa. Det var rart ikkje styraren sa ho upp – han vilde daa vera ein kristen mann, han. Det var helst det han fór og smatt etter, han Haagen, kvar ein kveld; hadde slike lange samtalar med styraren. Ho tykte ho saag han med stivfoten. – Ja, der hadde du det, sa ho Aletta. Han gav seg vel ikkje fyrr han fekk ho jaga. «Æ ska' segj' dokk, de' e' rett inkvart te krestendom aa ja.» Men dei fartalde ho var svært so tangst no, mest ikkje ordet i ho. Aa ja – ho vart vel enno meir ordknap fyr ho hadde hugvendt han Beier.

Det skyna ho sjølv.

Det var ein kvelden ho vaaga det. Ho tok baae henderne hans, kjende ho hadde magt yver han. Han hadde so gladeleg sprunge paa sjøen for ho. Dei stod slik. Han lyfte augo, men slog dei ned att, lyfte dei og slog dei ned att. Du drikk visst ikkje meir no? sa ho.

Nei, no drikk eg ikkje meir.

Du gjer ikkje *noko* meir no – slik som fyrr. Nei. Ikkje no meir.

Visste det, visste det, du. Du kann ikkje.

Nei; eg kan ikkje. Men – – –

Men? – Ho trykte henderne hans og saag stort og blankt paa han.

^[138] Likevel so –

Ho smilte, undrande og glad. Han stod ei stund, liksom det stridde i han.

Eg – er ein – heidning eg, likevel. Ho sa ikkje noko straks, men ho held henderne hans.

Du er no glad i Gud ...

Nei! sa han fast.

Du skal *bli* glad i han, skal du

Aldri. Aldri i verda. – Det er det som er so saart – at du har trudd det heile tida, du.

Men eg vert aldri det, eg.

Nei, nei, sa ho tilsist. Nei nei.

Det er berre deg eg er glad i, eg. Berre deg.

Ja ja.

Ho var bleik, og augnebrunerne drog seg ihop liksom i kvida. Lipporne var kvite, og dei rørde seg liksom ho vilde segja noko, men ikkje hadde magt.

Best at eg gaar, sa han laagt.

Gaar?

Ja; det er gale nok som det er.

Du fær ikkje ganga ... utan eg er med deg, ser du.

Du med Aa nei, nei. Du skulde snu med tid var til. So kom daa *du* i himmelen.

Du, som høyrer til der.

Det var visst graaten ho høyrde i barmen hans. Maalet var turt og veikt, mest som sprukke.

Og du? sa ho.

[139] Eg? – Det kann vera det same med meg.

So er det det same med meg òg! Men eg vil vera med deg, kvar du gaar.

Daa han hadde fylgt ho paa veg og gjekk heimetter, sette han seg beint ned i snøen og storgret. Aa nei, aa nei, nei

– Det var verkeleg rart med bruksstyraren, at han ikkje sa upp den der frøkena som berre for og rende um kveldarne. Han hadde tala um det til han òg, han Haagen, det hadde han, i all kristeleg kjærleik; men det var liksom ikkje aa

faa nokor greida paa han. Det er so rart med det; verden, verden. Ein veit kor han kann forblinda folk.

Og stakars Kristian! var det sume som sa – og stakars dei andre gutarne og, dei hadde nok vore meir glad i ho enn nokon trudde, mange av deim.

Det var no det verste lell, at ho gjekk av og gifte seg med denne heidningen der. *Det* hadde dei no ikkje trutt daa. Men der ser ein: slik gaar det naar ein let verden faa koma inn i hjarta. Ho var reint forherda no, etter som dei sa. Han Haagen hadde tala med ho – det var ikkje stort sætande, for kva rakk det for hans nase? Støtt for han no og smatt og la seg frami, iser var det eit kvinnfolk det galdt. – Ja, det visste dei um, nokon kvar, sa ho Anne. Ho hadde no vore so mykje utsett for den karen, at. ^[140] Ho Petrina trudde, med seg sjølv, at um so var, so var han visst den einaste som hadde plaga ho. Ja, som sagt: det var ikkje agtande kva svar han Haagen fekk. Men bruksstyraren hadde faatt same svaret, han òg, og ho Marja. Ja, ho Marja – det var no so si sak, for gudsfrygta hennar tolde ikkje ho Anne. Men styraren hadde faatt same svaret, han og, det var det. Ho vilde liva ilag med han Beier, same kor det gjekk, hadde ho sagt. So frelste ho han for *dette* livet, hadde ho sagt, – og sidan syrgde ikkje ho.

Det var reint fælt, sa ho Anne; det var so det kunde grøssa i ein.

«De' e' so frøkteli, at ...» sa ho Petrina. «Æ faar rætteli ondt fer breste'.»

Det skulde vara svinagteg til brjostverk ho fekk, tenkte ho Anne. Og ho laut fram med det og, halvvegjes; det var hennar plikt.

«Ikkj' fer de',» sa ho, – «naar 'n ikkj' e' frælst, so kjæm 'n paa samma romme', einten hainn e' liti vær' heill' ber'.»

Men det same sa ho Petrina og, – det var det ho sa so ofte. Paa same romet kjem ein.

For ho Petrina, det beit ikkje noko paa ho. Berre verden, det og.

Fyrste skuledagen

^[141] Det fór ein hauk og sveiv yver gardane uppi lia. Det var lett aa ferdast no i septemberlufta; men det var just ikkje med det beste for aa sjaa, endaa so klaart det var; det var slikt gneistande solskin allstad. Merkjeleg kor snaudt det var for liv, lell. Storfugl fanst det ikkje. Det skulde vera ei orrhøna der ein stad, med dei

ungarne ho hadde att; men det var mest som ho hadde sokke ned. Ikkje fanst det høns heller. Det var einast nedpaa Rønnings-tunet; men der var det so tjukt av smaagut. Kornstauren stod gul burtyver alle aakrarne; men du skulde ikkje tru dei rørde han, i haust, pakket. Han kunde gjerne sjaa burt til Haugen òg, han var fanten den same for den fjordungmila. Men det var sant: dei hadde berre ein gutunge og ein gris der. Det var, um det skulde finnast ei skjor.

Nei. Og so den gut-tassen ...

Guten sat paa steinen utanfor døra og sola seg, men han spratt opp med det same han fekk augo paa hauken, treiv eit grevskaft der laag, og sigta og skaut.

^[142] «Døy!» ropa han.

Hauken skvatt til, svinga so inn yver fjellet og vart burte. – Det var meir som ei von der.

«De' va' lideli kor ho støytt, deinder børssa!» sa guten og tok seg aat oksla.

Det hadde han høyrte faren hadde sagt, sumtid, naar han skaut kraaka med haglbyrsa, – den gildaste idrott han visste.

So sette han seg i sola att. Det var ein rundleitt ein paa ikring 8 aar. Andlitet var freknutt og raudt, haaret eldande gult. Han var berrføtt; broka gjekk berre væl so til knes, og dei tjukke leggjerne var brune og sprukne. Henderne hadde han i broklumma. Det var ingen botn i lummorne, so henderne naadde ihop yver magen.

Burte ved stabburet for grisen og rota. Det var gris det, skulde dei tru. Maken til gris til aa renna, det fanst det ikkje, det torde han segja. Han hadde prøvt han; nytta ikkje;, fritt fortærande! Han rende som ein grahest, og verre og. Tvo gonger hadde han kappsprunge med gutar; ein gong med han Erik nedpaa Vollan, og ein gong med guten paa Rønningen, han Johan;, han sprang sante-meg ifraa deim baae tvo. Det var sant: han datt den gongen han sprang med han Erik, elles hadde han greidt det fint. Men den grisen der, han Tørris – nei, det stoppa daa lell! Aa nei, det var gut, det der. Han hadde vore nedpaa Vollan og sett grisen deira, men ^[143]slik armodsting til gris hadde han aldri set i sitt liv. Føterne var ikkje stort lenger enn paa ein katt, kar, og kroppen var so diger at, akkurat som ein mjølsekk. Dei køyrde vel i han so hundagteg med mat, trudde han; det var helst det. – Det var snurrtig kor lik han Tørris var den han var upkalla etter, han

Tørris Rønningen som han var komen ifraa. Den eine bakfoten var krokutt paa deim baae tvo, og krokutt i ryggen var dei og, baae. Kva var det han for der ikring buret etter, maatru? Det var visst mat – det var han ein forheksande kar etter. Nøff, nøff, det der var ei stikka, det var det ingen smak i. Det der ja – det maa du tyggja paa, Tørris, so bli du feit. Nøff, det var stein, san. Nøff, nøff, san, smaatt um maten san. – Men der tek han haalede kutet, kar!

Gutten spratt opp. No skulde du sjaa paa sprang! Han stod og smaatrødde i takt med grisen som flaug burtyver vollen. Munnen drog seg opp til ein stor breid smil, som rakk fraa eine øyra til det andre. Dei tjukke kinni trutna ut, so dei mest gøynde augo, sumtid; men so stirde han stort paa grisen kvar gong han gjorde eit tverkast eller eit hopp, stirde og heldt anden.

«Haale-de, kar!»

Grisen hoppa beint yver veita òg! Ikkje som *han* hadde sett maken til kar.

Men der – skulde du tydeleg sjaa! Santemeg kom det ikkje ein mann uppyver. Han stod ^[144]ei stund og saag, gløynde grisen. Kven kunde det vera, det der daa? Ikkje var det han Tørris Rønningen, og ikkje var det nokon av deim nedpaa Vollan heller, som var ute og gjekk. – Henderne knepte ihop djupt nedi broklummorne. Det der, det So vende han seg roleg og umtenkt som ein gamall mann, og gjekk inn. Men daa han var komen um nova, sette han i veg i fullt renn, med tvihopp og kast liksom grisen, reiv upp kjøkendøra og ropa: «Mor, mor!»

Ho turka seg under nasen og spurde kva som stod paa no daa. Men ho skyna han og gjekk framaat glaset; det var nok folk som kom, – det var ikkje so sjeldan det for nokon.

«De' – de' – kjæmm nokkon!» stota han. «Ein mainn, kar!»

So var han ute att og kika framum nova.

Ho gjekk etter; glaset var so vondt aa sjaa igjenom.

«Haalede! Skj eggje hass e' svart, kar!»

«Kafernoko?»

Ho kika framum, ho og.

«Framoinn-kar!» sa ho, snytte seg fortenkt i nevarne, turka paa stakken og gjekk inn. Han Anders tok øksa og gav seg til aa skora paa ein vedstrange som

laag der utanfor vedskjølet. Det gjorde han far og, naar det kom nokon, stod ikkje og glaamte i glaset. Men ein rar kar var det no visst, og sjølv veit kor han hørde heime. Men her hogg dei ved, her, og ^[145]eks hadde dei og som sa sju, det skulde han faa sjaa, engelsøks. Hø–øy, san! Hø–øy, san!

– Kom han ikkje snart? Jau, der Santemeg. Hø –øy, san!

«Go'dag!» sa han og lyfte paa hatten.

«Go'dagen, ja!»

Han Anders saag upp, studde seg paa økseskaftet og turka seg yver panna med trøye-erma. Han togg bork og sputta.

«Du e' ut aa falest, du aa ja,» sa han.

Ja, han var daa det.

«Ja, de' vart vêr te di no.»

So sette han øksa i stabben og gjekk inn; han kom ikkje paa nokon ting aa segja. Det der var den raraste kar han hadde set i all si tid. Kol-bikande svart skjegg So gale saag han daa ikkje ut, han Etvart heller, drengen paa Vollan. – Han kom etter inn.

Det var skulemeisteren. Han kom og skulde faa han Nils med paa skulen.

Haale-de! Han kjende ikkje det han sat paa. Det kritla og kraup igjenom all hans kropp. Skulen Det hadde aldri kome for han fyrr, at han laut dit. Han saag paa mora. Ho visste vel inga raad ho heller, no.

«Ja, hainn e' no vel snart i di aarom no, snart,» sa ho.

Kor gamall var han?

«Ja, læt mæ no sjaa, no ...» sa ho og tok seg yver panna og kleip augo att. «Du maa sjaa ^[146]du fe sett. – Hainn e' no vesst snart i di aarom no ja, e' de' aa frekt fer.»

Han var visst 8 aar no? slo skulemeisteren frampaa.

«Ja, det var ikkje umogleg, det, no snart. Læt mæ no sjaa, no,» sa ho og kleip att augo hardt. Visste han kor gamall han var, han Johan ned paa Renningen? Dei kom til same vinteren, dei. Det visste han ikkje, nei. Han reiste seg og saag ut gjenom glaset, saag paa klokka deira og mangt.

Ho bad han sitja. Han maatte endeleg det; for han skulde no ha kaffi.

Ja, han var slett ikkje meint paa aa ganga enno, sa han. Det var um kor

gamall han Anders var, han hadde hug til aa faa den karen i skulen, sa han og log so reint rart.

Guten fekk vondt, greinleg. Han gav seg nok ikkje, den karen der. Det skulde bli leidt nok aa koma ut for han.

Ho skulde straks koma etter alderen hans, sa ho. Visste han kor lenge det var sidan den hausten fesjaaet var nedi bygda? Dei var der med ho Fjellros daa, og so laag dei um natta hjaa han Helmer. Han kunde rekna ifraa saan ein 40 vikor etter den tida, so visste han det, sa ho og log. Og so fortalde ho korleis det hekk ihop.

Det kom an paa um det ikkje stod i presteboka òg? meinte han.

[147] Det var no vel mindre aa venta. Ja ja, han var no i alle fall so gamall at han fekk paa skulen.

Ja – a, han fekk visseleg det, no snart, sa ho. I morgo den dag!

Gutten sokk ihop. So gale det so reint svinagti gale

«So kjem du imorgo, da?»

Han skulde svara ja paa det, men fekk det ikkje til. Det sat ein knute nedi halsen.

«A –ah ...» vart det berre.

– Skulemeisteren gjekk inn paa ein gard og spurde ut kva aar fesjaaet var nedi bygda. Sidan rekna han seg til kor gamall guten var, etter noko han fortalde kona si um kvelden.

Dagen etter kom han Anders Haugen paa skulen.

Det var fyrste gongen han var so langt nedi bygda. Det var uendes langt; den eine svingen hit og den andre dit. Og gardar var det tjukt av; og grindar, – slikt hadde han aldri sett fyrr. Ein stad var det eit hus som var snødrivande kvitt. Det maatte vera kyrkja, trudde han; men mora, som fylgde med ei stykke, sa at det var ikkje det. Mangt aa sjaa, san.

Enn kor brenn-heldig han var, at han hadde faatt nye klæde, og skor hadde han òg, som var brukande. Det var hovudplagg som vanta. Men so tok han kyrkjehatten til faren, – det skilde ikkje stort paa at han var høveleg paa storleik. [148] Kring halsen fekk han eit flunkande nytt, kvitt turklæde. So for *den* skuld, so. Mat hadde han i ein pank. Verst med bøker. Korleis det skulde ganga, det Det

kritla under feterne, meir og meir dess nærmare han kom skulestova. Til sist kjende han dei ikkje under seg. Heime fór han Tørris og sprang, idag som ein annan dag. Den som hadde vore gris! Burtpaa aakrarne stod folk og skar; eller dei tok upp potet. Det stod ikkje paa for deim. Ungar var det og, som gjætte kyr; dei kunde gjerne syngja. Dei hadde nok ikkje bytt med han, um dei hadde faatt baade matpanken og turklædet. Graaten brende nedi halsen. Han Tørris, han Tørris ...

Men daa han hadde sete i skulen ein halvtime, ynskte han slett ikkje han var gris eller gjætar. – Det var rare ting kor dei *kunde*, dei andre, i bøkerne. Ja, dei kunde utan bok og, surna av deim, og det skyna han skulde vera det verste. Og utrulege ting var det aa høyra, det spurdest mangt nytt der, san. Det taarnet dei nemnde – han fekk ikkje retteleg tak i det –, men eit umenneskjeleg stort taarn var det, det hørde han. Det var verre enn det han Johan Rønningen fortalde og, um taarnet paa kyrkja. So bar det ut med heile hopen. Enn det reint var so det krydde med ungar daa. Og slikt leven dei førde. Gutarne for seg, og gjentungarne for seg. Kva det skulde vera godt for med denne ^[149]ringen som gjentungarne staaka med, det maatte dei sjølv vita. Gutungarne tok ryggtak – det hadde han høyrte um fyrr; han tapte som vart liggjande under. Der laag det sante-meg tvo, og ein under ... høyr kar! Der var det tvo som kappsprang – aa jø, – snarast baae tvo, mest.

Nei, berre den eine. Han kuta som ein gris.

«Haale-de!»

Dei stogga midt i leiken og saag paa han.

«Du e' da gut, du ...» sa dei. «Bainnest^[111] paa skula.»

Han vart heit; dei saag so paa han. Kva var det dei vart for, ungarne? Det maatte han sanneleg spyrja um. Men so bar det inn. Du og lell, kor snare dei var, – berre han pikka paa ruta aldri so lite

Det var ikkje fritt for anna enn att dagen tok til aa verta lang. Det var nokre seige timar dei bruka, det var alt han kunde segja. Og berre bokstavar og tal var det. Geispen var so beistagteg lei, og det fekk han vondord for. Men i fristunderne var det groveleg til sjau og styr. Det var so reint meiningslaust, tykte han, alt kva dei kunde finna paa. Men det var rart nok: det var moro òg, kar, same kva dei fann paa. So kom det ein time det var lite grand meir liv i. Det var nokre plator

han fór med, papir berre, men det var teikningar paa deim, fuglar ^[150] og dyr so du kunde tru det var inni ville skogen. Slikt spel hadde han aldri set fyrr. Enn det mest var som det rerde seg!

Han log høgt. Alle ungarne snudde seg imot han, – det var daa gut, det der, han log som han skulde vera ute Læraren smilte og synte han ei ny teikning, ein kjempe-orm, som hadde ringa seg ikring ein antilope. Kva slags dyr trudde han det der var?

«Ei gjeit,» sa han.

Gjeit? Nei, lell?

«Nei, bokk skuil' æ segj'.»

Dei log, ungarne, – det var dei so forheksa til.

Men enn den styggedomen der daa? Han peika paa ormen.

«Mark.»

«He?»

«De' e' mark, høyre du.»

Dei huka seg ihop og log rundt ikring han.

Dei log visst aat alt ihop, dei der. – Men *der* du, *der* du! Han gløynde alt anna, tøygde seg iveret og log. Det dyret der – – –

«Haale-de kar, sjaa grisen!»

Det vart drypande stilt i stova, og han visste ikkje ordet av, fyrr skulemeisteren stod yver han og tvistarra paa han.

«Ka' de' va' du sa? He?»

Han skulde svara, men vart berre sitjande og svelgja – det var visst noko retteleg gale no.

^[151] «Gerri-gerri-grisen» stota han og peika paa teikninga. Det var eit villsvin.

«Va' de' grisen, segj' du? Som banna?»

«A-ah.»

Læraren stod raadvill ei stund. So vende han seg imot dei andre og spurde seint og aalvorleg, um dei ikkje høyrde det, dei?

Jau, jau; alle saman hadde høyrte det. Haalede, sa han.

Kanskje han ikkje hørde det sjølv, naar han banna?

«Næ-i.»

So stod læraren enno ei stund og tenkte.

So spurde han um han kanskje ikkje visste kva det var heller, aa banna?

«Næi, va' de' lekt sæ!»

So fekk han som ei slags greida paa det. Mangt og ... tenkte han. Santemeg var det det. Og so bar det ut att. Han var glad for at han slapp so lett ifraa den lorten der. Han rauk beint i bringa paa ein gut, – slik som dei gjorde. Slikt stell! – han visste ikkje ordet av fyrr han laag der.

«Vill du slaass?» murra han som laag uppaa.

«Ja væll, du Babbels taarn!» log han. «Tvi fastan', gut!»

Med det same fekk han ein under øyra. Daa vart han sinna. Slik ein utange! Han var paa føterne i same blinken, treiv ei vedskia og gav fiendsmannen yver nakken so han stupte, – den ^[152]tosken der! Men so var det fullt av dei ikring han; dei spende og slog og vilde han til livs. Aa, men han skulde tyna dei, tyna ihel dei

«Æ – æ – drep dokk!» skreik han, graattjukk i mælet.

Dei erta og slog. Han tok ein stein. «Bæske-rot, æ drep dokk! Haale-de!»

Og han sende steinen beint i synet paa ein av deim.

«Der kjæm 'n, skulin!» ropa dei og sprang inn. «Be're dæ, gut, no fe du da»

Han sansa seg. Aa jau, no so Han saag etter eit gøymslerom, men kom ikkje av flekken. Han smaatrødde, fort, fort. – Aa jau, aa jau – aa jau, san! Han tumla inn i vedskjolet, saag oppetter veggjerne. Der stod det santemeg, santemeg eit namn uppaa ... dei hadde havt blaa blyant, blaa blyant. Kongroa oppunder taket, ho sat i veven sin, ho. – Aa jau, aa jau, san, no so

Døra vart rivi upp. Han seig ned burti ei kraa, med henderne for andlitet.

«So, de' e' du, de' denne ja ...» sa skulemeisteren; han var so sein og aalvorsam.

«Nei! De' e' ikkj' æ, de' henne, – de' e' ikkj' æ, de' henne!» sa han og rette henderne fram for seg.

– Han var fortenkt, daa han gjekk heimyver. Han gjek og tala med seg sjølv,

heile vegen oppgjenom lierne.

[153] Det var daa det raraste slags folk *han* hadde vore i lag med. Det maatte han segja. Ingen ting tolde dei; ikkje det grand heller. Men so vart det ikkje so dei gjorde noko heller, just. At han ikkje fekk stor-juling i vedskjolet Og det nytta vist ingen ting imot deim, var han rædd; det var so utriveleg fullt av deim.

Men no skulde han koma heim aat han Tørris. Dei sprang ikkje ifraa den karen, ikkje. Det skulde han vaaga paa.

Midt i folkvegen

[154] «Km, km! Marja, Marja ...» sa han Magnus, daa dottera kom med køyreuksen for døra, «Du – km, km – høyri ikkj' mykkji ætte 'n far din, ikkj'.»

Ho masa med uksen og svara ikkje, – det var ein utange til ukse, aldri kunde han standa i ro. He! he! Skulde ein ha set so gale. Men standa skulde han, so visst som ho heitte Marja! Ho gjorde taumarne fast i ytterdøra. No daa – trudde ho. Og so fann ho fram storkjelken, det stod eit vedlass paa sleden; storkjelken var just rette karen til aa køyra eit deigtraug paa. Der stod kallen burti døra og murra Det var hjelpa. Ho skulde no ikkje standa i beit for det; køyrast skulde det, trauget, det skulde ho vera mann for. Men den der forargelses uksen, som aldri vilde standa i ro! No kom han tydeleg *attende* Ho skulde ha ei raad for det; ho tok sopelimen.

«Vil du varra folk, dett asen!»

Han Magnus stod i døra og saag paa. Den lange ryggen var bøygd attyver, og hovudet med; [155] dei stutte feterne krøkte fram i knei. Han kneip att augo og saag paa gjennom augnehaari.

Ho Marja skulde fram i grannegarden og baka kaka; det gjekk so svint i desse bakaromnarne. No var det berre yver kleiva, og han hadde bode seg til aa draga kjelken for ho; men ho sa stopp. Ho skulde køyra. Det nytta ingen ting imot den tytta. Det var *gemytt* i ho ... –

Endeleg hadde ho faatt bunde kjelken i skjækerne og hadde reipa trauget paa. So bar det i veg. Hyp, gamlingen!

«Km, km! Forsegti no, Marja – forsegti!» formana han.

«Pøh!» bles ho, og hala i stakken.

Det var ei storvaksi gjenta med eit breidt, raudleitt andlit og svart haar. Ho drog iveg med lange karslege steg og vogga med akslerne; ho sette skorne med hælringarne tungt og sterkt i snøen. Uksen var ein ovstor, beinberr slaure, skiten og bustutt; hovudet stort og kroknasa; horni som armar ut i veret.

Stongvika ligg utmed sjøen ei halv fjordungmil ifraa Osen, innklemd millom fjøra og bratte, svarte steinurder. Lenger utmed ligg Brenna, ytste garden paa øya. Ein smal gangstig bukta seg framum Stongvika og kraup yver kleiva til Osen, i tolmodsame krokmar og sving millom storstein og bratte knausar. Han la ikkje i veg so stort, han visste det gjekk ikkje paa den maaten.

Han laut ganga etter, han Magnus. Kunde ^[156]aldri tru det gjekk væl, det der. Naar ikkje borni lystra foreldri, so skulde det ikkje ganga deira for væl, det visste han; dei skulde ikkje bli gamle i landet just. Ho kom til aa fara ei uferd, anten i dag eller ein annan dag; kjende det paa seg. Og so midt i folkvegen og. Det vart noko til skamm. – Men det var gemytt i ho, det var det.

Uksen gjekk og sagga hit og dit yver veggen og saag ikring seg. Ho Marja dreiv paa han med taumbukta og munnen. Uppi kleiva var det berre sume stader. Ho trødde traust paa berget med hælringarne og heldt i deigtrauget med den eine handa. Uppaa det høgste stana uksen og saag utyver gardarne paa den andre sida, – dei var so sjeldan paa den kanten. Det var ikkje aa rikka han av flekken. Men so tok han til aa rista paa hovudet. Ho gav han av taumbukta, – han kunde vera folk, tykte ho –, og spurde um han ikkje hadde set Osagardarne fyrr. Best som det er, slær han upp bak, skyt ryggen i vêret og renner nedyver. Gjenta heng i taumarne og skal stogga han, set feterne imot tuvor og stein og tek sprengtak. Det gjer ingen mun, han tvirenner so snøen spruter. Der fyk ho yver ende og sopar etter som ei filla. Ho skrik, at han skal staa, staa med seg! ho illskrik ... uksen berre renner som han er galen. Kjelken velter, deigtrauget sleng hit og dit millom byskje og stein. – Det inderlege forargelses asen og svin til ukse!

^[157]Ho vart liggjande som daud ei stund. So reiser ho seg og ser seg ikring. – Deigen heile Sjaa kaka Der stend uksen nedmed fjøset hans Kal og dreg vêr utgjenom gluggen. Ho ser paa stakken. Sund, sund. Trøya og. Ho er mest paa graaten, men so set ho i aa læ att: det vart blod paa fingeren, naar ho tok seg bak; hadde rive seg sund.

«Dækels oksinn!»

Kallen hadde staatt uppaa kleiva og sett paa. Han stakk handa innpaa barmen og bøygde seg attyver, kneip ihop augo og saag paa gjennom augehaari. Slik ja ... km, km! just nettupp. «Hædre din fader,» stod det i boka i hans ungdom. Dei var ikkje for katten, dei ordi. «At det kan gaa dig vel,» stod det Jaha. Verst for deigen. Han kom til aa tenkja paa all den gilde kaka det hadde vorte, slik halvfin-kaka at det var storvegjes og han sette i med alt sitt maal, med det same gjenta steig upp: «No føri du dæ heim aa baka poteteskak', di for – km, km – dømte svinmær!» Fyrst skulde ho no tala litegrand med uksen, meinte ho Marja.

Han Magnus gjekk heim, fortenkt yver ungdomen no for tida. Nedi kleiva møtte han 'n Ola Brenna, han Ola i boksa, dei kalla.

«Km, km – no vart det kak' i Stongvika, de' gjord' de' ...» sa han og stirde stivt framfor seg. vegen burtetter. Ho maa læ og, beint fram:

[158] «Kainskji de'?» drog han Ola paa det og vart reint handfallen.

Han fekk vita korleis det hadde gaatt til. «Nei – no ska'n – værkeli høyr» «Km, km! Hædre din fader --» sa han Magnus og riste paa hovudet.

«Ja-a; du kainn so segj', du.»

«Km – aassaa skamma! Medt i folkvegj'n ...»

«Ja-a; du kainn so segj', du.»

«Km, aassaa, km, km – kaka!»

«Ja, kaka, kaka. Hainn ska' no rætt værkeli høyr mangt aa.»

Han Ola snudde og fylgde med. Det var noko han gjekk og brann med.

«Go'ver, no om dagan ...» sa han

«Taa de – finast som fins.»

«Km, km, de' gjer sæ sjøl.»

No høvde det for han Ola, aa koma fram med ærenda si. – Det var det, at ho Pernilla vart so skammeleg klein her igaar.

Km, km! Han Magnus skyna. Dokterskyts.

No hadde han gaatt i sekken. Slik var det aa sitja midt i folkvegen. Trøysamt nok, men folk, folk rundt ikring. Noko var det støtt.

– Ho maatte paa sjukehuset i denne dag, dirækte.

– Skulde det ikkje greida seg med aa henta dokteren?

«Komman' veig inover te byn no, – fer dæra som vil.»

[159] – Umogleg. Dokteren hadde vore der. Det vart aaberasjon, det.

«Km, km!» kremta han Magnus.

Han hadde vore ute for mang ein sjau, baade presteskyts og dokterskyts og etter jordmor og slikt; no skulde du sanneleg sjaa han laut innyver fjorden og. So langt hadde han daa ikkje vore fyrr, so nær som ein gong i ungdomen; daa var han heilt i byen. Det var hunden til stell. Han lova aa vera med. Ein fekk ikkje sjaa paa si eiga vælferd, alltid, sa han.

– – – Verst, dei kom dit paa nattens tid. Verre og, naar det var til slike storfolk. Han Ola gjekk fyrst upp ifraa baaten, og skulde heyra; men han kom snart att: døra var daa verkeleg stengd.

– Km, km! stengd? Døra? Adskillig rart skulde ein høyra.

– Ja, det forstod seg. Ho var stengd, det var ho.

Han Magnus gjekk upp, og han Ola i hælarnne paa han, kunde ikkje forstaa det der. Forgale til stort hus, tykte han. Tri dører Det var storvegjes. Og stengde alle tri. Adskillig rart «Fara aat no?» sa han Ola, endaa lenger i mælet enn vanleg.

«Km, km! Ska' vel bli ei raa'!» Dei gjekk att og fram yver tunet, og sumtid ned til baaten, der kona laag og hukra og fraus. «Ska' vel bli ei raa',» trudde han Magnus.

[160] Han Ola kom etter, at han hadde høyrte dei bruka ei klokka naar dei vilde inn. Han hadde verkeleg høyrte det. Men kva slags klokka – nei, det maatte han segja som sant var um, at det –

– Det maatta vera den der, det, sa han Magnus og peika paa matklokka paa stabbursrøystet.

«Ja –a, ho vækt dem vesst Dem som bærre koinn aa bruk' a.»

«Km, km, gruv ikkj' fer de', Ola!» trøysta han Magnus og steig burtyver tunet.

Han Ola fylgde han i hælarnne, og stod og saag paa, medan han løyste toget.

– Jøss for eit maal. Det var ei som let, det. Verkeleg bra han kom paa det der «Km, km, – bra vi fekk 'a laus aa, Ola.»

«Ja –a, du kainn so segj'.»

Straks etter vart eine yterdøra rivi upp, og mannen sjølv kom ut i berre underklædi.

«Hvad i al verden er det?» ropa han. «Er det brand?»

«Er det brand?» ropa eit grant kvinnemaal attum han, og eit bleikt andlit kika ut. Eit loftsglas kom upp, og so eit til, og det spurde derifraa og, med same rædde maal, kva i all verden det var, og um det var brann. Hann Magnus gjekk fram og helsa.

«Km, km, go' natt, dokter!» sa han. «Hainn kjeinni mæ vel ikkj' att, kainskji?»

«Er det – brænder det?» skreik dokteren.

[161] «Km, km! Skoill hit me' ei klein ei,» svara han roleg.

– Det var rart med slike storfolk, sa han Magnus, daa dei rodde heim. Dei var so blaanøgje paa smaating.

«Ja –a, mæst so dæm e' nøigje, ja,» sa han Ola.

«Km, km – dæm skremi ikkj' mæ ikkj',» sa han Magnus.

«Næi, værkeli', de»

Men slik var det aa sitja midt i folkvegen.

Trivelegt nok; men folk rundt ikring, og allslags fark vart ein narra ut i.

– Det sette til med vestanvêr og regn ei stund. Det vart smaatt med føret, berre snøvatn. Gale nok for deim som hadde lang veg aa ferdast. For deim i Stongvika var det inga sak; dei hadde ikkje lenger stubben fram til Osen.

– Det var godt med det, naar det var slik med føret: ein fekk daa fred, liksom; det for daa ikkje folk *støtt*.

Han Magnus sat inne og la band paa nokre byttor, – ein fekk noko taka seg til med. Ho Tale, kona, stod utum døra og gjorde rein storkjelen, han var ikkje retteleg goddæmd lenger. Daa ho skulde sjaa upp, kom det verkeleg folk nedgjenom kleiva. Det gjorde det ja; tvo karar. I dette føret – og no um kvelden det skyna ho ikkje. Ho gjekk inn; ho skyna slett ikkje det der.

[162] «De' kjæm folk ...» sa ho. «Ne'gjenom kløyva.»

«Folk ja Km, km, hi læng' veinta de'.» «E' de' nokko me' skatt'n? De' e' -

vesst øvriheit.»

«Km, km – nei, de' stoppa aat dæm! Men folk, folk»

Dei kom inn. Det var han Iver Osen, den eine. Den andre var ein framandkar.

– Dei maatte sjaa etter um dei fekk sitja, kremta han Magnus og saag upp.

Framandkaren kom og tok han i handa. Det – skyna han mindre.

«Km, km – tør æ spør: koles mainn e' de som e' ut aa fer?»

Det var daa presten – saag han ikkje det? «Km, km! Rigti, rigti. Mæn – kor kjæm so deinn mainn ifraa?»

I fraa kyrkja.

«Km, km, km! E' de' saan dag idag da, maa æ spør?»

Ja, kjære, det var daa sundag.

Han Magnus la ifraa seg arbeidet. Presten sette seg. Det var ein godsleg mann, han sat berre og smilte og saag ikring seg.

– Det var det han vilde: føret var so slemt innerter til Nesset, han kom ikkje fram, og so laut han taka skyts yver fjorden herifraa; det var, um han Magnus vilde vera med og skytsa?

^[163] «Kainn ikkj' svara so braatt paa de', pastor!» sa han. «Km, km, hi nyst vørri ut aa skyssa.» Daa ho Tale kom inn, vart han sitjande og stira paa ho. Det var noko i minnet hans, som tok til aa røra paa seg. Han spurde um namnet, og fall i tankar. Det steig ei ung og glad gjenta fram for han, raudleitt og sterk; han hugsa eit rikt svart haar, saag for seg ein munn med snøkvite tenner. Her gjekk det ei gamall, tjukk kona, med eit breidt, rukkut andlit; munnen tonnlaus, augo innfallne og utan glans, haaret graatt og tunt. Denne kvinna hadde eingong havt fyrste romet i hans hjarta. Han gjekk i glade draumar med sin løynlege elskhug, so lenge ho smilte til han og gav han von; han sat og gret og ynskte livet av seg, daa ho vart burte og den siste vona var sløkt. Mor hans hadde faatt ho gift med ein gardgut utmed sjøen ein stad; ho var berre kjøkentaus. – Men *var* panna so laag ... og nasan so breid?

«Ja–a, km, km! de' e' ei grom kjærring æ hi,» sa han Magnus, han saag presten stirde so paa ho. De' va' mang' som vil ha ho-der, da a va ong.

Presten spurde korleis det stod til i huset. «Æ hi saant – km, km – forgæli te ryggflaug.»

– Aa ja, meinte presten, – noko skulde ein no ha, her i livet.

[164] «Km, km! Deinn Herren ælsker deinn revser hainn!»

Ja, det var sanne ord; det. Men enn kona, korleis hadde *ho* det?

– Aa – det gjekk no ein dag um senn daa, sukka ho og strauk yver bordplata. Naar ein fekk ha helsa so. Gigta kunde vera slem. Og tonnverken. Og so var det ikkje fritt for anna, enn at ho hadde vattersott; hadde lege til sengs og, fyrr.

– Det var mange plaagor det, tykte presten.

Ho hadde nok ikkje for gilde dagar.

«Km, km, km!» kremta han Magnus. «Deinn ugudelige har mange plager.»

– Enden vart den, at han skulde vera med og skytsa. Naar ein sat slik midt i folk-stroket, so fekk ein flnna seg i det. Det var no trøysamt aa sjaa eit menneskje og, av og til.

Han Iver Osen undra seg paa, um det var noko i det der at verda skulde ganga under no i paaskehelga? Han hadde verkeleg lese um det, i bladi. Dimleby heitte han som hadde funne ut det, – det var ein fæling til aa rekna, det, so det saag spøkje ut.

Presten log. Ingen kunde vita. Det kunde snart ramla ja, heile stellet. Men ingen visste um det.

– Ja – ikkje det?

– Nei. Men ein gjorde nok rettast i aa vera budd. So kunde det ganga som det vilde.

[165] Han Iver vart aalvorleg. «De' bli ei frøkteli paaskhælg da ...»

Presten spurde kva han Magnus meinte um det der.

«Km, km! Gruv ikkj, præst! Ho staar vel, gamla.»

Trudde han det, han?

«Ho hi no staatt ein vêrdag før. Naar a' ikkj' gjekk iveig her de' aare før, – da syinnfloa va' ...»

Mintest han det, han kanskje?

– Han for sin part var ute i kongens-tenesta, han; men far hans tala um det. Det var ruskutt til vêrdag; det var ikkje aa sjaa himmelen for røyk. Km, km – men ho stod, gamla.

Presten log og skjenkte ein «roar-dramm».

«Takk aa ær' du! Men – km, km! – præsten skoill ikkj' trakter bort de'n hi.»

Presten log att, og nøydde dei til aa drikk ut. Han Magnus fekk vatn i augo. Han tøygde seg fram og tok forundra i halsbindet til presten. «Menn kainn du li' saan bind'?» – «For kmkm – barka, æ li' dæm ikkj'.»

Presten spurde, um han var med og skytsa ofte. Det for visst ikkje folk der framum kvar dag, trudde han.

Han Magnus rette upp den lange ryggen sin.

Han bøygde hovudet attyver, kneip augo ihop og saag paa presten gjennom augehaari.

«Km, km, km! De' e' her folkje fer, ska' ^[166]æ fortæl præsten. Stongvika ligg medt i folkvei'n.»

– – – Sidan vart han tidt forarga, han Magnus, naar han tenkte paa kor lite dei skyna, folk. Som presten. Maatte daa vel sjaa, at det var der folket fór. Kona hadde forarga han med det der so mang ein gong, fyrr. No tagde *ho*. Men dei andre Ja, dei fekk tru som dei vilde. Han visste no kvar Stongvika laag.

Noter:

[n1](#). *Forfatternote*: bi det no = vert det no.

[n2](#). *Forfatternote*: tiuren.

[n3](#). *Forfatternote*: foro ɔ: fura, (riksm. furutræ)

[n4](#). *Forfatternote*: fark ɔ: fant.

[n5](#). *Forfatternote*: si = sid, her: overhendig.

[n6](#). *Forfatternote*: sekstring ɔ: seksæring.

[n7](#). *Forfatternote*: klar ɔ: trøytt

[n8](#). *Forfatternote*: nettupp ɔ: snaudt.

[n9](#). *Forfatternote*: saalbot ɔ: umannsling, stakarsting.

[n10](#). *Forfatternote*: «legg' sæ fer»: leggja seg paa latsida.

[n11](#). *Forfatternote*: «bainnest» ɔ: bannar.

Olav Duuns *Lølege skruvar og anna folk* er lastet ned gratis fra bokselskap.no